

Skrifter om Ivar Aasen



Teikning av Bjarne Restan, *Arbeidermagasinet* 25. november 1939. Foto: Prøysen-huset.

Ivar Aasen i stort og smått



Ludvig Eikaas' portrett ti Ivar Aasen-året 1996. Eigar og foto: Nynorsk kutursentrum / Ivar Aasen-tunet.

SETNINGA STÅR på side 208. Orda er så få at dei er lette å oversjå, nett slik skrivaren av orda overser emnet sitt. 1200 år norsk historie skulle inn på 576 store, tette sider, så det gjaldt å skunde seg. Det står skrive på side 208 i *Grunnbok i Norges historie fra vikingtid til våre dager*, utgitt i Språkåret 2013:

Ivar Aasens arbeid med å skape et nytt norsk skriftspråk med grunnlag i dialektene ble til å begynne med møtt med velvilje i akademiske miljøer.

Meir var ikkje å seie om Aasen der og då.

Det var det heller ikkje på side 188 i den første utgåva av boka i 1991. Skulle ein først samle Aasens liv og verk og historiske rolle éi setning, var der mange andre ord å velje mellom med ein heilt annan historisk presisjon enn denne.

Litt seinare, på side 266 i 2013, kjem tre avsnitt om det som følgde med Ivar Aasen. «Hver gang målfolket ville ha obligatorisk opplæring i nynorsk i nye skoleslag, brøt rabalderet løs.» Nokre linjer seinare går Bjørnstjerne Bjørnson «i spissen for å danne Norsk Rigsmaalsforening (1899), siden den gang en aldri sovende vakthund i språksaken».

Slik skriv Edgar Hovland i ei innføringsbok for studentar i norsk historie. Den eine sida er på vakt, den andre lagar bråk. Noko føredøme for balansert historieskriving er ikkje dette. I ein bibliografi er den korte setninga på side 208 for liten til å kome med, men utsegna er for stor til å ignorerast. Den knappe og fagleg lite treffande omtalen røper ein historie-tradisjon der kulturhistorie står svakare enn før, og der forståinga av kulturelle prosessar iallfall mistar sin posisjon når framstillinga nærmar seg samtida. Same korleis ein bibliografi blir til, vil det alltid finnast slike tekstfragment som kan vere vel så pregnante som ein del av dei registrerte innførslane.

DENNE DELEN AV BIBLIOGRAFIEN dokumenterer 1952 tekstar om Ivar Aasen. Av dei skriv 329 seg frå dei første 50 åra fram til han døyddde i 1896. Det er

nær to av ti innførslar. Frå 1897 til 2013 er det registrert 1623 tekstar. Av 86 songar om Aasen blei 20 skrivne medan han levde, 66 etterpå.

Dokumentasjonen av Ivar Aasens publiserte skrifter tek til med den litterære debuten hans i 1833. Åtte år seinare stod den første offentlege omtalen av Ivar Aasen på prent, og den teksten frå Bergens Stiftstidende opnar denne bibliografien.

Det har nok sitt å seie at digitale hjelpemiddel har gjort det lettare å finne relevante innførslar frå seinare tiår, slik at materialet blir noko skeivt i tid.

Berre for 1896 er der minst 79 omtalar. Det gir dekning for spissformuleringa i *Historia om Ivar Aasen* om at han fekk eit nytt liv den dagen han døydde.¹ Dødsdagen var gjennombrøtet, sett med vår tids mediebriller.

Det er jubilea og markeringane som utløyser mest omtale. Bibliografien inneheld vel 760 innførslar frå eit av dei store minne- eller jubileumsåra. Det vil seie at fire av ti innførslar har med jubileum eller markeringar på gjere.

Tabell 6
Omtalar etter jubileumsår

1893	22
1896	79
1913	93
1946	26
1950	38
1963	62
1996	236
2013	208
Sum	764

Unntaka er 125-årsjubileet i 1938 og 175-årsjubileet i 1988, med kvar sine ni innførslar. Likevel er det openbert at jubileum skaper merksam og gir meir omtale. Idar Handagard gav ut den vesle biografien *Ivar Aasen* i ny utgåve til 60-årsminnet for Ivar Aasens død i 1956, men det minneåret gjorde få noko ut av.

Bibliografien avdekkjer eit skjult mønster. Dei store jubilea i 1913 og 1963 var godt kjende då Ivar Aasen-året 1996 blei planlagt frå 1993. Ingen

¹ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 337.

var den gongen merksame på at også dødsåret var blitt markert før. Ved 50-årsminnet i 1946 blei det gjennomført ei rekkje arrangement og minnestunder.

To år som skil seg ut med stor aktivitet, er 1976 og 1997. Sistnemnde var ei vidareføring av det som skjedde i Aasen-året og heng difor saman med det som då blei gjort. 1976 var året for den store debatten om Ivar Aasen og kvinnene hans. Den blei utløyst av ei utsegn frå André Bjerke i «På sparket» i NRK TV 18. mars 1976. Emnet var banning og bannord: «Ivar Aasen kjente dem nok. Han var en flittig gjest på horehusene i Oslo. Det er et velkjent litteraturhistorisk faktum.»² Det var ikkje meir velkjent enn at ein lengre debatt med 33 innlegg måtte til våren 1976. Utsegna frå Bjerke blei lesen like mykje språkpolitisk som kulturhistorisk.³ Til no er dette framleis det einaste større ordsiftet om Ivar Aasen.

Over halvparten av innførslane – nær 1000 – er frå 1964 eller seinare. Det vitnar om at fleire tok meir utdanning i dette tidsrommet, og at fleire fekk høve til å ytre seg om Ivar Aasen. Særleg frå slutten av 1900-talet blei det tenkt og skrive mykje nytt om Ivar Aasen. Denne nytenkinga bygde samstundes på det som hadde vore den nynorske posisjonen alt i 1896: Ivar Aasen var ingen romantikar.

Han dikta ikkje blomar, men samla dei i røynda.

Jubilea var meir om enn av Aasen. I dette ligg også at tradering slett ikkje berre gjeld munnleg overføring. Når skriftene om ein person dominerer så mykje over skriftene av den same personen, vitnar det om at ein stør seg til det andre har skrive.

Dette gjer at dei fleste tekstane er reproduksjonar, ikkje originalar, men også i reproduksjonar kan der vere små tyngdeforskyvningar, tilleggs-moment, omskrivingar som viser glimt av noko meir. Berre dei tidlege tekstane er skrivne i ei form for vitskapleg uskuld, der den som skriv, må stole på eiga vurderingsevne.

² Sitert etter Sigmund Skard: «André Bjerke og gravfreden», *Aftenposten* 1.4.1976.

³ Stephen J. Walton har gått grundig gjennom ordsiftet i *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 179–191, jf. også Kjell Venås: *Då tida var fullkommen*, Oslo 1996, s. 592 ff. Stephen Walton siterer også frå eit brev som Johan Vogt skreiv til Knut E. Steffens 21.10.1987: «Jeg bodde på hybel hos Carl Nærup i årene 1927–1930. Det var en gang han fortalte meg at Ivar Aasen var lei sig at ingen av jentene ville ha ham hos sig hele natten» (Stephen J. Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 185).

Difor er i røynda all skriving av litteraturhistorie også ei resepsjons-historie. Det andre har tolka, tenkt og skrive før, påverkar den neste som skal skrive. Dette inneber at bibliografi og resepsjon er to former for same sak, særleg viss bibliografien ikkje blir avgrensa til det bokhistoriske.

Ein bibliografi skriven i det vide perspektivet, kan vere med og klargjere kva verdi ulike kjelder har i ein skriftkultur der boka er berre eitt av mange medium. Bibliografi, skriv bibliografiforskaren D.F. McKenzie i Oxford, «er den fagdisiplinen som studerer tekstar som dokumenterte former, og prosessane med å overføre desse, medrekna produksjonen og resepsjonen».⁴

Eit slikt syn på bibliografi byggjer bru mellom traderinga i munnlege kulturar og resepsjonen i skriftkulturar. Kor påliteleg ei kjelde er, og kva verdi den har, blir klarare di meir omfattande ein bibliografi er.

EIN BIBLIOGRAFI DOKUMENTERER og kan endre forkinga. Når eit materiale er meir eller mindre utførleg samla bibliografisk, forpliktar det vitskapen – så sant bibliografien er påliteleg og fagleg representativ. Dokumentasjonen gir raskt eit første oversyn over relevante kjelder for vidare systematisk leiting.

Stortingsdokument er dei offentlege skriftene som både formelt og reelt kan ha mest å seie. I denne bibliografien er storting og regjering inne åtte gonger frå 1851 til 1874.⁵

Stortinget gjorde 21. juli 1851 slikt samrøystes vedtak: «Til Fortsættelse af Ivar Aasens Forskninger, vedkommende det nroske Folkesprog, bevilges 300 Spd.»⁶ Grunnlaget var ei grundig framstilling i ein proposisjon som regjeringa hadde lagt fram 10. desember 1850.⁷ Den historia er fortald før sett frå Aasens side.⁸ Dei åtte rundane i Stortinget gir fleire poeng.

⁴ D.F. McKenzie: *Bibliography and the Sociology of Texts*, Cambridge 1999, s. 12.

⁵ Til Grunnlovsjubileet i 2014 digitaliserte Stortinget alle stortingsdokument frå og med 1814. Det opnar for heilt nye innsyn i politiske prosessar av di ein både lett kan finne det som er kjent og lettare kan finne det ukjende. Dei aktuelle dokumenta om Ivar Aasen er registrerte etter søk på *Stortinget.no*, lesedato 8.6.2014.

⁶ *Indstilling* 56 frå Kirkekommitteen (!), s. 292, datert 19.6.1851, og *Forhandlings-Protocoller* 1851, s. 65.

⁷ *Kongelig Proposition No. 11*, s. 83–85.

⁸ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 113 ff.

Ein kan sjå korleis skrivaren har tenkt og ombestemt seg. I 1850 arbeidde Kirkedepartementet med eit brev til Vitskapsselskapet om stipend til Ivar Aasen. Kladden viser at departementet arbeidde grundig med teksten. Då saka blei lagd fram for Stortinget hausten same året, var lite endra i saksframstillinga, departementet hadde tenkt grundig og så bestemt seg.⁹

Spørsmålet om å løyve offentlege midlar til det arbeidet Ivar Aasen skulle utføre, gjorde at Stortinget alt i 1851 måtte ta stilling til kor viktig saka var. Ikkje sidan grunnlovsendinga i november 1814 med eit tillegg om «det Norske Sprog» hadde språk vore ei stortingssak. Først mange år seinare drøfta Stortinget språkspørsmålet på ny, då knytt til opplæring i skulen. Odelstinget gjorde i 1860 gamalnorsk til valfag i gymnaset, men kongen nekta å sanksjonere vedtaket, så Odelstinget gjorde nytt vedtak i 1869. Våren 1874 fall eit forslag om at lærarskulane skulle gi opplæring også i landsmål, men fire år seinare bad Stortinget om at «Undervisningen i Almueskolen bør saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talemaal».

Med 43 mot 34 røyster stengde Stortinget 20. mai 1874 døra for landsmålet i lærarskulane – til så lenge. Tre dagar etter innstilte Kirkekomiteen samrøystes på å auke stipendet til Ivar Aasen med 100 spesidalar, og 2. juni 1874 vedtok Stortinget mot fire røyster å auke det med 200 spesidalar. Spørsmålet var ikkje om Aasen skulle få stipend eller ikkje, men kor mykje det brude aukast. Otto Joachim Løvenskiold meinte at *Norsk Ordbog* frå året før «vilde overlæve Maalstrævet længe». Statsminister Johan Sverdrup var meir sikker på at «den vilde overleve alle Maalstrævets Modstandere».¹⁰

I 1851 vedtok Stortinget stipend til Ivar Aasen utan at nokon tok ordet. Berre i 1863 og 1874 var der små ordskifte. I 1863 kom saka opp to månader før Aasen gav ut *Symra*. Ein representant undra seg over at A.O. Vinje skulle ha reist utanlands for offentlege midlar.¹¹ Vinje hadde vore i England og Skottland sidan sommaren 1862, og han hadde fått eit tilleggssipend frå Vitskapsselskapet i Trondheim som han brukte til dette. Undringa fall, og att stod Søren Jaabæk som meinte at no hadde staten ytt nok.

⁹ Kari Bøe i foredrag på Høgskulen i Volda 17.6.2016.

¹⁰ *Storthingstidende* 2.6.1874, s. 913.

¹¹ *Storthingstidende* 8.4.1863, s. 517 f.

Motstanden hans var meir enn statsøkonomisk – han frykta at arbeidet til Iver Aasen kunne dele Noreg språkleg. Aasen fekk stipendiet, mot ei røyst.

I denne saka gjekk Stortinget føre. Det første vedtaket gjorde dei folkevalde året før den første større striden om språk hausten 1852. Proposisjonar og innstillingar var prega av djup respekt for det Ivar Aasen hadde utretta.¹² Då som no hadde Stortinget sans for autoritetar. I 1850 la regjeringa stor vekt på det Vitskapsselskapet og professor P.A. Munch hadde skrive om Aasen. Tilliten var grenselaus – det einaste regjeringa ville be om, var årlege meldingar om arbeidet. Elles skulle han strå fritt. Også skamkjensla kom til orde. I 1874 framheva Peter Jensen at Aasen «hadde ikke engang været istand til at skaffe sig et passende Lokale, uden sin Bogsamling havde han for en Del maatte have staaende i Kasser».¹³ Det enda med at Aasen no fekk ein fast sum, og saka kom difor ikkje attende til dei folkevalde.

Med Aasen dreiv målsaka inn i Stortinget nesten 30 år før dei folkevalde gjorde eit første vedtak til fordel for landsmålet. Løyvinga til språkforskaren var ei viktig satsing og ein nødvendig føresetnad for det som viste seg å kome.

Han levde enkelt og tente godt. Årsløna for ein industriarbeidar utgjorde i 1895 mindre enn åtte prosent av stipendiet til den pensjonerte språkforskaren.

I nesten 40 år korresponderte Ivar Aasen og Kirkedepartementet med kvarandre. Han sende årsmeldingar om arbeidet sitt, departementet melde om endringar i stipendsummen. Desse breva arkiverte departementet på sikkeleg vis. Det interessante er nemninga det brukte. Etter jamstillingsvedtaket i 1885 mrlom «det norske Folkeprog og «vort almindelige Skrift- og Bogsprog» oppstod eit ordsifte om kva Stortinget hadde lagt i uttrykket «det norske Folkesproget». Det var det uttrykket Kikedepartementet i alle år hadde brukt i journalen: «Ivar Aasen sender beretning om sit arbeide med folkesproget».

FØR EIN NYNORSK SKRIFTKULTUR blei skild ut, kunne lange artikkelseriar om Aasen eller Vinje stå på trykk i blad og aviser som var redigerte på dansk-

¹² Det skadde heller ikkje at stortingsrepresentantane vinteren 1854 var på eiga framsyning av stykket *I Marknaden*, få månader før stipendsaka kom opp att.

¹³ *Storthingstidende* 2.6.1874, s. 913.

norsk. Med åra blei dette i større grad ei sak for blad og aviser som var redigerte på nynorsk.¹⁴

Lenge heldt Aasen-jubilea seg på sine eigne arenaer. Norskdomsrørsla eigde etter kvart mange hotell, kulturhus og kaffistover, og desse var hovudscenene for jubilea. Først i 1950 blei eit jubileum feira utanfor desse arenaene – men noko stort steg var det ikkje.

Feiringane av Aasen og Vinje var i heile tidsrommet personretta. Jubileumsfeiringa var retta mot personane, berre unntaksvis mot verka. Ivar Aasen gav ut den første nynorske boka i 1853, *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Indirekte blei den boka feira to gonger. Minnesteinen på Aasen-grava blei avduka i 1903, 50 år etter utgivinga. Ved 100-årsjubileet for denne boka avduka Halvdan Koht statuen i Ørsta. Begge desse samanfalla i tid verka tilfeldige, for hundreårsdagen for den første boka på nynorsk blei ikkje nemnt av nokon.

Ferdaminni fraa Sumaren 1860 blei feira med gjenreiser av Ruth Alvsen og Dagfinn Grønset i 1960, og i 2010 med Jon Severuds meir ambisiøse verk. *Norsk Grammatik* frå 1864 blei markert med billigutgåve hundre år etterpå, men *Norsk Ordbog* frå 1873 passerte sine 50 år i 1923 og 100 år i 1973 utan merksemd. Aasen runda 50 det året han gav ut *Symra* i 1863. Dermed fall person- og bokjubileum saman i både 1913, 1963 og 2013.

Det som er blitt feira med størst konsekvens, var utgivinga av *Ordbog over det norske Folkesprog* i 1850. Hundreårsminnet for utgivinga blei feira i Universitetsaulaen i Oslo 17. november 1950.¹⁵ Her framførte Tarjei Vesaas ein prolog som stod på trykk i Dagbladet og Norsk Tidend dagen etter, og som blei ein klassikar der og då:

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld.

Diktet har vore prenta mange gonger og er ein berande tekst i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet. Dagen etter, laurdag 18. november 1950, var første heftet av første bandet av det nye verket *Norsk Ordbok* i sal.

¹⁴ Syn og Segn laga stort jubileumsnummer i 1913, men ikkje i 1963. Gula Tidend og Norsk Tidend gjorde mykje ut av jubileet i 1950, begge ut temanummer 1. august 1963. Dag og Tid kom med dei første ordinære nummera i 1963, men markerte knapt Aasen-jubileet. I 1968 kom mange artiklar, men berre eitt temanummer, frå Norsk Tidend.

¹⁵ Program for festmøtet, arkiv Ivar Aasen-tunet, og «Ivar Aasen skapte det urikkande grunnlaget», *Norsk Tidend* 23.11.1950.

I gjennomsnitt blei det årleg skrive om lag ti tekstar om Aasen og like mange om Vinje i blad, aviser, bøker.¹⁶ Feiringane og minnemarkeringsane førte til mange fleire omtalar. Aasen blei omtalt i 89 skrifter i 1913 og 62 i 1963, medan 59 Vinje-omtalar er dokumenterte i 1918 og 54 i 1968. Mengda seier noko om interessa, men ikkje om forståingsformene. At jubilea tente til, og blei brukte til, å få fram ny kunnskap, gjorde Reidar Djupedal eit poeng av i 1963. Knut Liestøl hadde skrive ein lengre artikkel til *Syn og Segn* om Aasen i 1913, og denne gav Noregs Boklag ut som eige skrift i 1963. Djupedal skreiv der eit etterord med refleksjonar over forholdet mellom biografisk tradering og forskning.

Med jubilea blei skriftene av både Aasen og Vinje meir tilgjengelege. Ved hundreårsjubilea kom Skrifter i samling for begge forfattarane, men ikkje ved 150-årsjubilea, og mengder av biografiske studiar, lange og korte. Biografi og aktualisering av tekstar prega jubilea. Tematiske og akademiske studiar var sjeldan knytte til feiringar og markeringar. Dei kom når dei var ferdige. Olav Midttun avslutta si hovudoppgåve *Noko um Vinje fyrr han vart døl* i 1907, og Reidar Djupedal la fram *Noko om Ivar Aasen i åra 1840–1860* i 1950. Det vil seie at den nynorske minnefesten var prega av biografi, oversyn og bruk av enkelttekstar, og at det nok varierte korleis skrivarane og talarane brukte den kunnskapen som elles låg føre.

Bibliografiane viser korleis jubileumsåra prega meiningsdanninga. Skriftene av Aasen og Vinje blei haldne tilgjengelege, og kunnskap om desse skriftene auka nær sagt for kvar ny utgåve. Minnepolitisk blei jubilea ein spiral: Jubileum aktualiserte verkutgåver, verkutgåver forsterka jubilea, jubilea utløyste fleire andre skrifter. Det blei skrive mykje meir om Aasen og Vinje i jubileumsåra enn elles, og den nye kunnskapen som kom gjennom verkutgåvene, blei formidla til mange fleire lesarar enn dei som las bøkene.

JUBILEA GAV MEIR KUNNSKAP. Det gjorde Reidar Djupedal eit poeng av alt i 1963. Knut Liestøl hadde skrive ein lengre artikkel til *Syn og Segn* om Aasen i 1913, og denne gav Noregs Boklag ut som eige skrift i 1963. Djupedal skreiv der eit etterord med refleksjonar over forholdet mellom biografisk tradering og forskning. Til grunnlovsjubileet i 1914 kom ein Aasen-biografi

¹⁶ Jf. Ottar Grepstad: *Vinje-bibliografien*, Ørsta 2017.

av Moltke Moe, kamuflert som ein del av eit langt kapittel i band II av Gerhard Grans verk *Nordmænd i det 19de aarhundrede*.

I dei siste leveåra til Ivar Aasen og i den første tida etter at han var død, vandra segner, soger og risper om han. Kva han faktisk hadde skrive, blei delvis dokumentert i *Udvalgte Skrifter* alt i 1896, og først med trebands-utgåva 1911–1913 kom breidda av skrifter til syne. Dette 100-årsjubileet «gav tilskuven til at Aasens arbeid vart teke opp til gransking og ny vurdering», skriv Djupedal.¹⁷ Vitskapsmannen Aasen kom meir i framgrunnen, og nettopp Liestøls biografi var eit uttrykk for dette. Som Koht hadde Liestøl hatt tilgjenge til dei etterlatne skriftene, og både han og seinare forskarar kunne no hente fram ny og meir påliteleg kunnskap.

Der er grunn til å modifisere dette.

Ny kunnskap om Ivar Aasen blei skriven fram. Det hindra ikkje segnene og mytane i å leve vidare på folkemunne. Mytane hadde danna seg før forskarane kom til orde. Ei god historie står seg nok betre enn eit vitskapleg atterhald. Så peikar då også Djupedal på at Liestøl aldri hadde møtt Aasen, «men han kjende han likevel». Bodberaren, forteljaren, var Moltke Moe. Han var ven med Ivar Aasen, Liestøl var ven med Moltke Moe. Dette var til stor hjelp då Liestøl skreiv artikkelen sin i 1913, hadde han fortalt Djupedal: «Det gav farge og liv til framstillinga hans, men likevel ikkje slik at ho fekk eventyrdåmen over seg».¹⁸ Heller ikkje vitskapen er altså fri for munnleg overlevering; det skulle berre mangle. Aasen kjende Moe, Moe kjende Liestøl, Liestøl kjende Djupedal, og denne traderingsrekkja blei først broten då Djupedal døydde i 1989. Frå då av var alt skrift.

Moltke Moe hadde alt i 1901–02 ordna og katalogisert dei Aasen-manuskripta som var komne til Universitetsbiblioteket i Oslo. Ut av dette kom det heile 1900-talet gjennom ei mengd skrifter med tekstar av Ivar Aasen som ikkje hadde vore publiserte før. Forskarane var ikkje avhengige av at skriftene var publiserte, men med smuldrande kunnskap om gotisk handskrift blei trykte utgåver ei stor lette særleg mot slutten av 1900-talet.

¹⁷ Reidar Djupedal: «Etterord», i Knut Liestøl: *Ivar Aasen*, Oslo 1963, s. 55.

¹⁸ Reidar Djupedal, same staden, s. 55.

Vel var det slik at 100-årsjubileet i 1913 fremja forskning om Ivar Aasens liv og verk, ikkje minst gjennom den trebandsutgåva av Aasen-skrifter som kom til jubileet. Eit tidsskifte som truleg var endå viktigare, var Reidar Djupedals utgåve av brev og dagbøker 1957–1960. No kunne mytar avkreftast – eller stadfestast. I 1945 hadde Aslak Vehus fortalt til Norsk Tidend om sitt møte med Ivar Aasen som liten gut kring 1870. Minne som kjem på prent tre kvart hundreår seinare, er per definisjon upålitelege. Likevel var dette ei påliteleg forteljing av di avgjerande detaljar i historia kunne stadfestast frå ei kjelde Vehus ikkje kjende til; dagbøkene blei først publiserte in extenso mange år seinare.

Blei det så mykje Aasen-forsking etter 1913? Nei.

Ganske mange vitskaplege artiklar er publiserte, det er så, men svært få avhandlingar. Med fleire skrifter i 1930-åra var Einar Haugen ein av dei første som skreiv språkvitskapleg om Ivar Aasen. Den første avhandlinga stod Hartvig Kiran for i 1937 om bakgrunnen for Aasens dikting, den neste kom frå Reidar Djupedal i 1950, og kapitlet om Ivar Aasen av Gustav Indrebø i *Norsk målsoga* frå 1951 er så omfattande at det må reknast med her. Egil Røssaak skreiv hovudoppgåve om Aasens lyrikk i 1966, og Rune Sørland om *Ervingen* i 1974. Den einaste doktoravhandlinga til dags dato kom frå Stephen J. Walton i 1987. Arne Apelsest skreiv om tildriv og føresetnader for Ivar Aasen i 1989, og J. Peter Burgess la stor vekt på Ivar Aasen i sin studie av nasjonsbygging og identitet i 1999. Pedagogiske trekk ved Ivar Aasens arbeid var emnet i ei masteroppgåve til Sidsel Sandrum Bakken i 2010.

Berre ein av desse ni studiane handlar primært om det språkvitskaplege arbeidet til Ivar Aasen. Det er allmenn semje i språkvitskaplege miljø om kor viktig han var som vitskapsmann. Likevel har nokså få skrive vitskapleg om Aasen, og minst utforska er den språkfaglege sida av saka. Dette fråværet av vitskap har gjort dei allmenne biografiane og lengre populærvitskaplege artiklane om Ivar Aasen viktigare enn dei elles ville ha vore, men også i desse står det ganske lite om språkssystemet.

EIN BIBLIOGRAFI ER EIN BIOGRAFI med andre verkemiddel. Aasen blei omtalt offentleg og på trykk både i Bergen og Kristiania alt i 1841. Alt han då hadde publisert, var tre dikt, for mange år sidan. Det var ikkje dei dikta som gjorde han viktig. Ivar Aasen blei omtalt for det han skulle utrette, ikkje for det han hadde gjort.

Den første biografiske teksten var sjølvbiografien hans frå 1841. Det gav han ei viss definisjonsmakt, for denne teksten blei brukt av mange seinare, og har truleg vore sitert i alle dei biografiane som er skrivne. I 1857 kom *Norsk Forfatter-Lexikon* ut med den første biografiske artikkelen om Aasen. Slike leksikonartiklar om Aasen, med den autoriteten det innebar, kom både i 1858 (tysk), 1864 (tysk), 1866 (dansk), 1875 (tysk) og 1879 (dansk, italiensk), skreiv eg i *Historia om Ivar Aasen*. Kanskje var der eitt til som skreiv om han medan han levde. Iallfall inviterte *Encyclopædia Britannica* han i 1885 til å sende inn ein kort sjølvbiografi.¹⁹ Invitasjonen er ikkje nemnd i dagboka, og det er uvisst om Aasen svara.

Det finst leksikon for det meste. I 1874 kom det i Leipzig ut eit tysk med ein tittel lang som mellomalderen: *Autodidakten-Lexikon. Lebensskizzen derjenigen Personen aller Zeiten und Völker, welche auf aussergewöhnlichem Bildungs- und Entwicklungsgänge sich zu einer hervorragenden Bedeutung in Kunst und Wissenschaft emporgearbeitet haben*. Kort sagt, i det minste litt kortare: Skisser av personar frå alle folk og tider som gjennom uvanleg danning og utvikling har arbeidd seg fram til å bli særskilt viktige i kunst og vitenskap.

Innunder jul same året stod artikkelen på trykk i Bergensposten. Aasen kom først i alfabetet, også her:²⁰

«Vi begynder Autodidakternes Række med en Mand fra Norden, fra hint Land, i hvilket uoverskuelige øde og ubeboelige Strækninger fulde af Klipper og Snemasser utbreder sig til alle Kanter.

Men den samme Lov, som finder sin Anvendelse ikke blot paa enkelte Personer, men ogsaa paa hele Nationer, at trange ydre Kaar netop udfordrer alle Kræfter til forhøiet Anstrængelse og derved betinger Fremskridtet, medens et mageligt og overflødig Levesæt kan føre til moralsk og økonomisk Undergang – den samme Lov lader sig ogsaa opdage i Norge; også her maa man ved fordoblet Flid tilkjæmpe sig, hvad Naturen ikke har villet yde.

Og som Energi og Udholdenhed gjør sig gjældende paa alle Gebeter af menneskelig Virken, saaledes skorter det heller ikke Videnskaben i dette Land paa dygtige Arbeidere. Blandt disse staar Ivar Aasen i første Række.

¹⁹ Brevs. 174, uregistrerte brev, invitasjon 1.7.1885.

²⁰ «Ivar Aasen berømt i utlandet», *Bergensposten* 20.12.1874, tillegg.

Sædelig Dygtighed og Forstandighed, stor Energi og Virkelyst ved Siden af personlig Afrundethed, og ved Siden deraf varm Fædrelands-kjærlighed; disse Hovedtræk ved de gammelgermanske Stammers Nationalkarakter findes hos alle Nordmænd.

Ogsaa Aasen, en ægte Søn af sit Folk, har ved Energi og utrættelig Flid arbeidet sig op til en fremragende Plads i Videnskaben.

Han har aldeles paa egen Haand uddannet sig til en af de lærdeste Sprogforskere, og skjønt Autodidakt, har han dog i fuldt Maal naaet sit Øiemed – at fremstille et Lands endnu eksisterende Sprogskat i den høist mulige Renhed og Fuldstændighed, ligesom han ogsaa i Grammatiken med ægte videnskabelig Grundighed har løst den Opgave, at paavise de nuværende Mundarters Forhold saavel til hinanden indbyrdes som ogsaa til det norske Sprog.»

«Gammelgermanske Stammers Nationalkarakter» – det var ikkje slik det var vanleg å omtale Ivar Aasen. Den misvisande forståinga av han som autodidakt, ein sjølv lærd, hadde derimot altså breidd seg så mykje at det jamvel blei brukt i omtalen av han utanfor landegrensene.

Først med Kristofer Jansons litteraturhistoriske førelesingar, prenta i Bergens Tidende våren 1869, blei Aasens liv omtalt meir utførleg for allmenta. Denne biografiske framstillinga blei også omdreingspunktet for mange Aasen-mytar.

Så lenge Aasen levde, var intervjuet ein lite brukt sjanger i journalistikken. Det finst fem intervju med han, og fire av dei kunne han lese sjølv. Vetle Vislie gjorde eitt i 1892 som han publiserte same året, Peter Rosenkrantz Johnsen laga tre for Dagbladet i åra 1894–1896, og Nordahl Rolfsen laga eit i 1895 som blei trykt posthumt fire år seinare.²¹

Med åra er minnetalen og nekrologen blitt ståande som dei typiske biografiske tekstane om Ivar Aasen. Vendepunktet var 80-årsdagen i 1893. Det var første gongen Aasen både fylte rundt år og fekk omtale av den grunn. Tidlegare var det han sjølv som markerte slike høve, med dikt som «Fyrtiande Fødedagen. Minnesong fraa Einar Einstøing», skrive 1853, publisert posthumt hausten 1896.

Ein kontrast til dette er Arne Garborg. Den første meir utførlege biografiske omtalen av han stod Georg Brandes for i 1885. Alle omtalane til

²¹ Dei tre intervju fra Dagbladet 1894–1896 er prenta opp att i Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, 2. utgåva, Oslo 2014, s. 360–364.

60-årsdagen i 1911 og 70-årsdagen i 1921 syner at også for Garborg var dei runde åra ei primærkjelde til biografiske omtalar, men då som hyllings-skrifter, ikkje som minneskrifter.

Lenge var det bøkene og skriftene som blei omtalte, meir enn Aasen sjølv. Så lenge han levde, var den faglege og litterære kritikken den vanlegaste forma for omtale av han. Det svarar godt til den kvardagen han levde som eit liv i skrift.

Då bibliografen og litteraturhistorikaren Anton Aure døydde sommaren 1924, hadde han gjort klart manuskriptet til ei tenkt bok, *Gamle bygdemaals- og landsmaalsbokmenn*. På om lag 400 små sider skildra han alle dei sentrale forfattarane fram til Claus Pavels Riis (1826–1886).²² Tidlegare hadde Aure skrive om *Kvinnor i den nynorske bokheimen* (1916), og dette ville blitt ein parallell. I begge framstillingane dekte han både diktning og sakprosa.

Ved eitt høve heldt Aure tale ved grava til Ivar Aasen. Der plasserte han Aasen i eventyret.²³ Det gjorde han også i det uprenta bokmanuskriptet. Ivar Aasen «var den lukkeprinsen som skulde løysa ut den trollbundne kongsdotteri og grava fram att det gløynde gullet: det norske maalet.» På 18 små sider har Aure fått med mykje. «Han saag snart at det var ikkje soleis som dei fyrr hadde trutt, at dei norske bygdemaali var eit samanhengslaut rot», skreiv Aure om grunntanken for grammatikken. «Det var fyrst daa han tok til aa bruka sitt eige maal at han vann aa skapa gagns verk», skreiv Aure om dikteren. «Dei er so makelaust fint forma, at ein mest aldri finn ei veila i rim eller rytme», skreiv Aure om visene i *Symra*.

NOKON DIKTAR VILLE Ivar Aasen ikkje vere ved at han var. Blygskap kan ha gjort sitt, men det handla nok mest om litterær forståing. Lyrikken sin kalla han viser, ikkje dikt, og det stod klart for han at dikt blei rekna for å vere betre enn viser. Norsk Forfatterforening blei skipa hausten 1893. Aasen var invitert til skipingsmøtet hausten 1893 og blei året etter invitert til

²² Anton Aure: *Etterlatte papirer*, Ms. fol. 4686: B:1:a, Nasjonalbiblioteket. Manuskriptet er delt på fire skriveblokker, komplett med illustrasjonar – eit portrett av kvar forfattar.

²³ Anton Aure: «Namnet Ivar Aasen», handskrive manuskript til tale ved grava til Ivar Aasen, regi Bondeungdomslaget, truleg 17. mai, i Anton Aure: *Etterlatte papirer*, Ms. fol. 4686: B:1:c, Nasjonalbiblioteket.

å bli medlem i Den skjønnlitterære sektion.²⁴ På den første medlemslista frå mai 1894 stod både Arne Garborg, Per Sivle og Jens Tvedt.²⁵ På denne tida presiserte Aasen meir enn gjerne i intervju at han ingen diktar var. Sjølvbiletet var heller ikkje blankt.

I august 1893 gratulerte Helene Olsen han med 80-årsdagen.²⁶ Ho har sett i avisa at det er fødselsdagen hans, og at den blir feira med fest på Sunnmøre. Fleire gonger hadde ho støtta han heim i vinternatta, skreiv ho. Då hadde Aasen klaga over at ingen brydde seg, men ho forsikra han om at han var ein respektert vitskapsmann og diktar.

Ei anna, anonym kvinne har også fortalt om naboskapen med Ivar Aasen.²⁷ Adressa nemner ho ikkje, men det var truleg i Holbergs gate, det også. Ho var frå ein by på Austlandet og hadde lese mykje av Ivar Aasen då ho flytta til hovudstaden og same huset som han, «berre tunne veggen var i mellom oss». Husfrua hadde lite til overs for leigebuaren, han var stygg å sjå til, lite sa han, og «minst vilde han ha noko drøs med unge gjentor», meinte ho. Den unge kvinna såg rett nok ein gamal og skrukkete mann, men med eit «heller godslegt» ansikt.

Ein kveld hadde ho låst seg ute og stod der saman med ei anna jente då Aasen kom. Han hadde høyrte dei snakke gjennom veggen, så han kjende dei att på dialekten og sleppte dei inn. Der blei dei ståande og snakke saman, «han var so bljug og barnsleg».

Frå då av var ho ofte inne hos han, «gild og smilande» var han, ho lånte bøker og høyrde han klage: «Kvinnfolki, sa han, vil berre plaga og pina andre menniskjor.» Det måtte han bite i seg ein gong han var sjuk og ho kom med blomar til han: «Det var daa rart, at nokon hugsar meg.» Etter ein kveldslang fest med sambygdingar gjekk ho dagen etter inn og bad om orsaking. «Nei det var berre moro fyr meg ogsaa, eg log eg med, so det var ein hugnadleg kveld.» Gjennom den tynne veggen hadde han fått med seg alt, han som var så van til å lytte. Ho var på veg ut att då han la til: «Det er gildt aa vera ung og glad.»

Heider og ordenar var ikkje Ivar Aasens greie når det handla om han sjølv. Då stakk han seg vekk eller takka nei. Det var også det som skjedde

²⁴ Invitasjon til skipingsmøtet 19.11.1893 i NTNU Universitetsbiblioteket, invitasjon til å bli medlem 7.8.1894 i Nasjonalbiblioteket Brevs. 174, uregistrerte brev.

²⁵ Nils Johan Ringdal; *Ordenes pris. Den norske Forfatterforening 1893–1993*, Oslo 1993, s. 20.

²⁶ Brevs. 174, uregistrerte brev, brev frå Helene Olsen til Ivar Aasen 5.8.1893.

²⁷ «Korleis eg vart kjend med Ivar Aasen, fortalt i Maallaget i Aalesund», *Heimhug* 4.2.1899.

då han i 1879 var nominert til å bli heidersmedlem i Reale Associazione dei benemeriti italiani.²⁸ Spørsmålet var om han aksepterte nominasjonen. Svaret er ukjent.

DER VAR EIT GJENGSL BILETE av Ivar Aasen i svært lang tid. Dette biletet blei forma alt i 1869, av Kristofer Janson. I ein serie litteraturhistoriske førelingar brukte han mykje tid på Ivar Aasen. Det hadde få gjort før, og få gjorde det etter han, til Henrik Jæger i 1896. Han bygde i stor grad på Janson. I det minste stadfesta han det biletet Janson hadde skapt, og som aldri blei motsagt så lenge Ivar Aasen levde.²⁹

Andre hadde omtalt personen Aasen før Janson, men det var orda hans som fekk dei største ringverknadene. I 1865 skreiv Tynset-læraren Olaf Røst ein serie om Aasen i *Lørdags-Aftenblad for Arbeidsklassen*. 22 år gamle Røst skreiv mest om bøkene og målsaka, men tok også med ei biografisk skisse.³⁰ Han budde i Kristiania frå 1866 og vitja Aasen første gongen den våren.³¹ Frå 1868 sat dei begge i redaksjonen for Det Norske Samlaget, men Røst gjekk ut att alt året etter.³²

Det som må seiast å vere den første biografien om Ivar Aasen, stod forfattaren John Klæbo for i 1868, året før Janson heldt førelesingane sine. I *Almueskole-Tidenden* skreiv Klæbo ein artikkelserie som han kalla «En Hilsen til Lærere». Der gjorde han mykje ut av målsaka, og Klæbo skreiv ein velinformert og sjølvstendig tenkt biografi om Ivar Aasen inn i denne framstillinga. Klæbo viste den sterke og aktive Aasen, medan Janson framheva den puslete og isolerte. «Ivar Aasen kastede her en stor Tanke ind i Tiden», skreiv Klæbo, «ikke altid faar han gjøre sin Gjerning uforstyrret», la han til, «og altid er han den velvillige, hjælpsomme Mand, altid glad, naar han kan gjøre en Tjeneste».³³

²⁸ Brevs. 174, uregistrerte brev, invitasjon 28.3.1879. Aasen fekk brevet 4.4.1879, noterte han i dagboka.

²⁹ Jf. Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 107 og 306.

³⁰ Biografiske opplysningar om Olaf Røst (1843–1887) er frå merknad av Reidar Djupedal i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 451.

³¹ Ivar Aasen i dagboka 5.3.1866. Røst gav i 1882 ut *Noget om norske Folkenavne med særligt Hensyn til Navneskikken i Tønsæt og omliggende Bygder*, og Aasen kjøpte boka 26.2.1883. Det året gav Røst ut *Minder fra Hjembygden*, som Aasen skaffa seg 4.3.1884.

³² Anders Aschim: *Ein betre vår ein gong. Elias Blix*, Oslo 2008, s. 161.

³³ John Klæbo: «Træk af det norske Folks Aandsliv», i *Digte og Fortællinger*, Kristiania 1888, s. 87.

Både Klæbo og Janson stod med ein fot i det nynorske og éin i det dansk-norske. Den språklege posisjonen kan ikkje forklare at dei to framstilte Aasen så ulikt som dei gjorde. Går der eit skilje i resepsjonen som følgjer skiljet mellom bokmål og nynorsk? Den avhandlinga er enno ikkje skriven. Jon Haarberg viste i studien *Vinje på vrangen* (1985) at eit av dei viktigaste skilja i lesinga av A.O. Vinje-tekstar har gått mellom bokmål- og nynorskbrukarar. Noko av det same gjeld ein forfattar som Olav Duun.

Ein av fleire indikasjonar på eit slikt skilje er det eg vil kalle Keilhau-debatten i 1932. Året før hadde sosialøkonomen og historikaren Wilhelm Keilhau skrive om Ivar Aasen i *Det norske folks liv og historie*. «Det var romantikk i ren form», skreiv han og plasserte Aasens verk på same staden som det var blitt gjort den dagen han døydde. Slik heldt han fram: «Ivar Aasen oplevde fattigguttens tragedie, som er ens i alle land og alle kulturer».³⁴

Dette fekk både læraren Vilhelm Kvalheim og forfattaren Henrik Rytter til å reagere skarpt. Dei var ikkje åleine. Omtalen frå Keilhau er «eit hogg i den norske folkesjeli», skreiv Anna Kristensen i Sogns Avis. Keilhau heldt fast på sitt då siste bandet i verket kom i 1935. Han varsla ei mørk framtid for det Aasen hadde sett i gang: «Selv for Garborg så landsmålet ikke ut til å være den eneste naturlige sprogform».³⁵

Med innlegget sitt mot Keilhau blei Anna Kristensen den andre identifiserte kvinna som har skrive om Ivar Aasen. Den første som er registrert i denne bibliografien, er forfattaren og journalisten Kaia Bruland-Nilssen i 1913. Til 100-årsdagen skildra ho Ivar Aasen på ein måte ingen annan har gjort, som eit møte mellom to forfattarar. Bruland-Nilssen vitja Aasen i Holbergs gate 23, og der overrumpla han henne. Han hadde lese ting ho hadde skrive, og den røynde forfattaren gav den unge røysta råd om diktetekunsten.³⁶

Til og med 1963 kom der berre fire kvinner til. Skiftet var Ivar Aasen-året 1996. Då tok over 20 kvinner ordet om Ivar Aasen på prent. Så langt er det dokumentert om lag 70 ulike kvinner, og der er nok fleire.

³⁴ Wilhelm Keilhau: *Det norske folks liv og historie*, IX, Oslo 1931, s. 308 og 311.

³⁵ Wilhelm Keilhau: *Det norske folks liv og historie*, X, Oslo 1935, s. 202.

³⁶ Kaia Bruland-Nilssen: «Ivar Aasen», *Hver 8de dag* 3.8.1913, s. 1074 f. Heile historia med utdrag frå stykket er trykt i Ottar Grepstad: *Skriftkultur*, Oslo 2018.

Dei siste åra Aasen levde, var det mange som vitja han rett og slett fordi dei beundra han. Ganske mange av desse var svært unge, som Magnus Hamlander, ei tid redaktør for bladet *Breidablik* på Røros. Han blei redaktør i *Østlendingen* på Elverum 1901, berre 24 år gamal, og tok initiativet til Glomdalsmuseet same staden, som opna i 1911.

Hamlander hadde vitja Aasen, truleg i 1894, altså om lag 17 år gamal.³⁷ Verten nemner ikkje den unge gjesten i dagboka. Måten gjesten skildrar Aasen på, kjenner vi att frå andre:

«Eg rekna sju pipur paa borde hans, mest kritpipur. Men det er so liten 'trekk' i han, at han vinn ikkje meir enn aa faa paa varme, før ho sloknar. Og so maa han oppatt aa freista ei ny ei. Men so maa han bortaat omnen og reinska dei rett som det er. Det er ein lang veg for den gamle dette stykkjet fraa ruggestolen og bort-aat omnen, og det gaar smaatt, jammerleg smaatt, ei fluga kan mest gaa i kapp med han.»

Gamlingen les enno mykje, skriv Hamlander, «'Verdens Gang' og 'Dagbladet' les han fraa fyrst til sist, og so legg han dei bort kvar i sin haug, so han no har ein heil mur av desse bla-a oppetter veggen.»³⁸

Hamlander signerte tekstane om Aasen som Magne Djupdal. Det gjeld også eit minnedikt om Aasen som han prenta i bladet sitt 24. september 1896, tidstypisk i form og innhald. I diktet blei Aasen skildra som høvdingen, målreisaren, leiestjerna, vegbrøytaren – der var livskraft og livsverk, ingen flugesteg eller blygskap. Det var store ord frå ein 19-åring.

KVA SKRIFTSTADER EIN HAR HATT til rådvelde, har vore viktig. Nynorskpressa ekspanderte kraftig tidleg på 1900-talet.³⁹ Det førte til ein meir systematisk etterspørsel etter tekstar om Ivar Aasen frå redaksjonelt hald. Ti publikasjonar står for over ein tredel av innførslane i bibliografien (tabell 7). Sju av desse er viktige nynorskredigerte publikasjonar nasjonalt, regionalt eller lokalt.

Både i kraft av mengd og innhald var nok Den 17de Mai den viktigaste tolkaren på riksscena av Ivar Aasen for eit breitt publikum i dei formande tiåra då posisjonar skulle vinnast og forsvarast. Særleg viktig var

³⁷ Hamlander var fødd 15.4.1877, jf. *Digitalarkivet*, folketeljing 1910, Elverum herad, lesedato 18.5.2014. Hamlander døydd i 1951.

³⁸ [Magnus Hamlander] Magne Djupdal: «Ivar Aasen», *Breidablik* 15.11.1894.

³⁹ Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010.

avisa i utviklinga av ein minnefellesskap innanfor den nynorske skriftkulturen. På den lokale arenaen har sanneleg Møre-Nytt i Ørsta gjort sitt.

Tabell 7
Publikasjonar med flest omtalar

Møre-Nytt (1935-)	172
Dag og Tid (1962-)	86
Dagbladet (1868-)	71
Den 17de Mai (1894-1935)	68
Sunnmørsposten (1882-)	58
Syn og Segn (1894-)	55
Norsk Tidend (1935-)	53
Møre (1902-)	44
Gula Tidend (1904-1996)	42
Bergens Tidende (1869-)	36
Sum	685

Rekna i mengd artiklar og oppslag har nynorskpressa formidla mykje stoff om Ivar Aasen. Kva dei har skrive, er ei anna sak. Korleis utviklinga av ei nynorskpresse eventuelt verka inn på omtalen av Ivar Aasen, er ikkje studert av nokon, men der er mange andre viktige bidrag til resepsjonsstudiet i artikkelsamlinga *Forteljingar om Ivar Aasen* som Geir Hjorthol redigerte i 1997.

Eit interessant og viktigstilje oppstod altså alt den dagen Ivar Aasen døydde. Bokmålsavisa Dagbladet plasserte i nekrologen sin Ivar Aasen i den (nasjonal)-romantiske tradisjonen i Noreg. Det utløyste straks motsegn frå nynorskavisa Den 17de Mai, der både Rasmus Løland og Rasmus Steinsvik insisterte på at dette var ikkje den Ivar Aasen dei hadde kjent.

Ved fleire høve seinare har nynorskbrukarar lagt stor vekt på å få fram det dei har kalla eit meir realistisk og ikkje-romantisk bilete av Ivar Aasen. Knut Liestøl og Halvdan Koht gjorde det alt i skriftene sine til 100-årsjubileet i 1913. Olav Midttun førte tydeleg tale ved 150-årsjubileet i 1963, Arne Apelsest reiv på ny Aasen ut av nasjonalromantikken i ei avhandling frå 1989, og Stephen J. Walton gjorde det i fleire bøker i 1980- og 90-åra. Det same gjorde Jostein Nerbøvik, og i den store forprosjektrapporten om Ivar Aasen-tunet frå 1992 var det dette biletet av den moderne Ivar Aasen som rådde grunnen aleine. Dette blei følgt opp med mykje oppdatert stoff frå sekretariatet i Ivar Aasen-året 1996.

Likevel, då *Norsk idéhistorie* blei skriven kring 2000, klistra historikaren Øystein Sørensen på ny Ivar Aasen til nasjonalromantikken. Det ser også ut til å ha vore den dominerande forståinga i lærebøkene gjennom heile 1900-talet.

DENNE NOSTALGIEN LEVER i lærebøkene, attfortald frå det eine verket til det neste. Spørjeundersøkingar viser at fleirtalet av lærarane synest dei kan for lite om det som har med nynorsk å gjere.⁴⁰ Då må dei stø seg på lærebøkene. Der finn dei altfor ofte eit vrengjebilete av historia om Ivar Aasen. I stor grad har skulen fortalt eventyr om den arme guten, gitt forelda opplysningar om omfanget av livsverket hans og bygt på hundre år gamal tenking frå nasjonsbyggingstida om kva han stod for.

Ivar Aasen reagerte då eit leksikon skreiv at han voks opp i ein fattig heim. Slett ikkje, sa Aasen, men det var enkle kår. Både bibel og andre bøker fanst i huset, og den som var fattig, hadde ikkje råd til slik eigedom. «Det var ein fattig heim», heiter det likevel i eit læreverk om livet i Åsen.⁴¹

Han hadde fast inntekt livet ut frå han var 20 år gamal. Seinare fekk Aasen årlege stipend frå Vitskapselskapet frå 1842, og han var den første norske statsstipendiaten frå 1851. Løna låg under professorens, men Aasen tente mykje meir enn han brukte. Difor etterlét han seg 2,4 millionar kroner i 2018-verdi. Den kunnskapen har vore allment tilgjengeleg sidan Ivar Aasen-året 1996. Trass i dette står det i eit lærebokverk: «Han levde hele sitt liv i meget trange kår».⁴²

I *Historia om Ivar Aasen* viser eg at han var på reise i 27 år mellom 1842 og 1868.⁴³ I gjennomsnitt var han på reise kvar tredje dag i dette tidsrommet. At han reiste så lenge og så mykje, er ein nødvendig føresetnad for å forstå kva han utretta og korleis han gjorde det.

Den første store reisa hans gjennom språket 1842–46 blei tidleg kalla langferda. Tidleg blei dette også framstilt som den einaste reisa hans, til dømes i den første større norske litteraturhistoria, Jægers i 1890-åra. Myten har levt eit godt og trygt liv i norske skulebøker. «Aasen reiste rundt i

⁴⁰ Spørjeundersøking i regi av Språkrådet hausten 2010.

⁴¹ Odd Sætre og Ragna Ådlandsvik: *Gjennom språket*, 8. klasse, Oslo 1997, s. 296.

⁴² Marit Allern og Sidsel M. Skjelten: *Ordet er ditt*, 9. klasse, Oslo 1998, s. 81.

⁴³ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, 2. utgåva, Oslo 2014, s. 90. Han hadde også ein kort studiereise til Trondheim i 1882 og til Stavanger og Jæren i 1883.

landet fire år for å undersøke norske talemål», stod det i ei lærebok i 1997.⁴⁴ «I fem år reiste han rundt i landet og samlet inn ord, uttrykk og talemåter», heitte det i ei anna norsk bok ti år seinare.⁴⁵

Ein del av dagens norske allmennhistorikarar er ganske ustø kulturhistorikarar. Det kjem særleg til uttrykk på to måtar. Dei reduserer kultursida av menneske- og samfunnsliv til eit minimum i framstillingane sine, og dei gjer nasjonalromantikken nokså einerådande for kunstfeltet på 1800-talet. Moderniseringsprosessane blir skildra på dei fleste samfunnsområda, men sjeldan i kulturen. I biografien prøver eg å vise at Ivar Aasen meir enn noko anna henta ideala sine frå opplysningstida på 1700-talet, og at det knapt finst ein romantisk krusedull i dei dikta og visene som raskt gjorde han til ein folkekjær diktar.

Dette bør i det minste diskuterast. Lærebøker må sjølv sagt forenkle, det må vi alle, men ved å fjerne all tvil og oversjå nyare tenking, står lærebokforfattarane, lærarane og den offentlege skulen i fare for å banalisere både noregshistoria, litteraturhistoria og språkhistoria. I lærebøkene held difor Ivar Aasen seg framleis i den nasjonalromantikken han knapt flytta inn i, men blei skriven inn i under nasjonsbygginga frå slutten av 1800-talet.

I seinare tid har lærarutdanning, læreplanar og lærarar med god grunn vore diskuterte og kritiserte. Læremidla har få snakka om. «Språk er det mest komplekse mennesket nokon gong lærer», skreiv den engelske språkforskaren David Crystal i 2010.⁴⁶ Viss han har rett i det, er det også krevjande å skrive læremiddel som yter språket og tenkinga om språk rettferd. Eg skal ikkje setje meg til fordomar over dei som gjer det dei kan for å skrive gode lærebøker i språk.

I staden har eg lese sju av dei lærebokverka som utgjer læringsgrunnlaget ved inngangen til den vidaregåande skulen. Tre som var skrivne etter L97, fire etter Kunnskapsløftet i 2006. Mellom desse verka fann eg ingen systematiske skilnader i omtalen av språk. Politisk blei det brukt store ord om Kunnskapsløftet, men i forståinga av språk skil læremidla etter 2006 seg lite prinsipielt frå læremidla anno 1997.

⁴⁴ Elin Bonde ofl.: *Pegasus*, 8. klasse, Oslo 1997, s. 271.

⁴⁵ Fred Arthur Asdal og Hilde Justdal: *Norskboka 9*, Oslo 2007, s. 140.

⁴⁶ David Crystal: *A Little Book of Language*, New Haven 2010, s. 233.

I lærebøkene for ungdomsskulen er det kommunikasjon som gjeld. «Frå starten på menneskeheita har språka utvikla seg fordi vi trong å kommunisere», heiter det i ei knudrete setning i verket *På norsk*.⁴⁷ Korleis kan forfattarane vite det så sikkert, at alt handla om kommunikasjon? I faglitteraturen om skriftkultur blir det tenkt mykje meir nyansert om dette. «Kultur og språk heng nøye saman», heiter det i det same verket.⁴⁸ Den forståinga blir einast brukt om andre språk enn norsk.

Språkhistoria om 1800-talet dreiar seg mest om striden om kva skriftspråk Noreg skulle ha. Språkhistoria om 1900-talet handlar nesten berre om rettskrivingsendringar og formalia. «Striden rundt bokmål og nynorsk er framleis i full gang i Noreg», heiter det i *Gyldendals norskbøker* frå 1997.⁴⁹ Kva slags strid det var i tida mellom 1885 og 1997, blir verande ein tåkedott. Eit anna verk, *Gjennom språket* frå 1999, gir grundigare enn andre greie for rettskrivingsendringane og samnorsk, men nemner ikkje at språkstriden i Noreg gjaldt mykje meir enn dette.⁵⁰ Det same må seiast om verket *Frå saga til cd* frå 2008.⁵¹

I både dei eldre og nye læreverka blir den kulturstriden som prega miljø av språkbrukarar gjennom mykje av 1900-talet, redusert til spørsmål om rettskrivingsendringar. Eg forstår at ein må forenkle, men eg godtek ikkje ei forenkling som gir elevane eit skeivt og fagleg undergravande bilete av språk nett då unge tenåringar for første gong sjølve avgjer om nynorsk eller bokmål skal vere deira opplæringsspråk. Dette har sine konsekvensar: Kvar fjerde elev som skiftar frå nynorsk til bokmål i skulen, gjer det alt i ungdomsskulen.⁵²

I lærebøkene kjem det godt fram korleis styresmakter og etniske nordmenn behandla samane frå midten av 1800-talet. Då skriv dei om fornorsking, assimilering, undertrykking. Det kulturelle og sosiale presset mot nynorskelevane som prega heile 1900-talet, er ikkje nemnt med eitt ord i noko læreverk. I staden får alle det til å høyrast ut som Stortinget jamstilte to norske språk i 1885, og sidan har dei to språka vore jamstilte.

⁴⁷ Jon Rolland ofl.: *På norsk. Grunnbok 2*, Oslo 2007, s. 133.

⁴⁸ Jon Rolland ofl.: *På norsk. Grunnbok 3*, Oslo 2008, s. 242.

⁴⁹ Kari Bech ofl.: *Gyldendals norskbøker. Språk og sjanger 8*, Oslo 1997, s. 248.

⁵⁰ Odd Sætre og Ragna Ådlandsvik: *Gjennom språket*, 10, Oslo 1999, s. 212.

⁵¹ Marit Jensen og Per Lien: *Frå saga til cd*, 10B, Bergen 2008.

⁵² Ottar Grepstad: *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*, Ørsta 2012, tabell 18.

LITE BLIR BETRE VED Å LESE omtalane av Ivar Aasen. I lærebøkene held han seg framleis i den nasjonalromantikken han knapt nokon gong flytta inn i, men som han blei skriven inn i under nasjonsbygginga kring 1900. Der var ikkje eitt trekk ved nasjonalromantikken ein ikkje også fann att hos Aasen, hadde Rosenkrantz Johnsen (eller var det Lars Holst) skrive i nekrologen: Han søkte etter *Folkesjælen*. Same året skreiv Henrik Jæger han inn i den første større litteraturhistoria om norske forfattarar. Han blei tidleg heimlaus og foreldrelaus, og i Kristiania rusla han «altid alene sin ensomme vei», skreiv Jæger.⁵³

TrADERINGA av forteljingar frå det eine lærebokverket til det neste viser godt att i framstillinga av Ivar Aasen. Dermed har skulen i stor grad halde fast ved den avlegse oppfatninga om den arme guten, forelda opplysningar om omfanget av livsverket hans og ei hundre år gamal tenking frå nasjonsbyggingstida om kva han tenkte på.

«Det var ein fattig heim», heitte det i eit læreverk om livet i Åsen.⁵⁴ «Han levde hele sitt liv i meget trange kår», stod det i eit anna verk.

Den første store reisa hans gjennom språket 1842–46 blei tidleg kalla langferda, og med tida blei dette til den einaste reisa hans. «Aasen reiste rundt i landet fire år for å undersøke norske talemål», stod det i *Pegasus*, norsk for 8. klasse, i 1997.⁵⁵ «I fem år reiste han rundt i landet og samlet inn ord, uttrykk og talemåter», heitte det i *Norskboka* i 2007.⁵⁶ Det var som å lese ei bok frå 1896. I fleire år fram til 1847 reiste han rundt og samla inn stoff til ordbok og grammatikk, skreiv Jæger.

Lærebøkene svarar til læreplanane. I forståinga av språk skilde læremidla etter 2006 seg lite frå læremidla etter den færre læreplanrevisjonen i 1997. I mellomtida hadde tenkinga om språk endra seg mykje iallfall utanfor skulen, også utanfor landegrensene.

Mange lærebøker i norsk for ungdomsskulen har i tiår etter tiår gitt eit misvisande bilete av norsk samfunnsutvikling på 1900-talet. Når eg ser kva ein del lærarar får seg til å seie om norskfaget, blir eg ståande vantru overfor ein håpefull påstand om at dette rettar kvar einaste lærar opp gjennom undervisninga si. Det er som den amerikanske forfattaren Rita Mae

⁵³ Henrik Jæger: *Illustreret norsk litteraturhistorie*, band II, Kristiania 1896, s. 485.

⁵⁴ Odd Sætre og Ragna Ådlandsvik: *Gjennom språket*, 8, Oslo 1997, s. 296.

⁵⁵ Elin Bonde ofl.: *Pegasus*. Norsk for 8. klasse, Oslo 1997, s. 271.

⁵⁶ Fred Arthur Asdal og Hilde Justdal: *Norskboka*, 9, Oslo 2007, s. 140.

Brown har skrive: «Språk utøver skjult makt, slik månen gjer på tidevatnet.»⁵⁷

DER ER TYDELEGE MØNSTER i kven som skriv. Organiserte målfolk, litteratur- og språkvitarar går att i bibliografien saman med ein del historikarar. Det er også interessant kven som aldri har skrive om Ivar Aasen. I bibliografiane for filosofane Jon Hellesnes, Gunnar Skirbekk og Hans Skjervheim er der ingen innførslar om Ivar Aasen. Historikarar som Magne Skodvin og Berge Furre skreiv lite om Aasen, medan Halvdan Koht, Arne Bergsgård, Jostein Nerbøvik og Oddmund L. Hoel skreiv mykje. Samfunnsvitskapen har enno til gode å studere Aasens arbeid med sine blikk, teoriar og metodar.

Så kven skriv om Ivar Aasen? Den resepsjonsstudien skal ikkje formast her – berre nokre enkle fragment som blir tydelege gjennom innførslane i bibliografien.

Hans eiga levetid, dei første tiåra etter at han døydde, og tida fram til i dag viser nok tre ulike mønster. Eitt fellestrekk er at *slekta* har skrive lite. Jon Fagerhol er ein av svært få på den lista. *Vener* som Johannes Belsheim, Paul Botten-Hansen og A.O. Vinje skreiv ein del medan han levde, ikkje minst *sambygdingar* som Anders Hovden og Maurits Aarflot. Dei gode *hjelparane* Jacob Neumann og Frederik Moltke Bugge skreiv litt, men *meiningsfeller* som Henrik Krohn og Vetle Vislie skreiv meir. *Meiningsmotstandarane* skreiv ein del om synspunkta hans, berre ikkje om personen Ivar Aasen før han var død.

Tre personar har ganske sikkert hatt meir å seie enn dei fleste. Det er forfattaren Kristofer Janson, journalist Peter Rosenkrantz Johnsen i Dagbladet og forfattar og prest Anders Hovden. Alle tre beundra Aasen og hadde ein andektig respekt for han, men dei delte inga felles forståing av det han stod for. Janson og Rosenkrantz skapte eit stakkarsbilete som dei ramma inn med romantikk. Denne kombinasjonen har stått seg godt etterpå; handlekraft og romantikk har ikkje gått bra saman. Hovden fortalde rangt og rett, og det gjorde han så levande at han har vore god å ty til for mang ein talar og skrivar. Då Rut Tellefsen i 2013 skapte monologen *Kven skal lære han Ivar å lesa?*, var nettopp Hovden den vikti-gaste kjelda

⁵⁷ Rita Mae Brown: *Starting From Scratch*, New York 1988.

hennar. Det var som om kunsten hadde lettare for å bearbeide gamle forteljingar enn moderne analysar. Saman har dermed Hovden, Janson og Rosenkrantz opna for ei skriftleg tradering av Aasen-mytar som ingen ende vil ta.

I ein enkel tabell over dei ti som har skrive flest tekstar, tel den korte avisartikkelen like mykje som den lange avhandlinga (tabell 8). Her blir altså skiljet mellom viktig og mindre viktig viska ut. Dei to neste på lista er Arne Garborg med 16 innførslar og Knut Liestøl med 15. Begge var av dei som tidleg forma eit bilete av Ivar Aasen som hadde mykje å seie i samtida og som ettertida ikkje kan oversjå. Likevel seier tabellen noko om kven som har vore særleg synlege over tid i ulike medium, format og samanhengar.

Dei ti på lista står for vel 300 innførslar, kvar sjette i alt.. Så tydeleg er det at det er mange som har skrive om Aasen. Kor ulikt dei har tenkt og skrive, er emne for mang ein uskriven studie. At dei ti alle saman er menn, overraskar diverre ikkje. Biografien er berre ein av mange sakprosa-sjangrar som inntil nyleg har vore dominert av menn. Uventa er det heller ikkje at det er profilerte nynorskbrukarar som har skrive mest om Aasen. Det forsterkar poenget om den språkdelte norske kulturen. Der er nok ein tendens til at bokmålsbrukarar skriv meir om bokmålsbrukarar enn nynorskbrukarar, medan nynorskbrukarar i større grad også skriv om bokmålsbrukarar.

Tabell 8
Forfattarar med flest tekstar om Ivar Aasen

Terje Aarset	79
Jostein O. Mo	58
Reidar Djupedal	38
Kjell Venås	32
Ottar Grepstad	25
Magne Myhren	25
Stephen J. Walton	25
Anders Hovden	24
Halvdan Koht	23
Jens Kåre Engeset	17
Sum	346

To namn på lista kan godt framhevast – den eine har med ein artikkelserie i ei avis nådd fleire lesarar enn dei fleste bøker blir utsette for, og den andre har skrive ei lang rekkje fagartiklar.

Samlaren Jostein O. Mo opna 5. januar 2013 artikkelserien «Ivar Aasen i samtid og ettertid» i Møre-Nytt. I serien gjorde han særleg greie for den visuelle og bruksgrafiske historia om Aasen. Kvar laurdag i Språkåret 2013 trykte avisa ein ny epistel, stoffet auka og blei etter kvart meir biografisk. Dette såg ut til å bli den endelause serien. Først 29. desember 2017 sette Jostein O. Mo punktum med «Minneord om Ivar Aasen». Då hadde han skrive 255 epistlar på fem år.⁵⁸ Ingen hadde gjort det før, ingen kjem til å gjere han det etter.

Språkforskaren Terje Aarset har skrive om Ivar Aasen gjennom fleire tiår. Mykje av dette er originalstudiar ut frå primærkjelder. Like viktig er det at han har vore med og publisert store mengder tekstar etter Ivar Aasen. Dette spenner frå ordbøkene av 1850 og 1873 til standardverket om *Symra* i 2013.

Dei første tiåra etter at Ivar Aasen var død, kom ein del tekstar frå personar som hadde kjent han. Dei som berre som snarast hadde møtt han, skreiv det vesle dei hadde å melde. Utover på 1900-talet blei det etter kvart først og fremst språkvitarar, litteraturvitarar, forfattarar og målfolk som skreiv om Ivar Aasen. Då kom også fleire til orde som ikkje bygde på førsteinntrykk eller primærkjelder, men som bearbeidde det andre alt hadde formidla. Slik blei eit Aasen-bilete produsert i jamt nye former, med få nyansar.

Ved 150-årsjubileet i 1963 var i røynda alle primærkjelder borte – berre ein Halvdan Koht var der framleis. Han hadde sett Aasen ein gong – på gata.⁵⁹ Interesse og respekten for livsverket til Ivar Aasen blei verande sterk, og dei siste 50 åra har det vore fritt fram for både nytenkjande forskarar og stadfestande festtalarar. Mange jubileum er blitt feira, og det forsterkar gjerne beundringa for mannen og verket. Den rosande minnetalen har difor vore ganske dominerande.

⁵⁸ Jostein O. Mo: «Ivar Aasen i samtid og ettertid. Minneord om Ivar Aasen», *Møre-Nytt* 29.12.2017.

⁵⁹ Halvdan Koht til Reidar Djupedal, truleg 1947, jf. notat i Reidar Djupedal-arkivet, Statsarkivet i Trondheim, boks I 17.

Dei biografiske artiklane er mange. Dei frittståande biografiane er ni i talet – Johannes Belsheim (1901), Arne Garborg (1902), Anders Hovden (1913 med seinare utgåver), Halvdan Koht (1913), Knut Liestøl (1913 og 1963), Stephen J. Walton (1996), Kjell Venås (1996), Jostein Krokvik (1996) og Ottar Grepstad (2013). Ein biografi utløyser gjerne mange andre skrifter i mindre format av biografen. Difor er biografane meiningsdannande også utanfor bøkene sine.

RESEPSJONEN AV AASEN-skriftene har aldri vore undersøkt grundig. Både Kjell Venås og Stephen J. Walton tok med ein del om dette i biografiane sine i 1996. Som språkvitarar konsentrerte dei seg om meldingane av dei språkfagege verka, og mest dei lange omtalane av desse. Kvar av dei kommenterte i alt 17 bokmeldingar. Der er berre så mykje meir.

I denne bibliografien er 90 meldingar dokumenterte i tidsrommet 1848–1882, og dei fordeler seg på 14 ulike bøker og utgåver. På Aasens tid var litteraturkritikken under utvikling, og mange av meldingane var korte. Likevel er det her tale om tekstar skrivne av menneske som sette seg føre å vurdere det Aasen skreiv.

Fleire år før Aasen hadde publisert nokon grammatikk eller ordbok, oppmoda velgjeraren hans i Trondheim til ei kritisk vurdering.⁶⁰ Nokon venta seg eitkvart. Meldingane kunne vere blanda i innhald, men dei tente til å gjere arbeidet til Aasen viktig. Ein respekt bygde seg opp som med tida gjorde Aasen til eit argument i seg sjølv. «Ivar Aasens Navn er nok Anbefaling for Bogen», heitte det i ein omtale av *Norske Ordsprog* i 1881.⁶¹

Verka hans blei jamleg omtalte av utanlandske kollegaer. Desse blei gjerne publiserte i redigerte utdrag i norske aviser. Det hadde sitt å seie at avisa på Ekset, Postbudet, kunne fortelje bygdefolket i heimbygda kva verda meinte om Aasen. Også nasjonalt spelte dette ei rolle. Ivar Aasen blei stor på fleire måtar. Ein av dei var at utanlandske kritikarar var opptekne av det han heldt på med. Han var både berømt og bedømt i utlandet.

15 av meldingane handla om Norsk Ordbog. Boka blei utgitt i hefte i åra 1871–1873, og minst ti av meldingane var trykte før verket var komplett. Verdien av verket var altså slått fast før nokon hadde lese det heile.

⁶⁰ Frederik Moltke Bugge: «Almuedialekterne», *Morgenbladet* 25.5.1846.

⁶¹ «Norske Ordsprog», *Fedrelandet* 24.12.1881.

Av dei litterære verka fekk Symra mest omtale i Aasens levetid. I alt er 13 omtalar dokumenterte for dei tre bokutgåvene. «Selv for den, der ikke interessere sig synderlig for 'Maalet', vil der i de vakre Melodier derfor være fuld Valuta for de 15 Sh», skeiv kritikaren i *Drammens Blad* då tredje utgåva låg føre.⁶² For *Ervingen* er ti meldingar registrerte. Ei viktig årsak var at stykket jamleg blei sett opp og kom i nye utgåver, og dei fleste kritikkane gjaldt oppsetjingane, ikkje boka.

I interessa for resepsjonen av dei litterære og lingvistiske hovudverka har ein oversett den boka som flest skreiv om. Aasen gav ut *Norsk Navnebog* innunder jul i 1878, og der var han mykje meir bestemt og rådgivande enn i andre verk. Ingen andre bøker av Ivar Aasen blei meir omtalt enn denne. Bibliografien inneheld heile 21 meldingar. Dei fleste stod på trykk i nokre intense veker før jul.

Det som blei gjengangarargument, kom til syne alt tidleg i 1850-åra. Landsmålet høver godt til dikting, men berre lite til det meir abstrakte, skreiv Paul Botten-Hansen alt i 1853.⁶³ Ein annan kritikar meinte at *Ervingen* var eit dårleg drama som inneheldt «nogle lyriske Skjønheder».⁶⁴ Ein tredje skreiv at språket i *Ervingen* «i Skjønhed staar over det Sprog der sedvanlig lyder fra vor Scene».⁶⁵

«Vor flittige», skreiv avisene om Aasen. Den sakprosaen han skreiv, blei meir vurdert enn det han dikta. Det var altså språkforskaren meir enn diktaren som vekte interessa hos kritikarane, men heilskapen i det han gjorde, verka inn på begge sider. Korleis det skjedde, er berre eitt av mange spørsmål som står att å undersøkje i resepsjonen av Aasen-skriftene.

VINJE DØYDDE LENGE FØR TANKEN OM Å UTVIKLE MUSEUM var blitt allmenn. Aasen gjekk bort då museum var eit teikn i tida. Den eine døydde som enkemann, den andre som ungkar. Det kunne gjere dødsbu til ein utsett affære.

Det var lite unikt å vise etter Vinje og mykje etter Aasen. Derfor var det også mykje lettare å etablere eit museum om Aasens liv og verk enn

⁶² «Symra. Tvo Tylfter med Visor og Riim», *Drammens Tidende* 23.9.1875.

⁶³ [Paul Botten-Hansen]: «Literatur og Kunst. Prøver af Landsmaalet i Norge af I. Aasen», *Illustreret Nyhedsblad* 25.6.1853.

⁶⁴ [*Ervingen*]. *Drammens Blad* 18.5.1855.

⁶⁵ [Omtale av framsyning av *Ervingen* på Christiania Theater 17.5.1865], *Aftenbladet* 18.5.1865.

om Vinje. Denne institusjonsbygginga tok til i 1898, med bautastein ved museum på Sunnmøre, og heldt fram med museum ved bautastein i Vinje i 1894 og 1912. Begge desse minnestadene bygde på ei interesse for det som hovudpersonane *ikkje* hadde utretta der. Musea blei stader der ein markerte fysisk kor viktige Aasen og Vinje var blitt etter at dei hadde reist derifrå. Med Knudaheio stiller det seg annleis; det var i fleire tiår ein svært viktig skrivestad for Garborg.

Fredag 24. juni 1898 kl. 16.00 blei det første personmuseet i landet opna i Åsen-tunet. Det blei knapt nemnt i avisene, heller ikkje av hovudtalaren for dagen, Anders Hovden. Frå taket av *Ivar Aasen Stova* heldt han avdukingstalen for bautasteinen. Det var den som gjaldt.

Det var viktig for mange å vitje det nye museet. Gjestene skreiv namna sine inne på veggene, så alle kunne sjå at dei hadde vore der, og nokre skildra seinare besøka sine. Ein flokk frå Breim kristelege ungdomslag i Nordfjord kom dit hausten 1908 og skildra vitjinga i religiøse vendingar. Aasen-stova var blitt ein valfartsstad: «Tenk at vi skal få høve å ta i dette som han sjølv har hatt i hendene. Det er relikviar på ein måte.»⁶⁶ To år seinare kom Arne Garborg. Han la ut på sommarferd i juni og tok vegen om Aasen-stova: «Soleis skulde eg endeleg bli kjend paa den Staden der den norske Tanken etter sin lange Halvdaude vakna att.»⁶⁷ Garborg merka seg også bautasteinen, som «stend heimslegare og tryggare enn den som er oppsett paa Gravi der inne i Byen».⁶⁸

I 1898 var det meir enn 40 år sidan Vinje hadde budd i Vinjestoga, eit lite lafta hus som faren hadde bygt då Vinje var seks år gamal. Nettopp i 1898 arrangerte den unge målrørsla ein svær målmarknad i hovudstaden som gav eit enormt overskot. Eitt av dei miljøa som forvalta denne kapitalen, var Bondeungdomslaget i Oslo, skipa 1899. Leiinga i det nye laget tenkte stort. Laget ville kjøpe Vinjestoga og skaffe attende ting som hadde høyrte til A.O. Vinje.⁶⁹ I staden for å bruke av overskotet frå målmarknaden sette BUL i lag ei kronerulling som på få veker gav den summen laget trong. BUL kjøpte huset, Ungdomslaget Samhold i Vinje tok på seg drift og vedlikehald, og Vinje kommune fekk overta den vølte bygningen på

⁶⁶ Innlegg datert 24.10.1908 i *Vaarsol*, sitert etter Matias Orheim: *Livet sjølv*, I, Bergen 1953, s. 68.

⁶⁷ Arne Garborg: *Dagbok 1905–1923*, III, Oslo 1925, s. 54.

⁶⁸ Arne Garborg, same staden, s. 55.

⁶⁹ «'Vinjestoga'», *Aftenposten* 13.9.1902.

det vilkåret at kommunen aldri selde eigedomen.⁷⁰ Søndag 19. juni 1904 tok Vinje kommune offisielt over Vinjestoga etter messe i Vinje kyrkje og folketog frå kyrkja til Plassen.⁷¹ På preikestolen stod Peter Hognestad.

Generelt er gjestetel for museum dårleg dokumenterte i det meste av det 20. hundreåret. Ei lite brukt kjelde til slik informasjon er gjestebøkene. Dei viser at minst så og så mange vitja musea. Ikkje alle gjestene skreiv seg inn der, eitt namn kan gjelde ein heil familie, skuleklassar skreiv seg ofte inn med berre ein lærarsignatur eller to. Den eldste gjesteboka for Aasen-museet er frå 1946. I Vinje-stoga låg gjesteboka derimot på plass det året museet opna offisielt, og den første gjesten skreiv seg inn måndag 1. juni 1912. Året etter signerte 109 gjester, og 293 gjorde det i 1918. Hundreårsjubileet for Vinje blei feira på Plassen 7. juli 1918. Då skreiv 136 seg inn i gjesteboka. Det var få, men altså like mange som i heile 1913.⁷²

I lang tid, til lenge etter 1918, var både Aasen-museet og Vinjestoga private eller familiære tilbod utan noka formell organisering. Aasen-museet forvalta familien leine fram til 1946. Forvaltninga av Vinjestoga blei verande på private hender endå lenger, men med eit kommunalt tilsynsstyre. Omvisaren var museet. Ho som først tok imot gjester og viste dei rundt, var Margit Lofthus, ei legende i bunad med kvit skjorte og rose-saum.⁷³ Ein annan omvisar var Tarjei Vesaas, som ei tid også var styrar for tilsynet med Vinjestoga. Olav Vesaas publiserte i 1997 eit udatert manuskript som han brukte der. Blant andre omvisarar gjorde Olav Nordstoga sitt like frå 1940-åra, og kona Ellen frå ho kom til bygda i 1962. Då var inngangsbilletten komen opp i 50 øre.⁷⁴

Etter Vinje er der inga boksamling. Etter Aasen er der ei stor. Dødsbuet blei frakta frå Kristiania til Sunnmøre med båt innunder ul 1896. Om bord var også fire bokhyller etter Ivar Aasen. Då steinhuset var under bygging, føreslo Jon Aasen å montere glasdører på hyllene og fylle dei med bøker. I staden laga ein nye bokhyller. Aasen konstaterte då at «dei gamle

⁷⁰ Brev frå Bondeungdomslaget i Oslo v/Klaus Sletten til Vinje kommune 12.10.1903. Klaus Sletten var far til før nemnde redaktør Vegard Sletten.

⁷¹ «Sambygdingane tala av og ikkje om Vinje», *Varden* 8.4.1968, og «Ungdomslag gav Vinjestoga til kommunen i 1904», *Norsk Tidend* 5.5.1968.

⁷² Eigne oppteljingar frå den første gjesteboka for Vinjestoga, *Ferdafolk som hev vitja Plassetova 1912–*, arkiv Vinje-senteret.

⁷³ Herborg Handagard: «Minne», *Arbeiderbladet* 6.8.1966.

⁷⁴ Olav Nordstoga i e-post til forfattaren 25.7.2017, og Ellen Nordstoga i samtale 23.8.2017. Inngangsbilletten i 1912 var 10 øre og auka seinare til 25 øre.

bokhyllone til Ivar Aasen trengst ikkje, so dei vert no upphengde i budi».⁷⁵ Sommaren 2000 blei to slike bokhyller henta ut frå stabburet i Aasen-tunet. Kvar dei to andre blei av, er uvisst.

Som så ofte før hadde Jon Aasen regien då boksamlinga skulle registrerast.⁷⁶ Han tok i august 1943 kontakt med Harald Tveteraas ved Universitetsbiblioteket, og Tveteraas «lova aa senda ein kyndig mann aa ordna med flytting av biblioteket». Byggjeleiaren Karl Straume såg gjerne at arbeidet blei utført gratis, men den sida av saka nemnde ikkje Aasen. Han som skulle ordne og registrere samlinga, var Kaare Haukaas.⁷⁷ Det tok si tid før han kunne kome, og i mellomtida tok Aasen til orde for at dette måtte no lokale krefter kunne gjere like godt. Ikkje tale om, sa Straume, her trongst «ein heilt kunnig biblioteksmann». Endeleg, i august 1945, kom Haukaas, med kona som sekretær.⁷⁸ Tida var knapp, og den lista som blei laga, har sine feil og manglar. Ventetida korta biletkunstnareren Straume med å lage ex libris-merke for samlinga.

UTSTILLINGAR HAR DET MED å bli laga til jubileum og markeringar. Frå og med 1898 er det laga iallfall åtte utstillingar om Ivar Aasen. Dei har det også med å gli ut av synsvidda for bibliografar. Grunnen kunne vere at museum og bibliotek ikkje alltid publiserer så mykje tekst til slike utstillingar. Viktigare er det nok at litterære museum har falle utanfor den litterære institusjonen.

Det gjeld særleg for den første utstillinga, opna då Ivar Aasen Stova opna i Ivar Aasen-tunet 24. juni 1898 og med det blei det første personmuseet i Noreg. Same dagen blei ein bautastein avduka i tunet, og det var det avisene skreiv om. Taket på museet gjorde nytte som scene og talarstol, og det som der blei sagt og sunge, skreiv dei mykje om. Innhaldet i huset

⁷⁵ Karl Straume i dagbok for byggjenemnda, innførslar 15.3.1944 og september 1945, arkiv Ivar Aasen-tunet.

⁷⁶ Avsnittet byggjer på Karl Straumes dagbok for byggjenemnda, arkiv Ivar Aasen-tunet.

⁷⁷ Kaare Haukaas (1917–1992) blei tilsett på Universitetsbiblioteket i 1937 og var fakultetsbibliotekar ved Universitetet i Oslo frå 1957. I ein nekrolog skreiv Pål A. Bertnes mellom anna: «Hans lidenskapelige dyrking av landsmålet, samtidig som han i humoristiske vendinger overdrev 'målsaken', var karakteristisk. ... Med Kaare Haukaas har norsk bibliotekvesen mistet en av førre generasjons bibliotekarere, der hjernen var den største katalogskuffen» (*Aftenposten* 10.12.1992).

⁷⁸ Det går fram av Karl Straumes dagbok at samlinga blei registrert frå 10.8. til 22.9.1945.

nemnde dei i beste fall i forbifarten. Den første brosjyren for Ivar Aasen-museet blei truleg laga så seint som i 1950.

Neste utstilling var truleg ei som Universitetsbiblioteket i Oslo opna til 150-årsjubileet i 1963, laga av Bergljot Andersen med god hjelp frå Reidar Djupedal. Det var nok den første utstillinga om Ivar Aasen utanfor Aasen-tunet, og den blei opna av statsråd Helge Sivertsen søndag 5. august 1963.

1996 var året då Universitetsbiblioteket i Oslo viste utstillinga *Ivar Aasen. Den lange reisa 1842–1846*. Regien var ved Oddvar Vasstveit, som forma ein utsøkt dokumentasjon. Ein kopi av manuskriptet ligg i arkivet i Ivar Aasen-tunet. Same året viste Botanisk museum utstillinga *Ivar Aasen og herbariet*, laga av Reidar Elven. Ivar Aasen-året 1996 laga si eiga vand-reutstilling *Ivar Aasen – mannen og verket*, med utstillingskatalog redigert av Asgjerd Taksdal.

Då det nye var Aasen-tunet opna i 2000, handla ein viktig del av basisutstillinga om Ivar Aasen. Våren 2013 supplerte Ivar Aasen-tunet med temautstillinga *Språksamlaren Ivar Aasen* frå 1. mars. Denne blei i stor grad utvikla uavhengig av arbeidet med biografien *Historia om Ivar Aasen*. Berre to veker seinare opna Universitetsbiblioteket i Bergen utstillinga *Ivar Aasen og Bergen* med utstillingskatalog skriven av Jan Olav Gatland.

Nasjonalbiblioteket i Oslo opna utstillinga *Leve språket!* på den europeiske språkdagen 26. september i Språkåret 2013. Der var Ivar Aasen ein av mange.

DET ER OGSÅ DIKTARANE. På ei liste over skjønnlitterære forfattarar som har skrive om Aasen fram til 1950, står mange av dei som var sentrale aktørar i si tid. Den første var A.O. Vinje i 1853, seinare kom både Arne Garborg (1878), Anders Vassbotn (1889), Rasmus Løland og Sven Moren (1896), Per Sivle (1897), Olav Aukrust (1907), Henrik Rytter (1913), Inge Krokann (1939). Nynorskforfattarane var mange, bokmålsforfattarane få. På dei hundre åra fram til 1950 dukkar berre desse opp: Bjørnstjerne Bjørnson (1855), Th. Haukenæs (1908) og Herman Wildenvey (1938).

Somme skreiv dikt og songar. Så langt er 85 dikt og songar om og til Ivar Aasen registrerte. Berre i Språkåret 2013 kom det sju nye dikt og songar om han. Noko særleg høgt tal er ikkje dette. Thor M. Andersen fekk

med nærmare 80 dikt om og til Arne Garborg frå og med 1887 i bibliografien *Garborg-litteratur 1866–1942*. Olaf Hanssen samla på alle dikt skrivne om eller til Roald Amundsen, og i *Polarårboken 1942* var han komen opp i 301 minnedikt. I *Vinje-bibliografien* er 75 dikt og songar til eller om A.O. Vinje dokumentert.⁷⁹

Arne Garborg kunne lese vel 50 dikt om seg sjølv medan han levde, medan Aasen kunne sjå sju på prent. Den litterære tradisjonen hyllingsdikt var nok meir utbreidd tidleg på 1900-talet enn seint på 1800-talet.

Dei to første dikta om Ivar Aasen publiserte Henrik Krohn i 1867, og til eit stemne i Aasen-tunet sommaren 1885 skreiv Anders Hovden ein all-song.

Dei første dikta kom altså samstundes med dei første biografiske artiklane. Skilnaden mellom hyllingsdiktet og hyllingsartikkelen var mest eit spørsmål om form. På og mellom linjene var respekten for mannen og gleda over verket den same.

Å skrive hyllings- og minnedikt var ein vanleg uttrykksmåte eit stykke ut på 1900-talet. Fleire, men ikkje alle, blei i tidlege år skrivne av personar som kjende Aasen. Ein av desse var Magnus Hamlander, ei tid redaktør for bladet *Breidablik* på Røros. I prøvenummeret 15.11.1894 skreiv han berre 17 år gamal ei forseinka helsing til 81-årsjubilanten. Samstundes skreiv han at det måtte reisast ein bautastein på grava til Aasen når den dagen var der. Det var truleg første gongen nokon tok til orde offentleg for å reise den steinen som blei avduka 17. mai 1903.⁸⁰ Dette var eit uvanleg tema for ein 17-åring, og sjølv den gongen var det nok uvanleg å drøfte offentleg kva som skal gjerast med grava til ein som enno levde.

Hamlander signerte tekstane sine om Aasen som Magne Djupdal. Det gjeld også det minnediktet om Aasen som han prenta i bladet sitt 24.9.1896, tidstypisk i form og innhald. I dikta blei Aasen skildra som høvdingen, målreisaren, leiestjerna, vegbrøytaren – der var livskraft og livsverk, ingen flugesteg eller blygskap.

Etter 1940 blei det skrive få hyllingsdikt om Aasen. Likevel var det no det viktigaste diktet blei skapt. Dette ikoniske diktet er den prologen

⁷⁹ Ottar Grepstad: *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje*, Ørsta 217 s. 245.

⁸⁰ Jf. Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 1913, s. 336.

Tarjei Vesaas skreiv til hundreårsjubileet for *Ordbog over det norske Folkesprog* – og utgivinga av første heftet i det nye verket *Norsk ordbok* – hausten 1950.⁸¹ Ragnar Hovland er framleis ganske åleine med sine fem skjemedikt om Ivar Aasen og katten hans, utgitt i samlinga *Katten til Ivar Aasen møter hunden frå Baskerville*. Denne boka med dikt for born kom ut nettopp i Ivar Aasen-året 1996, og i ny utgåve i 2007.

Noko slikt har ingen enno skrive på bokmål. Der er knapt eit dikt å finne om Ivar Aasen på bokmål. Tydelegare kan ikkje den språkdelte norske kulturen bli: For fleirtalet er nynorsk skriftkultur ei sak for seg.

AASEN OG VINJES LIVSVERK har vore eit prisme for bryting av interesser og forståingsformer, som er blitt omforma til tiltak, arrangement, kunnskap, formidling. Over tid er nok det språklege og kulturelle blitt viktigare enn det nasjonale. Våren 2014 fekk alle stortingsrepresentantane ei helsing frå Det Norske Samlaget til grunnlovsjubileet. Gåva var boka *Historia om Ivar Aasen* med eitt innlagt kort om «Den store tanken»:

Hadde Ivar Aasen makt? I meir enn 170 år har nordmenn diskutert det han sette i gang i 1842, språkforskarar verda rundt hentar fram dei respektfulle orda når namnet hans blir nemnt, og mange hundre tusen bruker dagleg det språket han fann og forma til skrift. Ivar Aasen skreiv seg til makt, men tok aldri ordet i ei offentleg forsamling.

For han var Grunnlova ein politisk grunntekst for demokrati. I alle dei viktige tekstane hans om den språklege framtida i Noreg strekkjer Grunnlova seg ut mellom linjene. Med stille tyngd skreiv han at dei retane den nye konstitusjonen gav folk flest, også måtte gjelde det språklege. Han viste til lova, brukte den som argument og skreiv tankane derifrå inn i orda sine.

Det er tanken som gjer det meste, song Aasen. Han var si eiga tanke-smie og viste kva definisjonsmakt handlar om. Første gongen han var i hovudstaden, følgde han ordskiftet i Stortinget seks dagar på rad. Seinare blei han lommekjend i dette folkestyret.

Først i alders år, 71 år gamal, fekk han røysterett. Den brukte han aldri. I alle dei år hadde han då brukt ein annan røysterett, den som var

⁸¹ Tarjei Vesaas: «Ivar Aasen», *Dagbladet* 18.11.1950.

allmenn, den makta i språket som Grunnlova opna for og som han så tidleg forstod verdien av. Det er slikt det blir samfunnsendringar av.

Historia om Ivar Aasen er ei enkel forteljing om kva ein myndig borgar kan utrette og korleis fellesskapar blir til når berre tanken er stor nok.

Ivar Aasen-tunet,
ein dag i Grunnlovsåret 2014

Skrifter og tekstar 1841–1896



Teatergata 6 i Oslo. Frå 1858 til 1880 budde Ivar Aasen i to rom rett over porten. Her skreiv han dei fleste hovudverka sine. Ukjend fotograf, planteikning av Arne Berg 1938.



1841

- 1 Neumann [Jacob]: «Iver Aasen», *Bergens Stiftstidende* 19.8. og 22.8.1841. Med «Den Søndmørske Dialekt af Iver Aasen» 19.8., datert mai 1841.
- 2 Aasen, Iver: «Selvbiografi», *Bergens Stiftstidende* 22.8.1841. Også prenta i *Den Constitutionelle* 9.9., *Landboe-Avisen* 11.9.1841 med merknader av Maurits Aarflot, *Dagbladet* 5.8.1893 og *Aftenposten* 23.9.1896 kveldsnummer under tittelen «En Autobiografi».

1844

- 1 Schwach, Conrad Nicolai: *Kort Udsigt over det kongelige norske Videnskabs-Selskabs Historie fra dets Oprindelse til Udgangen af 1844*, Det Kongelige Norske Videnskabs-Selskabs Skrifter i det 19de Aarhundrede, Trondheim 1844. Om Ivar Aasen s. 21.

1846

- 1 Bugge, Frederik Moltke: «Almuedialekterne», *Morgenbladet* 25.5.1846 Om arbeidet til Ivar Aasen, som svar på innlegget 14.5.1846
- 2 «Om Ordbøger over de norske Dialekter», *Morgenbladet* 14.5.1846.

1848

Bokmeldingar

- 1 Dyrlund, N.K. Folmer: «Det Norske Folkesprogs Grammatik, ved Ivar Aasen», *Antiquarisk Tidsskrift udgivet af Det Kongelige Nordiske Oldskrift-Selskab*, København 1848, s. 236–257.
- 2 Munch, P.A.: «Anmeldelse. Det norske Folkesprogs Grammatik af Ivar Aasen. Udgivet paa det kongelige norske Videnskabs-selskabs Bekostning», *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1848, s. 282–298. Også prenta i P.A. Munch, *Samlede Afhandlinger I*, Alb. Cammermeyer, Christiania 1873, s. 360–374; i Fredrik Bætzmann (red.): *Norge. Uddrag af ældre og nyere Forfatters Skrifter*, Gyldendal, København 1880, s. 52–54 (utdrag); og i Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*, Oslo 1975, s. 24–38.
- 3 «I. Aasen: Norske Viser og Stev i Almuesproget», *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1848, s. 269–280. Også prenta i Ivar Aasen: *Skrifter i samling*, III, 1912, s. 31–34.
- 4 «Ivar Aasens 'norske Grammatik'», *Morgenbladet* 24.4.1848 og *Postbudet* 13.5.1848.

1849

- 1 Vullum, Olaus: «Tale, holden i det kongl. norske Videnskabs-Selskab i Trondhjem den 4de Juli af Selskabets Vicepræsides Sognepræst Vullum», *Den Frimodige* 27.7.1849. Også prenta i *Morgenbladet* 14.8.1849.

1850

- 1 «Stipendium for Ivar Aasen (Indsendt)», *Den Norske Rigtidende* 25.12.1850. Reidar Djupedal meiner innsendaren er Eilert Sundt, jf. Djupedal: *Noko om Ivar Aasen i åra 1840–1860*, Oslo 1950, s. 127 ff.
- 2 [Notis], *Postbudet for Landalmnuen* 14.9.1850. «Ivar Aasen er isøndags tilbakekommen til sin Hjembygd, ...».

Bokmeldingar

- 3 «Ordbog over det norske Folkesprog af Ivar Aasen», *Christiania-Posten* 16.11.1850.

1851

- 1 *Indstilling* 56. 1851. Indstilling fra Kirkekommitteen angaaende den Kongelige Proposition om Oplysningsvæsenets Understøttelsesfond Indtægter og Udgifter i Tidsrummet fra 1ste Juli 1851 til 30te Juni 1854, s. 292. Innstilling 19.6.1851 om stipend til Ivar Aasen i samsvar med framlegget frå regjeringa, med samrøystes vedtak i Stortinget 21.7.
- 2 «Kirkedepartementets Forslag betræffende Stipendium for Ivar Aasen». *Postbudet* 8.2.1851.
- 3 *Kongelig Proposition No 11*. 1851. Den norske Regjerings underdanigste Indstilling af 20de November 1850, som ved Kongeleg Resolution af 10de December næstefter naadigst er bifaldt, s. 83–85. Framlegg om stipend på 300 spesidalar til Ivar Aasen.
- 4 Østgaard Nicolai Ramm: *En Fjeldbygd*, Christiania 1851. Om Ivar Aasens arbeid særleg s. XI.

Bokmeldingar

- 5 Munch, P.A.: «Anmeldelse af Ivar Aasens og C. A. Holmboes Sprogarbejder», *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1850, s. 335–346. Også prenta i P.A. Munch: *Samlede Afhandlinger II*, Alb. Cammermeyer, Christiania 1874, s. 433–476, og i Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*, Oslo 1975, s. 39–49. Aasen fekk heftet 4.3.1851.
- 6 «Literatur. Ordbog over det norske Folkesprog af Ivar Aasen». *Postbudet* 15.3.1851. Utdrag frå meldinga av Munch.
- 7 Möbius, Thd.: «Linguistik», i *Leipziger Repertorium der deutschen und ausländischen Literatur*, Hg. von Dr. E. G. Gersdorf, 1851, s. 133–136. Melding av Ivar Aasen: *Det norske Folkesprogs Grammatik*, 1848, og *Ordbog over det norske*

Folkesprog, 1850. Referert i *Norsk Tidsskrift for Videnskap og Litteratur* 1851–52, s. 84, *Morgenbladet* 22.4.1851 og *Postbudet* 17.5.1851.

1852

- 1 [Daa, Ludvig Kristensen]: «Den norske Sprogstrid», *Den norske Tilskuer* 27.11.1852.
- 2 [Daa, Ludvig Kristensen]: «Om at gjøre et nyt norsk Sprog», *Den norske Tilskuer* 16.10.1852.
- 3 [Gjessing, Matthias] M.G.: «Sprogstriden». *Morgenbladet* 24.11.1852. Med oppmoding om å omsetje Bibelen til det nye landsmålet.
- 4 Hauge, N.: «Lidt om Norskheden i Folkevennen», *Morgenbladet* 29.10.1852. Svar til Ivar Aasens melding av *Folkevennen*, 1852.
- 5 [Monrad, Marcus Jacob]: «Om det norske Sprog», *Den norske Tilskuer* 18.12. og 25.12.1852.
- 6 [Roggen, Bernhard]: «Lidt om 'Norskheden'», *Den norske Tilskuer* 9.10.1852.

Bokmeldingar

- 7 Dyrhlund, N.K. Folmer: «Dansk Dialect-Lexicon og Ordbog over det norske Folkesprog», *Antiquarisk Tidsskrift udgivet af det kongelige Nordiske Oldskrift-Selskab*, København, 1852, s. 133–142.

1853

- 1 {Ivar Aasen}, *Illustreret Nyhedsblad* 27.8.1853. Notis om at Ivar Aasen er komen attende til byen etter reise.

Bokmeldingar

- 2 Botten-Hansen, Paul]: «Literatur og Kunst. Prøver af Landsmaalet i Norge af I. Aasen», *Illustreret Nyhedsblad* 25.6.1853. Meldaren meiner at landsmålet høver godt til dikting, men berre lite til det meir abstrakte.
- 3 Munch, P.A.: [Omtale av Ivar Aasen: *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853)], *Morgenbladet* 27.6.1853 og *Postbudet* 9.7.1853.
- 4 Unger, Carl Richard: «Prøver af Landsmaalet i Norge af I. Aasen», *Norsk Tidsskrift for Videnskap og Litteratur*, 1853, s. 290–295.
- 5 Vinje, Aasmund O.: [Omtale av Ivar Aasen: *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853)], *Drammens Tidende* 24.6. og 26.6.1853. Også prenta i A.O. Vinje: *Skrifter i Samling I*, 1916–21 og 1993, s. 100–104.
- 6 Winter-Hjelm, H.: «Litterære Efterretninger: Prøver af Landsmaalet i Norge af Ivar Aasen», *Norsk Tidsskrift for Videnskap og Litteratur*, 1853, s. 112–114.

1854

- 1 *Indstill. S. No. 84.* 1854. Indstilling til Stortinget fra Committeeen for Kirke- og Underviisningsvæsenet angaaende de Poster af den Kongelige Proposition om

Oplysningsvæsenets Understøttelsesfonds Indtægter og Udgifter, angaaende hvilke den ei tidligere har afgivet Indstilling, s. 455–456. Innstilling 22.7. om vidareføring av stipend til Ivar Aasen på 300 spesidalar. Vedteke samrøystes i Stortinget 10.8.1854.

- 2 Vinje, A.O.: «Betydningen af et folkeligt Sprog i Bibelen», *Drammens Tidende* 24.4.1854. Også prenta i *Skrifter i Samling*, band I, Oslo 1916 og 1993, s. 172–175 og i seinare utgåver. Oppmoding til Ivar Aasen om å omsetje *Bibelen* til landsmål.

Bokmeldingar

- 3 [Botten-Hansen, Paul]: «En liden Læsebog i Gammel-Norsk af I. Aasen», *Illustreret Nyhedsblad* 9.9.1854.
- 4 Vig, Ole: «En liden Læsebog i Gammel Norsk», *Den norske Folkeskole*, 1854, s. 106–108.

1855

- 1 Vigfusson, Gudbrand: «Ferdasaga ur Noregi», *Ny Felagsrit*, XV, 1855, s. 67–69.
- 2 Vigfusson, Gudbrand: «Reisebilleder i Norge», *Illustreret Nyhedsblad*, 1855, s. 153–154 og 158–159. Den islandske artikkelserien omsett til dansk og prenta i sju delar – del 6 og 7 om språk og Ivar Aasen ofl.
- 3 «Fædrelandet», *Nordmanden. Et Skillingsblad til Almeenoplysning* 6.5.1855, s. 26–28. Om Ivar Aasen.

Bokmeldingar

- 4 Bjørnson, Bjørnstjerne: «Ervingen. Originalt Sangspil i en Akt, opført paa det norske Teater den 29de April», *Aftenbladet* 3.5.1855. Også prenta i *Artikler og taler I*, red. Chr. Collin og H. Eitrem, Kristiania 1912.
- 5 [Botten-Hansen, Paul]: «Literatur og Kunst. Ervingen», *Illustreret Nyhedsblad* 5.5.1855.
- 6 «Det Norske Theater». *Morgenbladet* 6.5.1855. Omtale av *Ervingen*.
- 7 [Ervingen]. *Drammens Blad* 18.5.1855. Eit dårleg drama som inneheld «nogle lyriske Skjønheder».
- 8 Monrad, Marcus Jacob: «Ervingen. Sangspil i een Akt. Christiania. Trykt paa det norske Theaters Forlag. 24 s. 1855. Med Melodier. Priis 16 sh», *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 1854–55, s. 366–377.
- 9 Vinje, Aasmund O.: [Omtale av Ivar Aasen: *Ervingen*, 1855], *Drammens Tidende* 30.4.1855. Også prenta i A.O. Vinje: *Skrifter i Samling I*, 1916 og 1993, s. 177–179.

1856

- 1 Vig, Ole: «Korstog mod unødvendige fremmede Ord i Bøger og Blade», *Christiania-Posten*. Dato ukjend, referert i *Enkelte af Ole Vigs Arbeider*, 1859, s. 294

Bokmeldingar

- 2 [Bjørnson, Bjørnstjerne]: «Ivar Aasens Samling af norske Ordsprog», *Illustreret Folkeblad* 28.5. (s. 33–34), 11.6. (s. 43) og 25.6.1856 (s. 51).
- 3 Botten-Hansen, Paul]: «Literatur og Kunst», *Illustreret Nyhedsblad* 10.5.1856. Melding av Ivar Aasen, *Norske Ordsprog*, 1856.
- 4 Stephens, George: «Norske Ordsprog, samlede og ordnede af J. [!] Aasen», *The Gentleman's Magazine* nr. 201 1856, s. 481–482.
- 5 Vig, Ole: «Norske Ordsprog, samlede og ordnede af I. Aasen», *Den norske Folkeskole*, 1856, s. 342–347. Også prenta i Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*, Oslo 1975, s. 50–55.
- 6 «Norske Ordsprog, samlede og ordnede af Ivar Aasen, Christiania 1856», *Nordisk Universitets-Tidskrift*, hft. 3, 1856, s. 155–159.

1857

- 1 [Botten-Hansen, Paul]: «Lønnede Sproggranskere», *Illustreret Nyhedsblad* 25.1.1857.
- 2 *Indst. S. No. 66. 1857*. Indstilling fra Committeeen for Kirke- og Undervisningsvæsenet angaaende Hovedtitlene D og F paa Oplysningsvæsenets Understøttelsesfonds Udgiftsbudget, indeholdende Udgifter til Almueskolevæsenet og hvad dermed staar i Forbindelse samt til andre almennyttige Foranstaltninger, s. 303. Innstilling om å auke stipendiet til Ivar Aasen til 400 spesidalar. Vedteke samrøystes «og uden Debat» i Stortinget 26.6.1857.
- 3 Kraft, Jens E.: «Ivar Andreas Aasen», *Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1856 af Jens E. Kraft. Efter Forfatterens Død ordnet, forøget og udgivet af Christian C.A. Lange*, Første Hefte, Johan Dahl, Christiania 1857, s. 10–11.

1858

- 1 [Monrad, Marcus Jacob]: [Innlegg mot Ivar Aasen], *Morgenbladet* 25.11.1858. Svar til Ivar Aasen: «Om Sprogsagen», *Illustreret Nyhedsblad* 7. og 14.11.1858.
- 2 [Munch, P.A.]: «Ivar Aasen», *Nordisk Conversations-Lexicon, I*, Forlagsbureauet, Kjøbenhavn 1858. Prenta i ny utgåve 2010.
- 3 «Sprogsagen og Ivar Aasen (Af Anmelderen af I. Aasens Oversættelse af Fridtjofs Saga i det nyere Landsmaal)», *Christiania-Posten* 3. og 4.12.1858.

Bokmeldingar

- 4 Sundt, Eilert: «Om det norske Sprog», *Folkevennen* 1858, SIDE KVA. Om *Fridtjofs Saga*.
- 5 [Melding av Ivar Aasen: *Fridtjofs Saga*, 1858, og S. Bugge: *Norske Folkeviser*, 1858], *Christiania-Posten* 21.10., 22.10., 22.11. og 23.11.1858.
- 6 [Melding av Ivar Aasen: *Fridtjofs Saga*, 1858], *Aftenbladet* 1.10.1858.

1859

- 1 *Indst. S. No. 35. 1859. Indstilling angaaende nogle Poster vedkommende Oplysningsvæsenets Fond. (Aftryk No. 26.), s. 106. Innstilling 30.11.1859 om å føre vidare stipend på 400 spesidalar til Ivar Aasen. Vedteke samrøystes i Stortinget 16.12.1859.*

Bokmeldingar

- 2 Arbo, Aksel: «Fridtjovs Saga i umskrift i dat nyare landsmål vid Ivar Aasen», *Dølen* 16.10.1859.

1862

- 1 [Redaksjonell kommentar], *Bergensposten* 18.2.1862. Etter melding om mållag i Kristiania.

Ordskifte i Trondheim, kronologisk ordna

- 2 [Leiarartikkel], *Throndhjems borgerlige Realskoles alene privilegerede Adressecontors Efterretninger [Adresseavisen]* 21.12.1862. Åtak på Ervingen og landsmålet.
- 3 «'Ervingen'», *Throndhjems borgerlige Realskoles alene privilegerede Adressecontors Efterretninger [Adresseavisen]* 23.12.1862. Svar på innlegg 21.12.
- 4 «Theatret. Langt fra og langt fra ikke», *Throndhjems Stiftsavis* 24.12.1862. Om framføringa av *Ervingen* frå 1855.
- 5 [Om *Ervingen* og teateret], *Throndhjems borgerlige Realskoles alene privilegerede Adressecontors Efterretninger [Adresseavisen]* 27.12.1862.
- 6 X: [Om *Ervingen* og teateret], *Throndhjems borgerlige Realskoles alene privilegerede Adressecontors Efterretninger [Adresseavisen]* 28.12.1862. Redaksjonell kommentar til stykket 23.12.
- 7 «Theatret», *Throndhjems Stiftsavis* 31.12.1862.

Bokmeldingar

- 8 [Om *Ervingen* og landsmålet], *Throndhjems borgerlige Realskoles alene privilegerede Adressecontors-Efterretninger [Adresseavisen]* 28.12.1862.

1863

- 1 *Indst. S. No. 94. 1863. Indstilling fra Kirkekomiteen No. 1 om nogle Bevilgninger af Oplysningsvæsenets Understøttelsesfond samt om det endelige Opgjør af dets Budget, s. 409. Innstilling 16.3. om vidareføring av stipend til Ivar Aasen på 400 spesidalar.*
- 2 «Korrespondance fra Christiasnia», *Stavanger Amtstidende* 8.7.1863. Notis om at Symra er utgitt, og at folk trur det er Ivar Aasen som er forfattaren. I same stykket skriv korrespondenten også om Vinjes bok *A Norseman's Views of Britain and the British*.

- 3 [Liste over alle bøker, bladstykke og viser på landsmål og bygdemål 1842–1862], *Den norske Folkeskole* 15.6.1863. Med tillegg i juli 1864.
- 4 *Storthingstidende* 8.4.1863, s. 517–518. Ordsките om vidareføring av stipend til Ivar Aasen. Stortinget vedtok innstillinga frå komiteen mot 1 røyst (Søren Jaabæk). Dette er det første refererte ordskitet om Ivar Aasen i Stortinget.

Bokmeldingar

- 5 [Botten-Hansen, Paul]: «Symra», *Illustreret Nyhedsblad* 28.6.1863. Bokmelding.
- 6 Reitan, Anders: «Hjertelag og Sang». *Lørdags-Aftenblad for Arbeiderklassen* 10.10.1863. Melding av *Symra*.
- 7 «Bognyt. Symra. (Af Ivar Aasen)», *Den norske Folkeskole* 1863, s. 281.
- 8 «Korrespondance til Intelligentssedlerne». *Christiania Intelligentssedler* 15.8.1863. Ein nordmann i København melder *Symra*.
- 9 «Literatur», *Illustreret Nyhedsblad* 3.7.1863. Melding av *Symra*.
- 10 «Literatur. Symra». *Aftenbladet* 2.11.1863. Halve framsida med fleire viser trykte in extenso.
- 11 «Symra». *Almueskole-Tidenden* 1863, s. 106. Melding av innsendar.

1864

- 1 [Ivar Aasen], i F.A. Brockhaus (red.): *Conversations-Lexicon*, 11. utgåva, Leipzig 1864–1868.

Bokmeldingar

- 2 A.J.: «Ivar Aasen. Norsk Grammatik». *Den norske Folkeskole* 1864, s. 363.
- 3 [Botten-Hansen, Paul]: «Literatur og Kunst. Norsk Grammatik af Ivar Aasen», *Illustreret Nyhedsblad* 3.4.1864.

1865

- 1 «Mange Bønder»: [«Hr. I. Aasen!»], *Ferdamannen* 9.12.1865. Ope brev.

Bokmeldingar

- 2 [Krohn, Henrik] H.K.: «Lidt om 'Norsk Grammatik af Ivar Aasen'», *Aftenbladet* 17.5. og 18.5.1865.
- 3 Nygaard, Marius: «Norsk Grammatik af Ivar Aasen», *Tidskrift for Philologi og Pædagogik*, 1865, s. 54–74. Også prenta i Magne Myhren (red.): *Ei bok om Ivar Aasen*, Oslo 1975, s. 56–82.
- 4 Røst, Olaf: «Ivar Aasen», *Lørdags-Aftenblad for Arbeidsklassen* 10.6., 24.6., 1.7. og 8.7.1865. Melding av *Norsk Grammatik*, 1864, biografi om Aasen og språkpolitisk drøfting.
- 5 «Kristiania», *Aftenbladet* 20.5.1865. Svar til Henrik Krohns artikkel 17.5. og 18.5.1865.

- 6 [Omtale av framsyning av *Ervingen* på Christiania Theater 17.5.1865], *Aftenbladet* 18.5.1865. Avis skriv om språket i stykket at det «i Skjønhed staar over det Sprog der sedvanlig lyder fra vor Scene».

1866

- 1 *Indst. S. No. 104*. 1866. Indstilling fra Kirkekommitteen om de Poster af Oplysningsvæsenets Fonds Budget, som vedkomme Almueskolevæsenet samt andre almennyttige Foranstaltninger. (Aftryk S. No. 4), s. 381. Innstilling 7.3.1866 om vidareføring av stipend til Ivar Aasen på 400 spesidalar. Vedteke samrøystes i Stortinget 4.4.1866.
- 2 Larsen, Peter: «Ivar Andreas Aasen», *Conversations Haandlexikon*, band I, Boghandler V. Pios Forlag, Kjøbenhavn 1866.

1867

- 1 Krohn, Henrik: «Ivar Aasen» (Fræge mann av bondestand!), *Smaakvæde*, E.B. Gjertsen, Bergen 1867. Dikt. Også prenta i *Skrifter av Henrik Krohn*, Kr. Madsens Boghandel, Bergen 1909, s. 69.
- 2 Krohn, Henrik: «Ivar Aasen» [Fremst millom frilyndte], *Smaakvæde*, E.B. Gjertsen, Bergen 1867. Dikt. Også prenta i *Skrifter av Henrik Krohn*, Kr. Madsens Boghandel, Bergen 1909, s. 70.
- 3 «Björgvin paa 24de Mai», *Ferdamannen* 24.5.1867. Referat frå møte med 150 frammøtte i Det norske Studentsamfund i Kristiania om kvelden 17.5.1867. «Nordmannen» blei sunge, Carl Johan Nielsen talte for Ivar Aasen, og både Bjørnson, Monrad og Vinje var til stades. Dette kan vere den første dokumenterte framføringa av «Nordmannen» som allsong. Referat frå festen også i *Aftenbladet* 18.5.1867 og *Morgenbladet* 19.5.1867. *Aftenbladet* identifiserer forfattaren av songen.

1868

- 1-5 [Klæbo, John] Filodemos Pedersen: «En Hilsen til Lærere», *Almueskole-Tidenden*. Del II av denne serien handlar om «Maalsagen» og er prenta 20.2., 1.3., 10.3., 20.4., 1.5., 20.6., 10.7., 20.8., 20.10. og 24.12.1868. Dei fem artiklane frå og med 20.4. handlar mest om Ivar Aasen. Serien blei prenta posthumt under tittelen «Træk af det norske folks aandsliv» i John Klæbo: *Digte og Fortællinger*, P.T. Mallings Boghandel Forlag, Kristiania 1888, s. 63–107, der Ivar Aasen er særleg omtalt s. 82–100.
- 6 «Maalstrævernes Program», *Aftenbladet* 18.1.1868.
- 7 «Maalstrævernes Æsthetik (Udtalelser)», *Aftenbladet* 25.1.1868.
- 8-13 «Maalstrævet. Om det norske målstræv. Av K. Knudsen, overlærer. Trykt på forfatterens kostning, *Morgenbladet* 30.1. (I), 2.2. (II), 9.2. (III), 23.2. (IV), 27.2. (V), 3.3. ((IV) (!)).
- 14 «Ultimatum (Udtalelser)», *Aftenbladet* 1.2.1868.

1869

- 1 Daa, Ludvig Kristensen: *Om Nationaliteternes Udvikling*, I. Abelsteds Forlag, Kristiania 1869, 319 s.
- 2 *Indst. S. No. 107*. 1869. Indstilling fra Kirkekomiteen No. 1 angaaende de Poster paa Oplysningsvæsenets Fonds Budget, fom vedkomme Almueskolevæsenet og Fremme af videnskabelige Øiemed. (S. No. 15 og No. 44), s. 448. Innstilling 19.3.1869 om vidareføring av stipend til Ivar Aasen på 400 spesidalar. Vedteke samrøystes i Stortinget 16.4.1869.
- 3–6 [Janson, Kristofer]: «Kristofer Jansons literaturhistoriske Forelæsninger», *Bergens Tidende*. Om Ivar Aasen 15.4., 17.4., 19.4. og 20.4.1869. Utdrag prenta som kjellar i *Drammens Blad* 7.1. og 8.1.1870, men med ein feil som gjer at éi side manglar.
- 7 Mo, Hans: «Brevsending fraa Bergen», *Dølen* 28.2. Tale for Ivar Aasen.
- 8 «Ivar Aasen». *Dagbladet* 15.2.1869. Notis om at Ivar Aasen no er ferdig med oppslagsorda på bokstaven *i* og har skrive 3453 kvartsider til Norsk Ordbog. Han har fått materiale frå heile landet.

1870

- 1 Janson, Kristofer: «Ivar Aasen». *Drammens Blad* 7.1. og 8.1.1855. Referat av tale.
- 2 Roll, Ferdinand: «Norge i 1869». *Folkevennen* 1870, s. 219 f. Omtale av Aasens «Ordbog over det norske Sprog». Roll føregrip: «Nu endelig har han lagt den sidste Haand paa Værket og sendt det i Trykken». Aasen hadde ferdig eit første samla manuskript i desember 1869, og første heftet var trykt 25.3.1871.

1871

- 1 Fjærtøft, Olaus Johannes: [Om målforma til Ivar Aasen], *Fram* 5.8.1871.
- 2 «En Bonde»: «Ervingen», *Dagbladet* 8.3.1871.

Bokmeldingar

- 3 Liebrecht, Felix: [Melding av *Norsk Ordbog*, hefte nr. 1], *Göttingische gelehrte Anzeigen*, band 2, 1871, s. 1479–1480.
- 4 «Literatur. Ivar Aasen. Norsk Ordbog», *Skilling-Magazin* nr. 14 1871, s. 222.
- 5 «Norsk Literatur bedømt i Udlandet», *Aftenbladet* 2.10.1871. Om meldinga av Liebrecht.
- 6 Schjøtt, Steinar: «Norsk Ordbog», *Andvake* 1.4.1871.
- 7 «Norsk Ordbog af Ivar Aasen», *Bergens Adressecontours Efterretninger* 17.4.1871. Notis.

1872

- 1 Fjærtøft, Olaus Johannes: [Om målforma til Aasen], *Fram* 1872, s. 281–282.

- 2 Riste, Per: «Fraa vaare Bok-Seljarar», *Fraa By og Bygd*, Bergen 1872–73, s. 218–252. Om interessa for det nye landsmålet på dei stadene Ivar Aasen voks opp.

Bokmeldingar

- 3 Maurer, Konrad: «Norsk Ordbog af Ivar Aasen», *Germania*, band XVII, 1872, s. 235–238. Referert i *Morgenbladet* 24.7.
- 4 «Ivar Aasen og den nye Udgave af hans Ordbog», *Morgenbladet* 28.7.1872 og *Bergens Tidende* 30.7.1872. Om Maurers melding.
- 5 «Norsk Ordbog», *Norsk Folkeblad* 19.10.1872.
- 6 «Norsk Ordbog af Ivar Aasen», *Skilling-Magazin* nr. 23 1872, s. 367.
- 7 «Nye Bøger. Norsk Ordbog», *Norsk Folkeblad* 24. 8.1872.

1873

Bokmeldingar

- 1 Arnesen, Martin: [Norsk Ordbog], *Smaalenenes Amtstidende* nr. 58 1873. Ingen artikkel funnen i dette eller nærliggjande nummer, heller ikkje i 1874.
- 2 «Norsk Ordbog af Ivar Aasen», *Zeitschrift für vergleichende Sprachforschung*, band XXI, 1873, s. 288.
- 3 «Literatur. Norsk Ordbog med dansk Forklaring af Ivar Aasen», *Bergens Tidende* 20.9.1873. Lang melding.

1874

- 1 [Gjessing, Matthias D.] dg: «Ivar Aasen, Professorgage», *Aftenbladet* 7.5.1874. Innlegg om at Aasen bør få ekstraordinær professorgasje på linje med Ernst Sars og ikkje stipend.
- 2 *Indst. S. No. 128*. 1874. Indstilling fra Kirkekomiteen angaaende de tilbagestaaende Poster paa Oplysningsvæsenets Understøttelsesfonds Budget og dette Budgets Opgjør. (Sth. Prp. No. 2), s. 431. Innstilling 23.5.1874 om å auke stipendet til Ivar Aasen med 125 spd. for tida 1.4.1874–30.6.1875.
- 3 *Storthingstidende* 1.6. og 2.6.1874, s. 912–913. Ordsifte om kor mykje stipendet til Ivar Aasen skal aukast. Mot 4 røyster vedtok Stortinget 2.6.1874 å auke stipendet med eit fast årleg tillegg på 200 spesidalar frå 1.4.1874.
- 4 Wittstock, Albert: *Autodidakten-Lexikon. Lebensskizzen derjenigen Personen aller Zeiten und Völker, welche auf aussergewöhnlichem Bildungs- und Entwicklungsgange sich zu einer hervorragenden Bedeutung in Kunst und Wissenschaft emporgearbeitet haben*, I, Abh. I, Leipzig 1874. Omtale av Ivar Aasen, s. 1–3.

Bokmeldingar

- 5 [Hølaas, Andreas] A.H.: «Literatur. Norsk Ordbog med dansk Forklaring af Ivar Aasen», *Dagbladet* 21.2., 23.2., 24.2., 26.2. og 27.2.1874.
- 6 Liebrecht, Felix: «Norsk Ordbog med dansk Forklaring af Ivar Aasen», *Zeitschrift für deutsche Philologie*, band V, 1874, s.369–378.

- 7 Theatergjenger: «Ervingen», *Dagbladet* 11.3.1874. Oppmodar teatret om å setje stykket opp att.
- 8 «Bøger og Blade», *Verdens Gang* 20.5.1874. Melding av *Ervingen*, 2. utgåva.
- 9 «Ivar Aasen berømt i Udlandet», *Bergensposten* 20.12.1874, tillegg. Artikkelen i Wittstocks leksikon omsett til dansk. Utdrag frå avisartikkelen i *Oplandenes Avis* 30.12.1874.
- 10 «Ivar Aasens Ordbog bedømt i Udlandet», *Aalesunds Tidende* 7.3.1874.

1875

- 1 Frisch, Carl Friedrich: [Ivar Aasen], F.A. Brockhaus (red.): *Conversations-Lexicon*, Leipzig 1875–1879.
- 2 «Skolemødet paa Fredrikshald», *Sandefjords Tidende* 28.7.1875. Referat frå tale av Olaf Røst, som mellom anna snakka om Norsk Ordbog.
- 3 «Skolemødet paa Fredrikshald», *Fredrikshalds Tilskuere* 5.8.1875. Referat frå tale av Olaf Røst, noko ulikt referatet ovanfor.

Bokmeldingar

Men vi, som soleides ero mette af at sjaa Navnet vaart paa Prent, vi hava ingen Rett til at læ aat Folk, fordi dei ogso vilja sjaa Navnet sit, Eg tenkjer meg den Vyrtnad som Proprietær «Ohle Ohlzen Scharfvebagchen» maa kjenna med seg sjølv, naar han slær up Morgenbladet, og seer sit og Kones Namn, som er Petronelle Juliane Wilhelmine Scharfvebagchen fødd Heüch. Det hever gjengjit hena som andre Kvendi, stakkar, at ho med Giftermaalet miste sit gamle Navn og maatte taka Mannens; derfor maatte ho til Scharfvebagchen setja: fødd Heüch.

«At det behagedes den Alvise Thorsdagen den 14de dennes at tage til sig Barnet i en Engels Skikkelse vor ugifte søn Carl Johan. I fjorten Dage levde han i denne syndige Verden og to forudgangne Brødre og 1 dødfødt Søster modtage ham hisset. To Engle af Smaasøstre og tre robuste Brødre begræde med os sørgende Forældre hans altfor tidlige Bortgang, som bekjendt gjøres for fraværende Slægt og Venner. Han døde under de ubarmhjertligste Lidelser. Fred med hans Støv og velsignet hans Minde!»

Scharfvebagchen, d. 29de Juli 1869.

Ohle Ohlzen Scharfvebagchen
Petronelle Juliane Wilhelmine Scharfvebagchen, født Heüch

Dølen 31. juli 1859, ikkje trykt seinare

Landsmaalets Tilblivelse

Ole L. Olsen

En Høstaften samme Aar som Risør var bleven ødelagt af en Ildebrand, kom jeg md Dampskib til denne By. Da vi kom ind paa Havnen, havde vi foran os den raserede Brandtomt, men paa begge Sider af Havnen fandtes endeel Bygninger, som havde undgaaet Ødeleggelsen. Saasnart Skibet havde stoppet op og Færgebaaden lagt ind til samme, viste der sig at være en større Tilstrømning af Passagerer til disse end jeg forud havde tenkt, og da jeg frygtede for at blive husvild for Natten eller se mig nødt til at fare en Mil landveis til nærmeste Skydsstation, Rød, skyndte jeg mig til Baadene og troede mig være blandt de første, som bleve færgede iland. Færgemanden førte os til den vestre Side af Byen, og underveis spurgte jeg ham, hvor han troede, at jeg kunde faa Hus for Natten. Han viste mig et lavt lidet Hus, som laa paa det saakaldte «Verdens Ende», hvis Ende altsaa endnu ikke var kommen, og jeg begav mig dit i den Tro, at jeg var den første af Passagererne som vilde naa derhen.

Jeg maatte gaa et par Trin ned fra Jordsmonet for at komme paa Husets Gulv, men inde i Huset saa alt net og hyggeligt ud. Jeg blev venligt modtaget og anvist et lidet Værelse lige ved Gangen. Døren fra dette Værelse til Sideværelset – et Hjørneværelse – stod aaben og da jeg ved at kaste et Blik derind saa, at dette var større og hyggeligere end mit Værelse, spurgte jeg Værten, om jeg ikke kunde faa det, men fik til Svar, at det allerede var optaget. Da jeg havde spist til Aften og jeg havde erfaret, at det var en Herre, som havde indlogeret sig i Sideværelset, søgte jeg at sætte mig i Forbindelse med ham, hvilket jeg antog var en høist uskyldig Sag, da vi to saaledes af Skjæbnen var henkastede sammen paa en Brandtomt. Paa mit Spørgsmaal om, hvor fra han var, fik jeg til Svar, at han var fra Christiania, og paa Spørgsmaalet om hvor længe han havde været der paa Stedet, svarede han, at han netop var kommen med Dampskibet. Jeg yttrede min Forundring over, at han var kommen forud for mig og ligesaa forundrede vare vi begge over at have reist med samme

Dampskib hele Dagen uden at have seet hinanden. Da han derhos oplyste at han var fra Christiania og jeg af hans Udseende antog ham for en Skolelærer, spurgte jeg ham, om saa var Tilfældet, men fik til Svar, at han ikke var lærer men havde noget med *Sproget* at gjøre.

Det er altsaa Hr N.N., jeg har den Fornøielse at tale med? spurgte jeg.
Ja det var nu saa.

Jeg tillod mig at spørge ham om Reisens Maal og fik til Svar, at han skulde til Præsten Berg i Dybvaag. Efter at have sagt ham, at jeg skulde til Klokkergaarden i Holt og at det glædede mig at faa Følge med ham, bemærkede han, at han agtede at tage Baadskyds til Dybvaag; men da han aldrig før havde været i Holt og Reisen til Dybvaag kunde gjøres over Tvede-strand som Fodtur, gik han ind paa at tage Landveien.

Jeg lovede ham godt Nattelogi den næste Aften paa gaarden nedre Solberg i Holt og inviterede ham til min Svoger til Middag den derpaa-følgende Dag.

Vi spiste den næste Dag Frokost sammen og efter hans Forslag gik vi derefter ud for at tage Stedet lidt i Øiesyn. Vi gik opp paa Fjeldet, saa en Stund ud over Fjorden og nød den friske Morgenluft. Derpaa vendte vi os om for at betragte Landet indover fra Byen. Jeg havde allerede om Aftenen sagt til Hr. N.N., at jeg aldeles vilde rette mig efter ham paa Turen. Vilde han gaa hurtigt, skulde jeg gaa hurtigt, vilde han gaa langsomt, skulde jeg gaa langsomt o.s.v. Da vi nu som sagt stod paa Fjeldet og betragtede Landet, syntes jeg, at det tog noget lang Tid førend Hr. N.N. lod mærke, at han nu havde seet nok og at vi kunde vende tilbage til Huset; men mit Forsæt tro – at rette mig efter ham – ventede og ventede jeg, uagtet jeg forlængesiden syntes at have faaet nok af det magre Syn, som den nøgne Fjeldflade frembød. Endelig brast min Taalmodighed og jeg sagde til ham, Kl. er henimod 8 ½, er det nu ikke paa Tide, at vi begive os paa Reisen? Men til min store Overraskelse fik jeg til Svar:

Det vilde have været heldigt, om vi havde staaet lidt nærmere de to Kjærringer derborte, som trætte. Kanske der kunde have været et og andet Ord at vinde for *Sproget*.

Et Lys gik nu op for mig. I al den Tid, jeg havde været staaet ørkesløs og kjedet mig, havde Hr. N.N. lyttet til disse Kjærringers Trætte. Jeg derimod var ikke tidligere bleven opmærksom derpaa, om jeg nok havde hørt lidt høirøstet Tale fra den Kant. Jeg gav mig nu strax i *Sprogets*

Tjeneste, men forgjæves. Kjærringerne befandt sig i en Afstand af mindst 400 Alen [250 m] fra os og vi kunde ikke opfange et eneste Ord; og da vi derhos vare enige om, at det vilde være faafængt at forsøge paa at nærme os dem paa det man kalder Skudvidde uden at forstyrre dem, da der ikke fandtes saameget som en Busk imellem os og dem, gik vi nu ned af Fjeldet.

Der var nu ikke mange Omstændigheder, som opholdt os længer. Vi betalte vore Regninger, sagde Værten Farvel og begav os henover Brandtomten. Vi spaserede forbi et par Telte, hvori der endnu var Beboere og det syntes os begge at være allerede noget koldt med den slags Husly for Nætterne. Saa kom vi da forbi Kirken og Landveien begyndte med en Bakke. Vi vare ikke komne mange Skridt opad denne, førend Hr. N.N. foreslog, at vi skulde sætte os ned og kaste et sidste Blik udover Byen og Fjorden. Saa skede og efter en Stund fortsatte vi Turen. Jeg lærte nu, at der er to Maader at være Turist paa. Den ene Maade er at sætte sig et Maal og at søge at naa dette Maal *i den kortest mulige Tid*. Den anden Maade er at nyde Dagen for hvert Øieblik og Naturen for hvert Skridt. Hr. N.N. viste sig at høre til den sidste Klasse af Turister og jeg havde Tiden for mig. Mange Skridt gik vi ikke før vi tog os en Hvil, og Conversationen led intet derved.

Da vi endelig naaede frem til Hovedveien ved Rød og vi kom ind paa Rød Station, viste Uhret, at Klokken var 1 ½. I Løbet af 5 Timer havde vi altsaa tilbagelagt 1 Mil. Kort før vi naaede did, var vor Samtale kommen ind paa Dødens (Vinjes) Skotlandsreise og Besvarelsen af Øiemedet med denne Reise var bleven os saa indviklet, at vi geraadede i en Latter, der lod Folkene paa Rød sætte flere Øine paa os, medens vi nød vort Maaltid. Da vi ikke trængte til anden Hvil end den, vi tog underveis, var vort Ophold her endt samtidig med Maaltidet, og vi startede nu videre og havde 1 ¼ Mil endnu at tilbagelægge inden Mørket og Natten faldt paa. Reisen gik nu paa samme Vis som om Formiddagen og ved 5-Tiden var vi naaede frem mod Lundegaardene (Lønne), hvor vi ved en Lade satte os ned og nød Udsigten udover Dalen. Samtalen var nu kommet ind paa Sprog.

Sig mig, Hr N.N., er Dødens Sprog norsk som Deres Sprog?

Nei det var nu ikke netop det.

Er da Knutssens Sprog saadant?

Nei det var ikke netop det.

Naar da disse Sprog ikke netop ere hverken det ene eller det andet, hverken dansk-norsk eller norsk, hvad ere de saa om jeg maa spørge?

Aa, Knutsen betragter nok sit Sprog nærmest som et *Overgangssprog*.

Ja saa! saa det er et Overgangssprog.

Ja, det var nok nærmest saa.

Min Overraskelse fik sit Udtryk i disse Ord.

Naar Knutsen kan lave istand et Overgangssprog og stille Fordring til Folk at lære det, saa anser jeg mig og enhver anden berettiget ti at lave istand *Overgangssprog*. Jeg tror nemlig, at hvad der i Sprogveien skal bydes og læres Folk, bør kunne fastslaaes som endeligt

Men hvad er saa det Sprog som De Hr. N.N. arbejder med?

Skal det blive Oldnorsk?

Nei, det er en Samling af de Ord, som have en mere almen Udbredelse og ikke blot findes i denne eller hin Dialekt.

Under saadanne Forhold mente jeg, at det ikke var at undres over, om der dengang fandtes Uoverensstemmelser og Forvirring i Skriftsproget, naar enhver kunde skrive efter sin Smag og sit Skjøn.

Omtent Kl. 7 ½ naaede vi Fostvedts-Broen (Veien var dengang endnu ikke omlagt) og i Fostvedtsbakken tog vi os en Hvil. Jeg maatte nu gjøre Hr. N.N. opmærksom paa, at vilde vi tilbagelægge den sidste Fjerding [2,8 km] paa samme Maade som hidtil, vilde vi ikke naa frem til vort Maal, førend Folkene paa begge Steder havde lagt sig. Nu gik det raskere fremad og vi naaede frem til Solberg netop som Folket der var i Begreb med at lægge sig.

Den næste Formiddag indfandt Hr. N.N. sig paa Klokkergaarden, blev præsenteret og derpaa overlod jeg til min Svoger at føre den sproglige Conversation med Hr. N.N.

Efter Middagen viste vi Hr. N.N. fra en god Udsigt Næs Værk og ontrent ved 4-Tiden fulgte vi ham et Stykke nedad mod Tvedestrand, hvorfra han fortsatte sin reise til Dybvaag, til ovennævnte Præst, der gjalt for en Ynder af Sproget.

Tiden 6. juni 1885

Natt til 5. juni 1861 braut det ut brann i Risør, og 14 timar seuinare var mykje av byen nedbrend. Tre månader seinare reiste Ivar Aasen til Agder, den gongen kalla Nedenæs. I dagboka si skreiv han om dei same døgn i 1861 som Olsen skildra:

5. *september*. Afreist. Farseddel med «Moss» til Risøyr: 2 dl, 98 s. Ombord: Middag 66; Øl 10,4. Iland 6. Talt med Provst Aas og fl. Godt Veir. I Risøyr sammen med Kand. Olsen.

6. *september*. Risøyr 72 s. Gaaet i Følge med Olsen til Broten og siden til Solberg i Holt (omtr. 3 M.). Paa Veien 20 s. Godt Veir, men varmt at gaae.

7. *september*. Længe paa Klokkergaarden hos Feragen. En Udflugt henimod Næs Værk. Paa Solberg 24 s. Om Kvelden til Tvedestrand (1/2). Tobak 8 s.

8. *september*. I Tvedestrand 96 s. Tilbaads til Eidbustrand (1/2), 36 s. Gaaet til Dybvaag (1/2). Ujævnt Land og vanskelig Vei. Talt med Berg.

9. *september*. Over i «Dyvaag» hos Berg.

«Landsmaalets Tilblivelse» var første av tre delar av ein artikkel Olsen publiserte under samletittelen «Landsmaalets og Bygdemaalene som Overgangssprog til et Unionssprog». Kven han var, var Reidar Djupedal usikker på, men kom til at det kunne vere læraren Ole L. Olsen (1830–1883), cand.theol. 1855, lærar i Moss. All den tid dette stod på trykk i 1885, var det då ei posthum utgiving.⁸²

Den omtalte svogeren er Andreas M. Feragen (1818–1912), lærar og klokkar i Holt, og lærebokforfattar. Han var gift med Elisabeth Olsen (1824–1885), dotter av skomakar Adrian Olsen og Elisabeth Corneliusdotter i Kristiansand.

I del to av artikkelen sin fortalde Ole L. Olsen kven N.N. var, og at han ikkje meinte å vere «ubehagelig imod Hr. Aasen». Det var gått så lang tid at «de dengang faldne Ord ikke med Sikkerhed kunde gjengives efter Hukommelsen». Det er nok så, men i det ytre hugsa han godt, for her er mange detaljar som stemmer med dagboknotata til Aasen.

Det Olsen fortalde i 1885, er ei av svært få augevitneskildringar om korleis Aasen arbeidde. Han tok seg god tid, hasta ikkje gjennom land-

⁸² Søk i *Digitalarkivet.no* har ikkje peikt på andre moglege kandidatar.

skapet, orienterte seg raskt på ein ny stad, var heile tida merksam på moglege språkkjelder, som dei to kranglande kvinnene, og han diskuterte gjerne også den språkpolitiske sida av saka.

Det kan verke rart at dei snakka om Skottland-reisa til Vinje nesten eit år før han la i veg. Det har seg slik at Vinje alt hausten 1860 hadde fått eit større stipend til den reisa, og hausten 1861 drog han til Vågå for å lære meir engelsk hos lord Blackwell. Iallfall Aasen visste nok om dette.

Olsen skreiv ei kuriøs reiseskildring som er eit sjeldan kjeldeskrift om korleis Ivar Aasen var ute blant folk på reisene sine.

Og meir til. Dybvåg var ein viktig stad i Ivar Aasens indre landskap. Onsdag 12. desember 1855 skreiv han i dagboka: *Tidende om Susannas død*. Meir var ikkje å seie. Susanne Daae var den store forelskinga hans, henne han aldri kunne få, eleven frå unge huslærarår på Solnør, han 29 og ho 18 då han reiste derifrå hausten 1842. Ho hadde besøkt han i hovudstaden, vore mykje sjuk og døydde på staselege Dybvåg prestegard der ho var på besøk fredag 16. november 1855, 31 år gamal.⁸³

Sju år seinare var Ivar Aasen på si sjelereise til Dybvåg. «Talt med Berg», skreiv han i dagboka. Aasen gjekk til Dybvåg og kom til ein gamal kjenning. Johan Peter Berg (1809–1884) frå Holmedal i Sunnfjord hadde vore kapellan i Borgund prestegjeld på Sunnmøre. Då han heldt avskilspreika si i Skodje kirke sommaren 1842, var Aasen i kyrkjelyden. Presten drog vidare til Fosnes i Trøndelag og fekk besøk av Aasen hausten 1846. Våren 1848 sende Aasen *Det norske Folkesprogs Grammatik* til Berg. Presteferda gjekk vidare til Skjold i Ryfylke, der Aasen besøkte han sommaren 1852. To år seinare flytta Berg til Dybvåg.⁸⁴

Dit reiste Susanne Daae for å vitje søstera Nikoline (Line) og svogeren Johan Peter Berg. Dei to hadde gifta seg jonsokdag 1842; ein dag Aasen brukte tik å stelle med blomane sine. Ein septemberdag i 1855 gjekk Ivar dit Susanne døydde. Han hadde noko språkleg å snakke med klokkaren om. Med presten og sin gode ven kunne det handle om meir.

⁸³ Ludvig L. Daae om dottera, sitert i Ivar Aasen: *Brev til vener i heimbygda*, Volda 1950, s. 167 f. Meir om Susanne Daae og Ivar Aasen i Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 181 f.

⁸⁴ Marcus Bie: *Oplysninger om Norges Geistlighed siden 1814*, Kristiania 1885, s. 5, 31, 37 og 53. Opplysningar om ekteskap og venskap i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, I, 1957, s. 36, 411 og 425; II, 1958, s. 346; III, 1960, s. 151, 162 og 187.

«Nordmannen» mellom diktet og songen

Eit essay om variantar, versjonar og tradering i moderne skriftkultur

Dei var der, alle tre. Aasmund Olavsson Vinje, Marcus Jacob Monrad, Bjørnstjerne Bjørnson. Men ikkje Ivar Aasen. Det var møte i Det norske Studentersamfund i Universitetsgaten 26 i Kristiania om kvelden 17. mai 1867. «Stemningen var meget animeret», rapporterte Dølen etterpå.⁸⁵

Å feire nasjonaldagen var blitt ei viktig markering for samfunnet. Til dette arrangementet hadde studentsamfunnet – må det ha vore – laga eit høvestrykk av «Nordmannen». Om lag 150 yngre og eldre møtte fram og hørde formann Fritz Hansen tale.⁸⁶ Etter talen song festlyden «Nordmannen», ei urframføring av ein ny versjon av den songen Ivar Aasen første gongen hadde publisert nær fire år tidlegare.

Etterpå var der fleire talar. Bjørnson talte for Nord-Noreg, Monrad skåla for Wergeland, Vinje talte for Monrad og Welhaven, framførte eit nytt dikt og prenta både dikt og tale i Dølen to dagar etterpå. Der var talar for svenskane, for Bjørnson, Vinje og Aasen. Nett den talen var det student Karl Johan Nielsen som heldt.

Denne 17. mai-festen er meir enn ein av mange slike festar. Dette er den tidlegaste kjende bruken av «Nordmannen» som allsong. Songen kan ha vore framført mange gonger før, men det er denne festen som er dokumentert. Diktaren oppsøkte sjeldan frivillig slike høve, og denne dagen heldt han seg heime med kraftig hovudverk, «verst ved Middag».⁸⁷

Korleis blir ein tradisjon til? Det må då vel finnast eit litterært verk som kan bere i seg nokre svar på den typen spørsmål. Det skulle ikkje forundre meg om diktet «Nordmannen» frå 1860-åra ville høve godt for ei

⁸⁵ Dølen 19.5.1867.

⁸⁶ Referat frå festen er prenta i *Ferdamannen* 24.5.1867, og det er nok skrive av Henrik Krohn. Referatet i Dølen 19.5.1867 er knappare, og der blir songen ikkje nemnd.

⁸⁷ Ivar Aasen i dagboka 17.5.1867.

synfaring inn i kulturhistoriske prosessen som ein tradisjon er. Inga vitenskapleg undersøking er til no laga som kan stø ein påstand om at «Nordmannen» er ein av svært få norske allsongar der eit breitt publikum kan meir enn første strofa eller dei første verselinjene. Og kan dei han ikkje, så møter dei ham likevel jamleg i songhefta til Ivars førtiårsdag, når Jon og Guri feirar sølvbryllaupsdag eller når Andreas skal dra i gang allsongen på hytta om kvelden.

«Folk flest ser ut til å kunna det, og det jamvel alle versa. Vi vil knapt finna noko tilsvarende døme i norsk litteratur», meinte kulturforskaren Reidar Djupedal for førti år sidan.⁸⁸ Då Nitimen i NRK hausten og vinteren 1994/95 utfordra lyttarane til å kåre Noregs nasjonalvise, var det berre «Du ska få en dag i mårå» av Alf Prøysen som fekk fleire røyster enn «Nordmannen». Det var ikkje meir enn 18 000 som røysta, så denne kåringa ville mest vere å rekne som eit støvfnugg i bokhylla, om det ikkje var for det at resultatet på alle vis verka greitt og rimeleg.⁸⁹

Iallfall har det vore slik ei tid, og framleis er det slik. Kva er det med denne songen? Korleis kunne desse strofene av Ivar Aasen bli så folkekjære, og kva kan historia om dette verket seie om fenomenet tradering? Og forresten, har vi å gjere med ein song eller eit dikt?

Trass i den posisjonen «Nordmannen» har fått, er det langt mellom studiane av dette verket i den omfattande litteraturen om Ivar Aasen. Den omfattande bibliografien over skrifter om Ivar Aasens verk har ingen innførslar som peikar i retning av studiar i «Nordmannen».⁹⁰ På sitt vanlege grundige vis har derimot Terje Aarset gjort greie for mange viktige hovudtrekk kring fenomenet versjonar av verket i ein avisartikkel i 1996. Nokre av dei som har redigert utvalde skrifter av Ivar Aasen, som Magne Myhren og Reidar Djupedal, har kommentert eitt og hitt mest i forbifarten.⁹¹ Dei to store Aasen-biografane Kjell Venås og Stephen Walton har i stor grad valt bort studiet av slike enkelttekstar og ser bort frå resepsjonen i ettertid av Aasen-tekstar. Når det så etter kvart blir tydeleg at ein del av

⁸⁸ Reidar Djupedal i Ivar Aasen: *Symra og andre dikt*, Oslo 1963, s. 118.

⁸⁹ Ruben Friis i *Norges nasjonalviser*, Oslo 1995, s. 5.

⁹⁰ Ottar Grepstad: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*,. Ørsta 2014, digitalutgåve på Aasentunet.no.

⁹¹ Reidar Djupedal (1921-1989) emna truleg på ein tekstkritisk studie av heile verket *Symra*, og han har skrive fleire fine, presise og nyanserte studiar av tekstar i det verket. Heile historia fekk han aldri fortalt.

den kunnskapen som blir tradert om dette verket frå bok til bok og frå artikkel til artikkel, er nett så omtrentleg som berre munnleg tradisjon kan vere, er det berre å rydde plass på skrivebordet, heve blikket og prøve å gripe det som måtte vere der.

Denne studien tok til i 2002. «I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen», står det i *Årsmelding og rekneskap 2004* for Nynorsk kultursentrum, med eit optimistisk tillegg som er ei årsmelding verdig: «Arbeidet blir avslutta i 2005.» Arbeidet heldt fram med ujamne mellomrom fram til seinsommaren 2009. Ni år seinare blei manuskriptet teke fram att og slutført til eit essay om songen om Noreg.⁹²

Då eg tok til å leite etter stoff om «Nordmannen», tenkte eg at stikkprøver ville gi påliteleg informasjon. Det viste seg fort at mønsteret var så brokut at ambisjonsnivået måtte hevast. Materialet er til slutt blitt henta frå 226 songbøker og høvestrykk i tidsrommet 1871–2003. Dette er langt frå komplett, men utvalet er så stort at eg kan leggje til grunn at det er representativt.⁹³

Handskrivne og publiserte versjonar

«Nordmannen» er som kjent ein del av den boka Ivar Aasen gav ut første gongen i 1863, og som han kalla *Symra*. I arbeidet med visene i boka søkte Ivar Aasen mot det tette og stramme, mest ordtakliknande uttrykket. Endringane var ikkje alltid så store dei mange utkasta imellom, konsta-terer Kjell Venås.⁹⁴ Nokre dikt var det likevel meir arbeid med enn andre.

Han skreiv særleg mange versjonar av diktet «Nordmannen» som han jamvel publiserte. Det er i seg sjølv ikkje uvanleg i litteraturhistoria; der finst det tekstvariantar av mange dikt og songar.

Mellom 1863 og 1875 publiserte Ivar Aasen diktet seks gonger med til saman 11 strofer. Å arbeide så å seie i full offentlegheit med eit dikt på denne måten og innanfor ei så lite tidsrom er alt anna enn vanleg. Det er som om Ivar Aasen i si før-romantiske forståing av brukskunstens verdi

⁹² Ein kortversjon av den ufullførte studien blei publisert i *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 274–291. No blir fleire viktige moment der korrigerert.

⁹³ Eg har vore gjennom heile samlinga av songbøker ved Visearkivet i Oslo, det eg sjølv har av songbøker, dei som finst i biblioteket i Ivar Aasen-tunet og ved Volda folkebibliotek. Dessutan har Terje Aarset hjelpt til i ein del tvilsspørsmål.

⁹⁴ Kjell Venås: *Då tida var fullkomen. Ivar Aasen*, Oslo 1996, s. 460.

har lagt vekt på det funksjonelle, ikkje berre det estetiske. Ved at han publiserte nye versjonar kunne han også finne ut kva som høvde best.

Aasen-kjennaren Reidar Djupedal merka seg variant- og versjonsmylderet i dette tilfellet: «Diktet om 'Nordmannen' vart Aasen derimot aldri ferdig med, tykte han. Til dette diktet finst det ei mengd kladdar, rettingar og utkast».⁹⁵ Med god hjelp trur eg at eg no har greidd å lage eit nokolunde oversyn over dette mylderet.⁹⁶

Frå 14 ulike manuskript kan det hentast ut i alt 15 grunnstrofer og mange variantar av strofer og verselinjer (vedlegg 1 og 2). Desse manuskripta ligg i Nasjonalbiblioteket, NTNU Universitetsbiblioteket og Ivar Aasen-tunet.

Å setje desse saman til eitt dikt inneber å godta at rekkjefølgja av strofene langt på veg må bli vilkårleg all den tid ingen veit korleis diktaren ville ha komponert diktet viss han nokon gong skulle ha kome på den tanken å publisere dei alle under eitt. Sjølv sette Ivar Aasen aldri meir enn åtte strofer på prent om gongen. Oppsettet i vedlegg 1 er difor mest gjort for å kunne halde orden på skilnadene mellom ulike trykte og handskrivne versjonar. For kvar strofe har eg markert kva versjon denne er brukt i. For kvar versjon er den innbyrdes rekkjefølgja av strofene i svar med dei handskriftene og trykte utgåvene som ligg føre.

Nasjonalbiblioteket har tre originale handskrifter til «Nordmannen». I tillegg har Nasjonalbiblioteket eit korrekturksemplar frå Aasen for første utgåva og eit for 1867-utgåva, brukt til tredje utgåva i 1875. Alle desse fem dokumenta er i Ms. 4^o 915. Desse har eg prøvt å ordne kronologisk.

Manuskript NBO 915: 14.8A inneheld fem strofer i rekkjefølgja 1 8 9 10 14 (side 95 i den digitale fila). Strofene 8, 9 og 14 er ikkje med i andre handskrifter og blei første gongen prenta i *Ivar Aasens kropp* av Stephen J. Walton. Han tidfestar manuskriptet til 1862–63.⁹⁷ Meir spesifikt trur eg det er frå vinteren 1862–63. Då er dette den eldste versjonen av visa. Versjonen står som nr. 2 i eit manuskript med tre viser, mellom «Gamle Norig» og «Dei gamle Fjelli». Her er første strofa i «Nordmannen» skriven fullt ut.

⁹⁵ Reidar Djupedal i Ivar Aasen: *Symra og andre dikt*, Oslo 1963, s. 118.

⁹⁶ Aasen-kjennaren og språkforskaren Terje Aarset transkriberte fleire av manuskripta som ligg i Ivar Aasen-tunet, og søkte på eitt punkt råd hos språkforskaren Kristofer Kruken.

⁹⁷ Stephen J. Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 710.

Manuskript NBO 915: 14.6 er det reinskrivne originalmanuskriptet til første utgåva av *Symra* (1863). «Nordmannen» har fem strofer og står som nr. 2.

Manuskript NBO 915: 14.8B er «Nordmannen» i seks strofer (side 93 i den digitale fila). Dette er eit reinskrive manuskript som er identisk med den utgåva som kom til 17. mai 1867.

Legget *Manuskript NBO 915: 14.7* inneheld eit korrekturtrykk for *Symra*, men utan tittelbladet. Dette kallar eg *Manuskript NBO 915: 14.7A*. Strofene i «Nordmannen» viser at førelegget er første utgåva frå 1863. Alle rettingane i visa gjeld rettskriving, der er ingen redaksjonelle meningsendringar. Der er sju rettingar. Aasen retta «ut mod Havet» til «ut med Havet», «hevrr Nordmannen» til «hever Nordmannen», «dugende Verk» til «dugande Verk», «lekk han Hug» til «fekk han Hug», «dei vikaste Heider» til «dei rikaste Heider», «kom kan bu» til «som kan bu» og «sin Rikdomn» til «sin Rikdom». Truleg er dette rettingar frå somaren 1863.

Det same legget *Manuskript NBO 915: 14.7* i inneheld eit korrekturtrykk av 3. utgåva med utgivingsåret 1874 på tittelbladet, retta til 1875. Dette kallar eg *Manuskript NBO 915: 14.7B*. Her har Aasen gjort fire små nye rettingar – «leiken» er retta til «Leiken» og «varmmre» til «varmare», han har sett inn komma etter «blenkte», og siste linja i siste strofa er rykt inn. Korrekturen er datert 19. november 1874.

NTNU Universitetsbiblioteket har eit manuskript til «Nordmannen» som eg kallar *Manuskript NTNU*. Til liks med *Manuskript NBO 915: 14.7B* er dette den trykte 1867-utgåva brukt som korrekturksemplar til tredje utgåva av *Symra* i 1875. Her har Aasen gjort tre andre rettingar – «hever» er retta til «heve» to stader i første strofa, og «ruskut at leggja» er retta til «ruskuta aa leggja». I dette trykket er endringane i *Manuskript NBO 915: 14.7* gjennomførte. Då må dette vere 2. korrekturen av den endelege versjonen, truleg mars eller april 1875.

Arkivet i Ivar Aasen-tunet inneheld 218 handskriftdokument av Ivar Aasen, gitt i gåve av familien Djupedal då Ivar Aasen-tunet blei opna i 2000, dessutan ein god del brev som er deponerte her av Sivert Aarflot-museet. Noko finst også i andre offentlege arkiv. Mellom alle desse handskriftene finst det mange utkast og variantar av delar av «Nordmannen». Arkivet i Ivar Aasen-tunet inneheld sju manuskript med ei eller fleire sgtrofer til «Nordmannen». Desse har eg nummerert som Aasen A–H.

Dei åtte manuskripta i Aasen.tunet er skrivne på fem ulike ark; B–D, F og G–H er på doble ark. Desse fem arka har ulike fargenyansar. Også pennane har vore ulike. Det ser såleis ikkje ut til at meir enn eitt manuskript er skrive om gongen. Penn og papir gir dermed ikkje grunnlag for å seie at manuskript på ulike ark er skrivne samstundes.

I tre av manuskripta skil visa seg meir eller mindre frå trykte versjonar eller andre handskrifter, men med fem strofer felles. At grunnstrukturen er så lik, tyder på at dei skriv seg frå same tidsrommet. Lenge gjekk eg ut frå at det var våren 1867. På dei fire sidene som inneheld manuskripta Aasen B, Aasen C og Aasen D identifiserte Terje Aarset eit notat med nr. 954 som kan knytast til ordet «Heid» i *Norsk Ordbog*.⁹⁸ Den delen av manuskriptet var ferdig tidleg i desember 1867, og nett på den tida arbeidde Aasen med 2. utgåva av *Symra*. Då kan truleg dei tre manuskripta daterast til hausten 1867.

Mot dette talar at dei tre manuskripta inneheld variantar av fire strofer som første gongen blei prenta i mai 1867. Dette gjeld strofe 2, 5, 11 og 12. Ivar Aasen kan ha arbeidd med strofene etter utgivinga, det er så, men då er det rart at det ikkje finst nokon utkast til nokon av dei før utgivinga. Vidare studiar får avklare dette betre. Eg hedl det iallfall for sannsynleg at alle dei aktuelle manuskripta er frå 1867. Men: Etter dagboka å døme brukte Aasen lite tid på revisjonen hausten 1867, medan revisjonen fram mot siste utgåva i 1876 strekte seg over eit halvt år. Då gir ikkje det vesle notatet med nr. 954 meining, så manuskripta til «Nord-mannen» må vere frå 1867.

Manuskript Aasen A med fem strofer er identisk med den første versjonen som kom på prent i 1863, berre ikkje reinskriven. Dette manuskriptet må difor reknast som eit førelegg til det endelege manuskriptet til førsteutgåva av *Symra*. Dette arbeidde Aasen med å reinskrive utover i april og mai 1863 til han leverte manuskriptet til trykkjeriet 26. mai 1863. Dermed kan truleg manuskript A tidfestast til våren 1863. Papiret er brungrnt, pennen brei og hard.

⁹⁸ Terje Aarset skriv i ein merknad i eiga transkribering: «954 viser til manuskriptet til *Norsk Ordbog* (1873). Dette kan daterast til førstninga av desember 1867. Aasen var ferdig med 39. heftet av manuskriptet til NO (til *havd*) 26. november 1867. Den 8. desember same året var han ferdig med 40. heftet, som gjekk til *heilsleg* (jf. Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, 3, Oslo 1960, s. 259)».

Manuskript Aasen B med seks strofer blei truleg til vinteren eller våren 1867. Det inneheld ei strofe som få hadde merka seg før eg publiserte den i Dag og Tid 15. mai 2003. Strofa skil seg så mykje frå dei andre at den må reknast som ei eiga strofe. Den står som strofe nr. 3 i ein versjon med seks strofer, der berre første strofa er som i andre kjende versjonar. Dei fire andre strofene i versjon C er variantar av strofer som elles er trykte. Samla sett blir likevel denne versjonen dermed nokså ulik dei andre versjonane. Aasen har sett ein skråstrek over heile manuskriptsida. Papiret er raudbrunt, pennen smal.

Manuskript Aasen C er ei einaste strofe, ein variant av strofe 5 i vedlegg 1. Strofa står på side 3 av dei fire sidene der Aasen B utgjer side 1. Også denne varianten er frå same tida som Aasen B, altså truleg hausten 1867. Papiret er som i B, men pennen smal og noko hardare.

Manuskript Aasen D med seks strofer står på siste sida av det handskriftet som inneheld manuskript B på første sida (av fire). Også her er variantar av dei to strofene frå 17. mai 1867. Strofe 5 i vedlegg 1 er strofe 3 i dette manuskriptet, men såpass ulik den trykte versjonen at heile manuskriptet for så vidt kunne reknast som ein eigen versjon. Tidfestinga må vere som for Aasen B og C. Det vil seie at han arbeidde vidare med dei to strofene som var nye til 17. mai 1867 før han la dei vekk. Papiret er som i B, pennen smal og hard.

Manuskript Aasen E med seks strofer inneheld variantar av nokre strofer som blei trykte til 17. mai 1867. Det kan truleg tidfestast til vinteren eller våren 1867. Papiret er grønt, pennen er brei og hard.

Manuskript Aasen F inneheld 12 heile variantar av strofe 10 og ti variantar av klinje 2 og 4. Den endelege strofa stod på trykk første gongen i 2. utgåva av *Symra* innunder jul 1867. Manuskriptet kan truleg tidfestast til hausten 1867. Papiret er lyst grønt, pennen tynn og lys.

Manuskript Aasen G med fire strofer og to variantar av ei strofe er det einaste manuskriptet utan opningsstrofa «Mellom bakkar og berg». Fire av strofene er nummererte. Av strofe 2 i vedlegg 1 er der to variantar, likeins av strofe 6. Manuskriptet er truleg også dette manuskriptet er frå hausten 1867. Aasen har sett ein skråstrek over heile manuskriptsida. Papiret er lyst raudbrunt, pennen tynn og hard.

Manuskript Aasen H inneheld to variantar av strofe 10. Dette er skrive på same arket som G, men med brei og hard penn.

Kort teoretisk mellomstikk

Trass i tekstførelegg til dels i gotisk handskrift og flust av uklare detaljar leg eg denne gongen til sides mykje teori om edisjons-filologi, tekstkritiske utgåver og annan herlegdom. Utan klare omgrep går denne teksten, som så mange andre, likevel raskt over frå å vere eit essay til å bli eit kaos. I det minste går det i denne studien eit skilje mellom *versjonar* av heile strofer eller dikt og *variantar* av verselinjer, delar av strofer eller heile strofer. For kvar strofe vil der ofte vere ei som kan definerast som *grunnstofa*. I tilfellet «Nordmannen» er det gjort for den strofa som blei trykt eller som tydeleg er skriven først.

Tidleg på 1980-talet arbeidde eg med ei hovudoppgåve i litteratur om høvesdiktning i EF-striden. Då måtte eg halde styr på omgrep som førelegg, variant, versjon og tradering. Der definerte eg dei same omgrepa annleis. Ein *variant* er ein tekst som er semantisk ulik ein original eller eit førelegg, skreiv eg, og viste til at slike variantar kan stivne til skriftleg fikserte tekstar, men også bli produktiv og på ny danne grunnlaget for nye variantar. Ordet *versjon* reserverte eg den gongen for det eg kalla akustiske versjonar av munnleg diktning som blei fiksert gjennom media av typen grammofon og fjernsyn. Slike versjonar representerte då gjerne individuelle tolkingar.⁹⁹

Med *tradering* vil eg meine spreiking eller publisering av munnleg diktning over tid, skreiv eg i 1983. Det meiner eg enno. Resten må tenkjast på ny slik at tydinga av variant og versjon kan bli kopla betre saman med typiske trekk ved skriftkulturen. Då som no er det Sven Hakon Rossel som har stått for den klassiske studien av emnet. I avhandlinga *Den litterære vise i folketraditionen* bygde Rossel på studiar av 36 600 tekstar. Av desse var 2400 litterære – men berre fire av desse studerte han i detalj.¹⁰⁰

Til skilnad frå munnleg diktning har ei litterær vise ein kjend for-fattar. For slike viser vil det finnast ein autentisk versjon frå forfattaren som kan kallast *grunntekst*, meiner Rossel. Traderingsprosessen for slike tekstar skjer over tid på tre nivå: Grunnteksten blir publisert i ulike trykk, som så etablerer ein munnleg tradisjon, og denne munnlege tradisjonen kan eventuelt skape ein ny versjon, ein ny tradisjon. I dei ulike skriftlege pub-

⁹⁹ Ottar Grepstad: *Balladen om Europa*, Oslo 1985, s. 35 ff.

¹⁰⁰ Sven Hakon Rossel: *Den litterære vise i folketraditionen*, København 1971.

liseringane kan det finnast til dels store avvik frå grunnteksten, men tekstendringane vil likevel vere større i den munnlege tradisjonen. Desse munnlege endringane kan skje gjennom omsynging i form av større eller mindre tekstendringar, isundsynging der meininga går i knas, og til rette-synging der den munnlege tradisjonen «forbetrar» teksten. Desse traderingsprosessane er ein vekselverknad mellom det stabile og det varierende, mellom det som kan utelatast og det som kan kome til utan å endre grunnstrukturen i teksten.

Ved at Aasen like godt publiserte fire versjonar, risikerte han å skape uvisse om kva som var denne grunnteksten.

Eit sidespor

Til feiringa av nasjonaldagen i 1867 låg det føre to trykk med «Nordmannen». Det eine av dei bar tittelen *Studentersamfundet 17de Mai 1867*. Andre småtrykk av songen er ikkje kjende frå Aasens tid. Så kvifor dette? Det veit visst ingen, men i 1922 dukka det opp ei historie som er for god til å vere sann.

Tradisjonssamlaren Johannes Skar, fødd 1837, skal ha hevda at han var den som fekk fram songen «Nordmannen».¹⁰¹ Det hadde seg slik at ein fest til fedreminnet blei arrangert kvart år i Kristiania. Dette var noko studentane hadde teke til med i 1847, skreiv Vinje i *Dølen*.¹⁰² I denne historia var det derimot målfolk som stod bak den årlege feiringa.

Dei ville ha Aasen til å skrive ein song til festen, og Sar tok på seg å få det til. Det duger eg ikkje til, sa Aasen, og ikkje har eg tid heller. Kunne han ha noko lifggjande, undrast Skar. Du får sjå i bordskuffa, svara Aasen. Der fann Skar noko som i ettertid blir omtalt om «ein samankrulla papirlapp». Han las det som stod på lappen med undring og blei «djupt gripen». På lappen stod «Nordmannen» slik vi kjenner den i dag, heiter det i forteljinga. «Kan du bruka det der», sa Aasen, «so gjerne det, men det er då visst berre noko fanteri.»

Her er det lite som stemmer.

I 1867 og seinare var «Nordmannen» spreidd og i bruk. Historia gir berre meining viss dette skjedde før sommaren 1863, men då var Johannes

¹⁰¹ Th.: «Eit minne», *Høgskulebladet* 3.2.1922.

¹⁰² «Christiania», *Dølen* 16.1.1859.

Skar sjuk og heime på Skard i Øyer.¹⁰³ Den versjonen Aasen då eventuelt hadde skrive, og som Skar eventuelt fann, var derimot ein heilt annan enn den endelege versjonen i 1875.

Der er ingen utførleg biografi om Johannes Skar, men han var svært lite i Kristiania i dei åra då Aasen arbeidde med «Nordmannen». I 1867 kom Skar dit først i slutten av mai, frå Hellas.¹⁰⁴ Dermed kan ikkje historia knytast til festen i Studentersamfundet. Fedreminne-festen blei halden 20. dag jul, så då blir også det feil.

Aasen noterte ikkje alle besøk i dagboka si, men Johannes Skar nemnde han første gongen i juli 1873, sonen Matias Skard i mars året etter. Det kunne handle om ein fest i 1874 eller 1875, men då var Skar i Setesdal.

Aasen kasta knapt papir, og det han hadde skrive, krølla han ikkje saman. Felles for dei manuskripta til «Nordmannen» som ligg føre, er at dei er glatte og fine, same kor mykje kladd dei har vore.

Dessutan, Aasen snakka ikkje ned denne songen. Den var så viktig for han at han arbeidde med den i 13 år. Eg trur han forstod at han var i ferd med å skape noko godt, ikkje noko fanteri.

Så nei, historia om då tradisjonssamlaren Johanes Skar fann ein song hos Ivar Aasen, manglar all den kvaliteten som prega Skars arbeid med det stoffet. Det som blei skrive ned i 1922, var truleg noko heilt anna enn det Skar fortalde ein gong før han døydde i 1914.

Visa som også blei eit dikt

Aasen-kjennaren Terje Aarset har med god grunn kalla *Symra* mor til alle dei nynorske songbøkene.¹⁰⁵ Ei slik utsegn burde få stå og lyse i fred.

Deen vesle boka svarar for ein annan litterær slektstradisjon også. Dette var jo også den boka som la grunnlaget for det nynorske diktet. Enkeltdikt på nynorsk var blitt publiserte før, det er ikkje det, og det fanst store mengder strofer, dikt og songar på dialekt frå både 1700-talet og tidleg 1800-tal. Med denne boka flytta diktaren brukslyrikkens former og seiemåtar inn i skriftlyrikkens spalter. Han gjorde det lett å byggje litte-

¹⁰³ Olav Bø: *Johannes Skar. Gudbrandsdølen som skapte «Gamalt or Sætesdal»*, Oslo 1953, s. 14.

¹⁰⁴ Olav Bø, same staden, s. 22.

¹⁰⁵ Terje Aarset i foredrag i Ivar Aasen-tunet 13.4.2003. Ikkje det at eg er sikker, men det anar meg at vi her har å gjere med eit stykk arabisk kulturimport. Ein despot i Midtausten lærte kring 990 Vesten uttrykket «alle krigars mor», og den seiemåten blei straks svært produktiv på mange språk.

rære samband frå den traderte songen over til det originale diktet. Det kan vere ein av grunnane til at det den dag i dag blir hevda med frasens tyngd at nynorsk er så vakkert i dikt.¹⁰⁶

Samlinga kom i tre utgåver:

- *Symra. Tvo Tylfter med nya Visor*, juni 1863¹⁰⁷
- *Symra. Tvo Tylfter med nya Visor*, 2. utgåva desember 1867¹⁰⁸
- *Symra. Tvo Tylfter med Visor og Rim*, 3. utgåva mai 1975¹⁰⁹

Som Stephen Walton har peikt på, er *Symra* inga laus eller tilfeldig samling av dikt.¹¹⁰ At han utan atterhald kallar verket ei diktsamling, nøyer eg meg med å registrere for seinare bruk. Boka er gjennomkomponert på finurleg vis. Fleire kladdar frå 1862 og 1863 syner at Aasen arbeidde mykje med sjølve innhaldslista og korleis samlinga skulle byggjast opp.

Diktet «Nordmannen» stod som nummer to i alle tre utgåvene, mellom «Gamle Norig» og «Dei gamle Fjelli», med «Fyrestev» som fast innleiing. Med «Nordmannen» som overskrift plasserte Aasen kort og godt sitt eige folk mellom historia i «Gamle Norig» og naturen i «Dei gamle Fjelli». Saman med to andre dikt utgjør dei fem første visene i boka ein bolc om menneskets rolle i historia og naturen. Som eit av fleire patriotiske dikt i boka om heimlandet er «Nordmannen» lite ha-stemt og utan den historiske patos som til dømes Bjørnsons dikt har så mykje av.

Nummera i versjonane nedanfor står ikkje i dei trykte utgåvene, men viser til vedlegg 1.

«Nordmannen», I, juni 1863

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
hever Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv hever Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[4] Og han vandest til Vaagnad og Møda,
der han laut vera herdig og sterk;
og han høyrer med Hugnad si Røda
um stor Manndom og dugande Verk.

¹⁰⁶ Verdien av det eg kallar den estetiske krafta i den nynorske skriftkulturen drøftar eg noko vidare i *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 218 ff.

¹⁰⁷ Ivar Aasen i dagboka 20.6.1863.

¹⁰⁸ Ivar Aasen i dagboka 12.12.1867.

¹⁰⁹ Ivar Aasen i dagboka 29.5.1875.

¹¹⁰ Stephen Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 711.

[7] Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land.
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han hug til si heimlege Strand.

[13] Naar han kom paa dei rikaste Leider,
saag han tidt, at han litet var kjend;
men han visste ein Vyrtnad og Heider,
som kan bu i den armaste Grend.

[15] «Lat deim hava den Æra, dei kunna,
og sin Rikdom og Styrke dertil,
naar som berre dei meg vilja unna
at faa raada min Arv, som eg vil.»

Symra, 1863

Dagbøkene til Ivar Aasen syner korleis han arbeidde med desse utgåvene.

Den 4. november 1862 noterer han at han har laga eit oversyn over «paabegyndte Viser og Vers». Fram mot jul og utover vinteren strevar han med fleire av visene. «Nordmannen» nemner han ikkje spesielt verken no eller seinare. Derimot skriv han 29. november 1862: «Stor Studering paa en Vise (Gamle Norig).» Den 6. desember reinskriv han viser, men den 18. desember lyder det slik: «Atter tøvet med Viserne.» No går det i viser og grammatikk; i april 1863 har han teke til å lese korrektur på *Norsk Grammatikk*. Først 26. mai leverer han *Symra*-manuskriptet til bokprentaren Peter Tidemand Mallings.¹¹¹ Fire dagar seinare får Aasen første korrekturen.

Ein andre versjon blei trykt og brukt i Studentersamfundet i Christiania 17. mai 1867, altså eit halvt år før andre utgåva av *Symra* låg føre. Det ligg føre to særprent av songen til denne dagen, men innhaldet er det same i begge; det eine er berre prenta i mindre format på avisapir.¹¹² Truleg er

¹¹¹ Peter Tidemand Mallings (1807-78) hadde flytta til Christiania frå Drammen i 1829, og blei etter kvart ein av dei fremste boktrykkjarane i Noreg. Som forleggjar satsa han mest på skulebøker. Mallings var forleggjar for fleire av bøkene til Ivar Aasen, men hadde så dårlege røynsler med ein del av utgivingane at han etter kvart avviste fleire bøker på nynorsk. Men *Symra* gjorde både han og Ivar Aasen pengar på (Kjell Venås: *Då tida var fullkomen*, Oslo 1996, s. 250 og 464, og Stephen J. Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 536).

¹¹² Reidar Djupedal i Ivar Aasen: *Brev og dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 381.

det dette Aasen siktar til når han skriv i dagboka 16. mai 1867: «En ny Vise trykt.»

«Nordmannen», II, mai 1867

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
heve Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv heve Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[2A] Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

[5A] Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.

[6A] Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

[11A] Sud um Havet han stundom laut skrida.
Der var Rikdom paa Benkjer og Bord;
men kring um saag han Trældomen kvida,
og so vende han atter mot nord.

[12A] Lat no andre om Storleiken kivast,
lat deim bragla med Rikdom og Høgd!
Millom Kaksar eg litet kann trivast,
millom Jamningar helst er eg nøgd.

*Studentersamfundet 17de Mai 1867, 1867
17 Mai, 1867*

Så er det ganske stille om samlinga i dagbøkene til Aasen fram til slutten av november 1867. Då tek han til med «Eftersyn af Symra». Revisjonen går fort. Det ser ut som Mallings så vidt rekk det som måtte vere av julesal. Den 12. desember får iallfall Aasen honorar frå Mallings. Når denne andre utgåva var ferdig, nemner han ikkje, men det må ha vore ein dag eller to seinare.

«Nordmannen», III, desember 1867

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
hever Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv hever Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[2A] Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

[6A] Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt at leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

[7] Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

[10] Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar på Straa,
og naar Næter er ljosa som Dagar,
kann han ingenstad vænare sjaa.

Symra, 2. utgåva, 1867

Den fjerde versjonen blei trykt i antologien *Lauvduskar* i juni 1868.¹¹³ I alt kom det seks nummer av denne antologien mellom 1867 og 1887. Her blei «ymse Smaastykke» samla, poesi så vel som prosa, både skjønnlitteratur og sakprosa, tradert stoff side om side med nyskrivne tekstar. Ideen kom frå Hans Ross; på denne måten ville han vise store lesargrupper kva det nye språket var for noko. Det greidde han, for eitt av nummera skal ha vore selt i heile 16 000 eksemplar. Med tanke på utbreiinga av «Nordmannen» var dette ein god publikasjon for diktaren.

«Nordmannen», IV, juni 1868

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
heve Nordmannen fenget sin Heim,

¹¹³ Ivar Aasen i dagboka 26.6.1868.

der han sjølv heve Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[2A] Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

[5A] Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.

[6A] Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

[7] Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

[10] Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar på Straa,
og naar Næter er ljosa som Dagar,
kann han ingenstad vænare sjaa.

[11A] Sud um Havet han stundom laut skrida.
Der var Rikdom paa Benkjer og Bord;
men kring um saag han Trældomen kvida,
og so vende han atter mot nord.

[12A] Lat no andre om Storleiken kivast,
lat deim bragla med Rikdom og Høgd!
Millom Kaksar eg litet kann trivast,
millom Jamningar helst er eg nøgd.

Lauvduskar, II, 1868

Den tredje utgåva av *Symra* går Ivar Aasen i gang med i oktober 1874. Alt i desember er det tid for korrektur, men så stoppar det opp. Iallfall les han ny korrektur langt ut i april 1875, og 29. mai 1875 får han sine første ti eksemplar. Frå og med denne dagen låg dikta i *Symra* der, faste og uforanderlege, iallfall på papiret, berre på papiret.

«Nordmannen», V, mai 1875

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
heve Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv heve Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[2A] Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

[6A] Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

[7] Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

[10]] Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar på Straa,
og naar Næter er ljosa som Dagar,
kann han ingenstad vænare sjaa.

Symra. 3. utgåva 1875

«Nordmannen» minutt for minutt

Alt i alt ligg det føre 11 handskrifter med linjer, strofer og heile versjonar av «Nordmannen», tre korrekturksemplar med rettingar, dessutan seks trykte utgåver. Desse 20 dokumenta gjer det mogleg å vise nokre hovudlinjer i korleis teksten blei dkta fram til si endelege form.

Diktarens variantar i handskriftene og på trykk er langt frå dei same.

Det ser ut til at Ivar Aasen arbeidde med «Nordmannen frå vinteren 1862/63 til han leverte manuskriptet til tredje utgåva av *Symra* i april 1875. Det gjekk altså 13 år før han bestemte seg for den endelege versjonen, *die Ausgabe letzter Hand*.

Dei manuskripta som meir eller mindre sikkert kan daterast, tyder på at han arbeidde mest med visa våren og hausten 1867. Seks av manuskripta i Aasen-tunet peikar i retning av hausten 1867. Heile ti strofer var

i arbeid i det som må ha vore ei ganske intens prøving og søking etter ei endeleg form på denne visa.

I 1867 kan ein dermed følge «Nordmannen» minutt for minutt.¹¹⁴ Ein nitid tekstanalyse må til om ein skulle prøve å klargjere ei mogleg utviklingslinje fram mot den versjonen som blei prenta til nasjonaldagen, og den som blei prenta til jul det året.

Ei eller to strofer er så ulike dei andre at dei utgjer sjølvstendige strofer og ikkje berre variantar. Likevel er det eit skjønsspørsmål kvar ein vil setje grensa mellom variant og eiga strofe.

Det skil seg mykje kor mange manuskript og korrekturtrykk ein finn dei ulike strofene e. Sju strofer er med i alt frå sju til 16 manuskript, og det er 1 2 6 7 10 11 12.

Gjennom alt dette står det fast at Aasen søkte mot ei vise på seks eller fem strofer. Ingen av handskriftene i Aasen-tunet har meir enn seks strofer. På prent kom fem ulike versjonar. Frå fem strofer i 1863 blei det seks våren 1867, fem hausten 1867, åtte sommaren 1868 og til slutt fem strofer våren 1875. Frå eit stramt utgangspunkt ekspanderte visa før dikteren til slutt konsentrerte den att.

Tre versjonar av heile visa stod på prent i like mange utgåver av *Symra*. I dei tre utgåvene er det i alt åtte strofer. Opningsstrofa med førstelinja «Mellom bakkar og berg utmed havet» er det einaste faste elementet.

Berre to strofer frå første trykte utgåve kom med i den endelege utgåva. Sikrast var han på fire strofer. Strofe 1 trykte han i alle seks utgåvene, strofe 2 og 6 i fem og strofe 7 i fire utgåver. Av dei mange nye strofene i 1867 blei to med til slutt, strofe 2 og 10. I dei mange handsriftene og trykte utgåvene dukka strofa «Han saag ut paa det baarutte Havet» opp våren 1867. Strofa «Og naar Liderna grønkar som Hagar» skreiv han truleg hausten same året.

I alt 11 grunnstrofer kom på trykk. Fire grunnstrofer publiserte han aldri.

I bokutgåvene er alltid tittelen «Nordmannen», men i to visetrykk frå 1867 er «Mellom Bakkar og Berg» tittelen. I dei handskriftene som her er lesne, er der ingen tittel, berre i dei innhaldslistene som dikteren arbeidde med.

¹¹⁴ Takk til Laila W. Lid som formulerte den linja i lunsjpausen i Aasen-tunet 25.5.2018.

Den visa Aasen publiserte i 1863, var dermed blitt ei ganske anna i 1875. Diktaren hadde ikkje streva fånyttas.

Tradering langs notelinjer

For Ivar Aasen var dikt tekstar som skulle syngjast. Så brukte han då også nemninga «Visor» i undertittelen på diktsamlinga *Symra*. For ein song må også melodien klaffe, elles bryt tradinga i hop. Til «Nordmannen» hadde diktaren i 1863 tenkt seg «Dei vil alltid klaga og kyta» som melodi. Denne melodien var i bruk iallfall til langt ut i 1960-åra. På barneskulen i Nedre Vats, Ryfylke, var det nettopp denne melodien vi borna song etter. Alt då var nok den melodien på veg ut, og no er den visst komen heilt ut av bruk.¹¹⁵

Berre eit par månader etter at *Symra* var komen ut, skreiv stortingsmann, lærar og klokkar Jørgen Olafsen frå Veøy i Romsdal brev til Ivar Aasen. Han sette stor pris på at Aasen hadde brukt «vore bedste Folkemelodier, thi til disse mangler man ofte høvelig Tekst». Med dei orda peikar kanskje Olafsen på endå ein grunn til *Symra*-suksessen; Aasen utnytta eit latent musikalsk potensial ved å skrive nye og gode tekstar til populære melodiar. Olafsen hadde høyrte nyss om at førsteopplaget snart var utselt, og då, skreiv han, då burde Aasen få Ludvig L. Lindeman til å setje inn melodiar i det nye opplaget, til glede for både skular og songkor: «Engang indsjungne i Folket ville de aldrig mere glemmes.»¹¹⁶

Kanskje var ikkje Aasen budd på å ta det steget enno. Seinare versjonar syner at han allfall ikkje var ferdig med alle tekstane enno. I alle høve gjekk det fleire år før notelinjene kom på plass. I 1869 stod læraren og sambygdingen Hans Mo for eit mellomspele. Han hadde klar ei samling med traderte melodiar og truleg nokre nyskrivne linjer til tonesetjing av dikta i *Symra*. Hadde ikkje Aasens forleggjar Mallings interesse av dei, stod bokhandlar Giertsen i Bergen klar, skreiv han.¹¹⁷

Det ligg ikkje føre noko svarbrev frå Aasen verken til Olafsen eller Mo. Men i 1871 hekta Ludvig L. Lindeman seg på den gryande *Symra*-tradisjonen og publiserte ein nyskriven melodi til «Nordmannen». Han

¹¹⁵ Kanskje var det ein slik arv frå barneskulen som dukka opp då ein festlyd i Aasen-tunet hausten 2003 skulle syngje «Nordmannen». Akkompagnatøren på piano drog i gang med den Aasen sjølv hadde knytt songen til, og der var megen forbauselse.

¹¹⁶ Brev frå Jørgen Olafsen til Ivar Aasen 8.8.1863, i *Brev og dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 265.

¹¹⁷ Brev frå Hans Mo til Ivar Aasen 6.8.1869, i *Brev og dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 268.

gjorde sanneleg sitt til at tekst og melodi til saman blei den bunaden alle så gjerne tek på seg. Aasen var no i ferd med å tenkje på ei tredje utgåve av visene sine, og i november dette året hadde han to dagar på rad kontakt med songinstruktøren Johan D. Behrens. Vinteren 1875 var han på ny i kontakt med Behrens, nokre få månader før tredjeutgåva var ferdig trykt.¹¹⁸ Det blei til slutt Jakob N. Kobberstad, ikkje Lindeman, som stod for eit tonetillegg til tredje utgåva av *Symra*.

Våren 1876 trykte Namdals Tidende ein liten notis under overskrifta «En Bonde som Komponist».¹¹⁹ Der heitte det at ein bonde Haslerud hadde komponert melodiar til alle songane i *Symra*. Christian Haslerud heitte han, og han var 29 år då han i 1875 gav ut *Symra. Ord af Ivar Aasen. Musik for blandet Kor*. Mellom seinare komposisjonar er «Det syng for Stotregut». Då Aasen til slutt hadde bestemt seg for korleis alle visene i *Symra* skulle vere, låg det altså føre fleire ulike melodiar til kvar vise, mellom dei nokre av hans eigne. Etter kvart blei det mange.

Tradering gjennom songbøker

«Nordmannen» blei raskt ein lese- og songbokklassikar. Alt i 1869 kom versjonen frå *Lauvduskar* med i *Lesebok i Landsmaalet* som Olav Paulson redigerte. Terje Aarset har vist at diktaren i korrespondansen med Paulson om utvalet ikkje sa noko om kva versjon av dette diktet som då skulle brukast. Songen blei også prenta i minst ei nordisk songbok alt før Ivar Aasen hadde avslutta versjonsarbeidet sitt. I 1873 kom boka *Nordiske fædrelandssange og folkesange* ut i København, laga for danske folkehøgskular. Nettopp folkehøgskulane har nok vore ein viktig traderingsinstitusjon med atskilleg import og eksport av songar dei nordiske landa imellom.

Frå 1870 fram til i dag er det kome ut mange hundre songbøker i Noreg. Dette er bøker som ofte blir trykte i fleire opplag og fleire utgåver. Det inneber at dei er i bruk i lang tid. Difor representerer songbøkene ei sterk traderingskraft. Med unntak av trykkfeil er den viktigaste skilnaden mellom dei mange utgåvene og opplaga at nye songar kjem til og gamle går ut av bruk. Når ein song først er komen med og blir brukt, blir den heller ikkje endra sjølv om det skulle finnast andre versjonar.

¹¹⁸ Ivar Aasen i dagboka 21.11. og 22.11.1871 og 4.2.1875.

¹¹⁹ *Namdals Tidende* 11.3.1876

Mengda av songbøker kan sorterast på ulike vis, men lengst kjem ein truleg ved å ordne dei etter bruk og distribusjon. Der er det som kan kallast *fleirgenerasjons-songbøker* som kjem i nye opplag og utgåver i tiår etter tiår. I Noreg er Olaus Alvestad, Mads Berg og Karl Seip opphavspersonane til dei tre mest brukte av dette slaget. Lenge var desse allmenne songbøkene også brukte som *skulesongbøker*, og dei hadde gjerne ordet «skulesongbok» i undertittelen. I seinare år har dette løyst seg opp på den måten at det blir laga eigne skulesongbøker. Ei tredje gruppe er *organisasjons- og institusjonssongbøker*. Her er songbøkene med og etablerer ein førestilt fellesskap eller ein kollektiv identitet innanfor ein institusjon eller organisasjon. Til sist må også gruppa av *høvestrykk* nemnast, alt frå farne tidars skillingstrykk til skrifter i høve fest og høgtid.

Ivar Aasen hadde sjølv prenta fire versjonar då han i 1875 etablerte diktarens endelege versjon i tredje utgåva av *Symra*. Han levde enno i vel tjue år, til september 1896. I dette tidsrommet var det alltid sisteversjonen frå 1875 som blei nytta. Det einaste brotet med denne *Symra*-versjonen stod Anders Reitan for då han i 1874 redigerte ei songbok med *Lauvduskar*-versjonen frå 1868, men utan strofe 5.¹²⁰ Hundre år gjekk før denne versjonen på ny dukka opp i ei songbok.

Då diktaren sjølv var gått bort, hamna songen på sjølvstyr.

Det tok til med Olaus Alvestad alt i 1898. I *Norsk songbok for ungdomsskular og ungdomslag* sette han saman ein heilt ny versjon av visa med storfene 1 2 5 6 7 10. Dette var versjonen frå *Lauvduskar* i 1868 utan strofe 11 og 12. Året etter laga Chr. Hall og Halfdan Møller *Ny sangbog for norsk Ungdom*, utgitt av Norges kristelige ungdomsforbund. Dei brukte Alvestad-versjonen, som no fekk eit langt liv. Olaus Alvestad heldt fast ved denne versjonen i andre utgåva av *Norsk songbok for ungdomsskular og ungdomslag* i 1902, Karl Seip gjorde det same i si songbok frå 1906, Sven Moren i *Songbok aat ungdomslag* i 1907 og A.B. Vamraak i *Utval av norske salmar og songar til skulebruk* i 1910. Det ser ut til at denne versjonen særleg blei brukt i nynorske og kristelege songbøker med tilhøyrande organisasjonssongbøker for speidarar og godtemplarar. Den siste gongen eg har funne

¹²⁰ Anders Reitan (1826-72) var lærar og klokkar i Kvikne frå 1855 og stortingsrepresentant siste året han levde. Han gav ut fleire eigne diktsamlingar og dessutan songboka *Salmer og Sange* (1863), ny utgåve kom aldri, skriv Reidar Djupedal (1958, s. 317), men posthumt i 1874 kom iallfall *Sang-Samling for Ungdommen*.

denne på prent i ei songbok, er i *Sangbok for Norsk Speidergutt-Forbund* frå 1959.

Fleire av desse songbøkene kom i sær store opplag. Likevel ser det ut til at Alvestad-versjonen har vore under eit visst press. Iallfall blei frammandelementet, strofe 5, teke ut då ei nemnd i Noregs Høgskulelærarlag i 1927 laga ei ny utgåve av Alvestads songbok. Fram mot slutten av 1960-åra blei i det heile tradisjonen fortetta og konsentrert i retning av diktarens siste versjon. Alle dei songbøkene eg har sett frå 1960-åra, inneheld *Symra*-versjonen frå 1875.

Tre versjonar dominerer i de mange songbøkene som er undersøkte. I over halvparten er 1875-versjonen brukt. Alvestad-versjonen blei ikkje brukte i så veldig mange songbøker, men mange av desse blei altså prenta i store opplag.

Kobberstad	1 2 6 7 10	119
Alvestad	1 2 5 6 7 10	29
Reitan	1 2 6 7 10 11 12	10

Reitans versjon inneheld faktisk alle dei sju strofene som Aasen hadde med i flest manuskript.

Terje Aarset kan fortelje at i tida mellom 1863 og 1940 kom det om lag 25 nynorske songbøker, altså allmenne songantologiar som var redigerte på nynorsk.¹²¹ Etter den tyske okkupasjonen kom det nokre til. Fleire av dei mest brukte nynorske songhefta frå dei første tiåra på 1900-talet byggjer tydeleg på *Lauvduskar*-versjonen. Felles for dei er at dei manglar dei to siste strofene frå den versjonen, der nordmannen reiser sørover og vender heim att frå dei som braglar med rikdom og høgd.

Nettopp desse to strofene blei henta fram att av politiske grunnar i EF-striden. Den 24. mars 1971 stod dei på prent i *Dag og Tid*.¹²² Der skreiv Tomas Finnvik eit lite innlegg om strofe 11 og 12; han omtala dei som eit par av dei gløymde strofene. Det tyder på at han var kjend med fleire av dei andre strofene som med tida kom or bruk.

Dei to strofene kom til å leve sitt eige liv. Dei blei prenta opp att i eit studiehefte om Noreg og EEC seinare same året. No smatt dei fort inn i

¹²¹ Terje Aarset i foredrag i Ivar Aasen-tunet 13.4.2003.

¹²² Tomas Finnvik: «Ivar Aasen og EEC», *Dag og Tid* 24.–30.3.1971, jf. Ottar Grepstad: *Balladen om Europa* [Høvedsdikting i EF-striden 1970–72], Oslo 1985, s. 71.

det breie repertoaret av høvesdikting og songar som blei teke i bruk fram mot folkerøystinga om EF-medlemskap 25. september 1972. Ein av dei som brukte dei to Aasen-strofene mykje, var Oddleif Fagerheim. Det var gått nøyaktig hundre år sidan Anders Reitans utgåve då *Profils allsangbok* kom ut i 1974. Den songboka samla verse- og notelinjer frå EF-striden to år før og fekk langvarige verknader.

Tradisjonsoppløysing gjennom songbøker

På ein Ivar Aasen-fest i Bondeungdomslaget i Bergen 22. mars 1972 blei jamvel alle dei 11 prenta strofene brukte. Dei same 11 strofene var også med i den songboka *Stem i!* som blei laga til EU-striden i 1994. Då boka var ferdig trykt i mai det året, kom styret i Nei til EU til at nokre av songane i boka kunne verke uheldig inn på folkemeininga om EU, og heile opplaget blei difor supprimert.¹²³

Framleis hentar nokre fram den utvida versjonen av «Nordmannen» av politiske grunnar. På nettstaden til Studentmållaget i Bergen stod det å lese tidleg på 2000-talet: «Les ein 1875-utgåva og dei versa som ikkje er med i den kvar for seg, får ein brått auge på ein song som er mykje skarpare og meir politisk enn den nasjonalromantiske utgåva vi er vande med.»

Dei to strofene (11 og 12) var helst for raude for det borgarlege Oslo, hevda Arne Espelund våren 2018.¹²⁴ Påstanden bygde på den mistydinga at mange utgivarar av songbøker, som Mads Berg, hadde teke dei to strofene ut av songen. «La oss synge den ‘ukorrekte’ versjonen av Nordmannen», oppmoda journalisten Eva Nordlund dagen før nasjonal-dagen i 2018.¹²⁵ «Ivar Aasen-tunet er kommet fram til at det bare finnes én ‘korrekt’ versjon av diktet», heldt ho fram, men dei to strofene er så gode at «det kan vi nok ikke ta hensyn til». Nordlund kjenner nok dei to strofene frå EF-striden; ho hadde ei sentral rolle i Nei til EU i 1994.

Like sidan EF-striden 1970–72 har det danna seg ei oppfatning om at dei to strofene representerer eit radikalt samfunnssyn. Ei anna tolking

¹²³ Eg var med i redaksjonen for den songboka og fann fram nokre av dei viktigaste nidvisene frå striden 1970–1972. Det var nok dei som gjorde utslaget. Ein sommardag i 1994 ringde leiaren Kristen Nygaard og fortalde at dei ikkje våga å gi ut boka av di alt då var usikkert om utfallet.

¹²⁴ Arne Espelund: «Tapt land?», *Dag og Tid* 6.4.2018.

¹²⁵ Eva Nordlund: «‘Millom Jamningar er eg nøgd’», *Nationen* 16.5.2018.

kunne vere at fleire av strofene, særleg nettopp 11 og 12, nærmar seg ubehageleg det kraftpatriotiske og sjølv gode der Noreg er betre enn verda omkring. For kor gode estetisk og politisk var no dei to Aasen-strofene? At nordmannen i teksten dreg ut i Europa og ser «trældomen kvida», høvde framifrå i 1972. At medlemskap ville innebere eit liv i trældom, var eit av dei mest brukte argumenta i høvesdiktinga frå denne striden.¹²⁶ I 1972 kunne det også høve godt at den som såg slik trældom, vende atter mot nord. Her var det ikkje borte bra og heime best, men borte ille og heime godt. Nordmannen ser trældomen, men reiser heim att utan å gjere noko med det han ser. Eg kan ikkje forstå at dette skulle vere radikal kløkt i det 21. hundreåret.

Slik sett viste Ivar Aasen eit klokt skjøn då han gjorde det endelege valet i 1875. Det var diktaren sjølv som avgjorde kva versjon som skulle vere den gyldige, og det gjorde han med tredje utgåva av *Symra* i 1875. Og er dei verkeleg gode nok? Olav H. Hauge var iallfall klar i sin tale då han hørde dei under eit møte i Bergen, fortel Idar Stegane: «No ja, eg skynar godt at han tok deim ut.»¹²⁷

Lenge har eg trudd at det var ei feilslutning då det frå og med EF-striden i 1972 danna det seg ei oppfatning om at Ivar Aasen var blitt utsett for politisk sensur, og at dette kunne forklare kvifor strofe 11 og 12 hadde hamna utanfor songboktradisjonen. Når eg no ser mønsteret i vedlegg 3, trur eg ikkje lenger det var ei feilslutning. Både Noregs Ungdomslag og nokre av dei mest aktive nynorskbrukande songbokredaktørane redigerte ut dei to strofene frå versjonen i *Lauvduskar*. Det er heilt tydeleg at det er den versjonen dei har brukt, for strofe 5 kom aldri med i nokon av *Symra*-versjonane. Dei gjorde som Anders Reitan, brukte ein versjon som ikkje var diktarens siste og laga seg ein versjon Ivar Aasen sjølv aldri sette på prent. Det er slik det kan gå når ein song blir så sterkt tradert at den nærmar seg allemannseige.

«Kanskje desse versa burde koma med i nye utgåver av songbøkene?» spurde Finnvik i *Dag og Tid*. Det gjorde dei.

Reitans versjon med sju strofer frå 1874 var hans påfunn, ikkje diktarens. No, hundre år etter, danna det seg ein ny versjon av «Nordmannen» med Reitans sju strofer: 1, 2, 6, 7, 10, 11 og 12. Det var ein versjon som

¹²⁶ Ottar Grepstad: *Balladen om Europa*, Oslo 1985, s. 153.

¹²⁷ I samtale med Idar Stegane, udatert.

stod til tida. Ola Bremnes & Co tok den med i *Norsk visebok* i 1993, NRK brukte den i songboka *Norges nasjonalviser* i 1995, tre år seinare kom den med i den svært omfangsrike *Norsk sangbok* på Norsk Musikforlag, i 1997 blei den brukt i *Sangbok for skolen*, og i 1998 tok redaksjonen for *Norsk songbok* denne versjonen med i det som ein gong hadde vore Alvestads songbok. Halvdan Sivertsen valde sin historielause, personlege vri i *Sangboka* i 1993: 1 2 6 11 7 12 10. Han brukte den også i neste samling, *Trubadur*, i 1997. I mellomtida hadde også Anita Skorgan nytta denne Sivertsen-versjonen.

Poenget i alle desse utgåvene er bruken av dei to strofene som var blitt funne fram att i EF-striden i 1971. Utover i 1980-åra var det færre songbokredaktørar som tok dei med. Det viktigaste unntaket er *Den store barnesangboka* som Astrid Holen redigerte i 1985. Det kunne tyde på ei viss harmonisering og allminneleggjering av dei to strofene. Men i 1993 var det blitt ny strid fram mot folkerøysting om medlemskap i EU hausten 1994. Både redaksjonen for den autoritative *Norsk visebok* og songbokredaktøren Halvdan Sivertsen tok no fram dei to strofene att. Sidan det året har dei vore med i to av tre songbøker som er blitt prenta.

Det har kome ut mange songbøker etter at Dag og Tid prenta innlegget til Tomas Finnvik i 1971. Eg har sett på vel 50 songbøker frå 1972 og seinare med «Mellom bakkar og berg». Halvparten av desse har Symra-versjonen frå 1875. Den andre halvparten representerer ei viss tradisjonsoppløysing, ei tilrettelegging. Den klare einversjons-tradisjonen frå 1960-åra var no utfordra. Det var ikkje lenger klart for alle kva som kunne rekast som den gyldige versjonen. Ein tok det ein hadde, særleg i dei miljøa som hadde den nynorske identiteten på minst nokre akkordars avstand. Somme av desse heldt altså fast ved Reitan-versjonen. Andre la til rette og redigerte saman eigne versjonar. På dei tretti åra mellom 1972 og 2004 stod dermed sju versjonar på prent i songbøkene:

1 2 6 7 10	Songbok for ungdom, 1875
1 2 6 7 10 11 12	Profil, 1974 (= Reitan 1874)
1 2 6 11 12 7 15	Senterpartiets sangbok, 1977
1 2 6 11 7 12 10	Halvdan Sivertsen, 1993
1 2 4 5 6 7 10 11 12 13 15	Stem il!, 1994
1 2 6 7 10 11	Smørekoppen, 1995
1 2 6 7 10 11 13 12 15	Skuleboknemndi, 2001

Rekna i opplagstal er nok Profil-førelegget frå 1974 den mest utbreidde versjonen no. Likevel er det framleis Symra-versjonen frå 1875 som er brukt i flest songbøker både i denne perioden og i tidlegare tidsrom.

Kva som blei sunge, er det uråd å seie noko om. Der er i det minste eitt anonymt vitnemål om dette. I ei av songbøkene eg har leita meg gjennom, låg eit udatert utsnitt av eit avisklipp. Typografien minner sterkt om Stavanger Aftenblad kring 1970, og i teksten blir det vist til ein Kåre Anda; det etternamnet finn ein blant anna på dei kantar avisa kjem ut. Utsnittet er tydeleg frå eit svar til eit anna lesarbrev. Innsendaren har «oppdaget at de fleste sangbøkene sløyfer det 3. vakre vers av Ivar Aasens dikt 'Normannen'. Kanskje mangler det også i Deres sangbok», skriv innsendaren og siterer så den strofa:

Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.

Dette var den tredje strofa i Alvestad-versjonen. Den som har klipt ut frå avisa, har skrive «3die vers» med kulepenn, som for å hugse det betre og vite kva det gjeld. Rettskrivinga «3die» røper ein eldre person.

Det er påfallande korleis traderinga frå og med den tyske okkupasjonen skiftar spor og konsentrerer seg om diktarens eigen versjon. Eg har fanga opp 26 songbøker frå dei fem okkupasjonsåra. I 23 av dei er det Symra-versjonen som er med. Alvestad-versjonen er berre med i to.

Den tyske okkupasjonen fekk følgjer for bruken av «Normannen». I motstanden mot okkupantane samla nordmenn seg om den eine versjonen, diktarens eigen. Nokre tiår seinare fekk motstanden mot norsk EU-medlemsskap ein heilt annan konsekvens. Frå 1971 gjekk traderingsprosessen sakte, men sikkert inn i ei oppløysing av tradisjonen.

Sidan dikteren sette punktum for «Normannen» i 1875, har det gått 130 år. I femti av desse var traderinga av versjonar ganske stram. I resten av tida har fleire versjonar vore brukte side om side. Særleg i to periodar er denne traderinga blitt utfordra: i dei tre tiåra fram til okkupasjonen i 1940 og i dei tre tiåra etter folkerøystinga i 1972.

Historia om songen «Mellom bakkar og berg» kan dermed delast i seks periodar. Den første perioden er fram til diktaren døyr i 1896. Den neste perioden går fram til den tyske okkupasjonen, og den tredje og kortaste er nettopp okkupasjonsåra. Tida frå 1945 til 1959 er den fjerde perioden, og den femte strekkjer seg så vidare til 1972. Tida etterpå er den sjette perioden.

Diktarens siste versjon har vore den mest brukte heile vegen i den forstand at den har vore trykt i flest songbøker. Rekna i opplagstal og dermed brukseksemplar er det kanskje ikkje så eintydig. Forholdstala mellom den mest brukte og den nest mest brukte versjonen seier mykje om dynamikken i traderinga: Kor eintydig har traderinga vore, og kor dominerande har den dominerande versjonen vore?

I godt og vel seks av ti songbøker er diktarens siste versjon brukt. I to av ti er det Reitan-versjon som figurerer. Resten er fordelt på heile 13 andre versjonar.

Men traderinga har skifta med tida.

Berre i 1960-åra hadde norske songbøker ein fast versjon av «Nordmannen». Det var i åra før Tomas Finnvik minte om dei to strofene frå 1867-68 at denne songen hadde den fastaste forma. Mellom 1960 og 1972 har iallfall ikkje eg registrert ei einaste songbok med annan versjon enn diktarens siste frå 1875. Ikkje uventa var traderinga skarp også i dei drygt tjue åra fram til diktaren døyddde i 1896. Men frå då av og fram til 1940 var faktisk to versjonar nøyaktig like mykje brukte så lenge vi reknar utgåver og opplag. Opplagstala er berre kjende for nokre få opplag og utgåver, men mykje tyder på at det var den forkorta *Lauvduskar*-versjonen frå 1868 som var mest brukt – iallfall på trykk.

Variantar av strofer og verselinjer

Tre element var urørlege i dei åra Ivar Aasen arbeidde med «Nordmannen». Tittyelen blei aldri endra, den første strofa finst i berre ein variant, og rimpara var ABAB. Resten var tvil, iallfall nesten.

Til dei 15 strofene finst der i alle manuskripta til saman 26 variantar (vedlegg 1 og 2). «Nordmannen» skulle altså støypast til ein heilskap ut frå 41 strofer og strofevariantar. I tillegg er der 11 variantar av to verselinjer, og alle dei variantane gjeld rimparet B+B.

Då han publiserte første versjonen med fem strofer i 1863, hadde han åtte strofer å velje mellom. Berre to av dei strofene han trykte, blei med vidare. Den eine var opningsstrofa, den andre var strofa «Fram paa Vetteren stundom han tenkte». Nettopp dei tre andre strofene i siste versjonen frå 1875 er dei det også finst flest variantar av. Det kan vere fordi han på eit tidspunkt hadde bestemt seg for dei tre, eller at det var dei han til sist fekk til slik han ville.

For fleire strofer var han i tvil om korleis strofene skulle slutte. Mest i tvil var han om korleis songen skulle slutte. I 1875-utgåva sluttar visa med strofa «Naar Liderna grønka som Hagar». Den strofa skreiv Ivar Aasen 14 variantar av, og for linjene 2 og 4 skreiv han ti variantar. Aasen var heilt sikker på korleis songen om Noreg skulle opne. Det største problemet var å slutte på rette måten. Han kunne sin retorikk og visste kor viktig nettopp inngangen og utgangen er.

Det er nokså opplagt at Manuskript Aasen F skriv seg frå tida før andre utgåva av Symra i desember 1867. Det var der han sette sluttstrek for komposisjonen av diktet. Frå då av var det kanskje berre kosmetisk korrektur. Den som les dei 21 variantane litt meir nøye, vil oppdage korleis diktaren streva med å finne den suistelinja i strofa som også skulle bli slutten på diktet. Han prøvde seg med det meste, både omvendt ordstilling og mange vendingar som nok blir oppfatta som nokså ha-stemte i dag.

Handskriftet røper ein ting til. Diktaren vurderte om han skulle sleppe til eit lyrisk *eg* i siste linja, om det skulle vere ei nøytral vending utan noko personleg pronomen, eller om han konsekvent skulle halde på tredje person i denne linja også, slik han hadde gjort det i dei tidlegare strofene. I berre ei av dei mange variantane for siste strofa og delar av denne er det *han* som ikkje veit noko venare, vakrare, fagrare. Hadde han ikkje gjort det, ville diktet blitt todelt, med eit *eg* som tok over i siste linja, og som då ville ha blitt ein kommentator til *han* i dei tidlegare strofene.

Så har altså diktarens kladd interesse i tekstkritiske studiar. Diktaren Ivar Aasen leita seg fram til det som kunne bli ståande. Dei mange utkasta viser at han hadde eit godt blikk for kva som var godt og dårleg i hans eigne tekstar. Det er lett å vere samd med han i at dei fem endelege strofene også var dei fem beste.

Retorisk har likevel songen ein mogleg veikskap. I den autoriserte utgåva tek både andre og tredje strofa til med «Han såg ut på». Det er anten ein gong for mykje eller ein gong for lite; hadde han brukt dette grepet tre gonger, ville han skapt meir retorisk harmoni – og Aasen kunne sin klassiske retorikk. Det vil bli verande eit ope spørsmål om dikteren arbeidde med å setje inn ei strofe som kunne dempe dette vesle innslaget av det einsformige. Begge «han såg ut på»-strofene er med i fem av dei seks utgivingane av songen han var involvert i. I tre av fem tilfelle har han ei strofe mellom dei to like opningane.

Terje Aarset har som snarast vore innom spørsmålet om kvifor Aasen skreiv strofer han ikkje tok med i prenta versjonar.¹²⁸ Aarset ser ikkje bort frå at det han kallar kakseversa var skrivne med tanke på «det spesielle studentpublikummet» i Christiania. Kanskje, men det er meir sannsynleg at Aasen rett og slett prøvde seg fram, og etter som han knapt kasta eit papir i vaksen alder, tok han vare på kvart minste utkast.

Noko må leggjast til. I manuskriptet Aasen G frå hausten 1867 er der eit spesielt ord.

den som læjande saag ned i Kavet
Strandarguten i Skinnstakken klædd.

Ordet *Strandarguten* er ikkje å finne nokon stad. Det står ikkje i Aasens sunnmørsordliste frå 1842–43, ikkje i Aasens ordbøker, ikkje i *Norsk Ordbog* av Hans Ross med sine tillegg, ikkje i dei digitale ordsamlingane, og ikkje i *Norsk ordbok*. Terje Aarset trur at «Aasen kan ha høyrte ordet ein annanstad (på Vestlandet), der det har vore brukt i tydinga ‘landkrabbe’», ein som helst heldt seg på land, på stranda.¹²⁹ Så der er det, eit ord Aasen sjølv brukte, men aldri sette på prent, og som kanskje berre finst i dette eine manuskriptet.

Tradering av diktet «Nordmannen»

Ivar Aasen gav ikkje ut noka diktsamling. Det han publiserte, kalla han viser. I alle seinare utgåver av desse songane har derimot utgivarane brukt

¹²⁸ Terje Aarset: «'Nordmannen'», *Møre-Nytt* 21.9.1996.

¹²⁹ Terje Aarset i e-postar til forfattaren 30.5.2018, etter rådføring med Kristofer Kruken

nemninga dikt. Der overprøvde dei dikteren. Derimot har dei alle følgt *die Ausgabe letzter Hand*, diktarens siste versjon, i kvar einaste utgåve.

Udvalgte skrifter. Ved Vetle Vislie. 1896	1 2 6 7 10
Folkeudgave af Skrifter i Udvalg. 1899	1 2 6 7 10
Skrifter i samling. Ved Knut Liestøl. 1911	1 2 6 7 10
Skrifter. Andre utgåva. Ved Knut Liestøl. 1926	1 2 6 7 10
Skrifter i utval. 1929	1 2 6 7 10
Dikting. 1946	1 2 6 7 10
Symra og andre dikt. Ved Reidar Djupedal. 1963	1 2 6 7 10
Skrifter. Eit utval ved Olav Hr. Rue. 1976	1 2 6 7 10
Millom bakkar og berg. I utval ved Magne Myhren. 1980	1 2 6 7 10
Ivar Aasens beste. Utval og forord ved Olav Hr. Rue. 1991	1 2 6 7 10

Som song blir det verket Ivar Aasen skreiv i 1860-åra, tradert på heilt andre måtar enn som dikt. Det viser seg alt i tittelen. Eg har sett etter i meir enn tjue allmenne diktantologiar.¹³⁰ I dei bøkene diktet er med, heiter det alltid «Nordmannen», aldri «Mellom bakkar og berg». Ivar Aasen brukte sjølv tittelen «Nordmannen» i dei tre utgåvene av *Symra*, men blant handskriftene eg har sett, er tittelen berre med i Aasen-manuskript E. Alt i tittelen skilde altså songen og diktet lag.

Helge Krog: <i>Levende norske dikt</i>	1 2 6 7 10
Sthm 1943, 2 Aasen-dikt, 1875-orig.	
Emil Boyson og Asbjørn Aarnes: <i>Norsk Poesi</i>	1 2 5 6 7 10
1961, 6 Aasen-dikt	
Erling Nielsen: <i>Nynorsk poesi</i>	1 2 6 7 10
Kbh 1962, 5 Aasen-dikt, normert	
Harald Noreng: <i>Norsk lyrikantologi</i>	1 2 6 7 10
1963, stensil, 15 Aasen-dikt, 1875-orig.	
Bjarte Birkeland ofl.: <i>Nynorsk lyrikk frå Ivar Aasen til Tor Jonsson</i>	1 2 6 7 10
1965, 5 Aasen-dikt	
Bjarte Birkeland, fl.: <i>Norske dikt frå Edda til i dag</i>	1 2 6 7 10
1968, 2 Aasen-dikt, normert	
Asbjørn Aarnes: <i>Norsk Poesi</i>	1 2 5 6 7 10
1983, 9 Aasen-dikt	
Brikt Jensen: <i>Norske dikt. Bd. 2</i>	1 2 5 6 7 10
1983, 12 Aasen-dikt, trur han bruker 1863-versjonen	
Brikt Jensen: <i>Vår egen litteratur</i>	1 2 5 6 7 10

¹³⁰ Eg har ikkje sett på lærebøkene for skulen. Det er opplagt at skulebøkene representerer ein svært viktig del av traderinga, og særleg tidleg på 1900-talet var det ikkje noko skarpt skilje mellom skulebøker og allmenne bøker når det gjaldt song og dikt.

1991, 2 Aasen-dikt	
Idar Stegane ofl.: <i>Norske tekster. Lyrikk</i>	1 2 6 7 10
1998, 7 Aasen-dikt	
<i>100 beste dikt</i>	1 2 6 7 10
1999, 4 Aasen-dikt, 1875-orig.	
Nils Arne Eggen og Ola By Rise: <i>Dikt i garderoben</i>	1 2 6 7 10 11 12
2001, 1 Aasen-dikt, frå Profil	

Når diktet er med, har utgivarane mest utan unntak brukt diktarens siste versjon. Det veit dei rett nok ikkje sjølve. I fleire tilfelle oppgir antologiredaktørane 1863-utgåva av *Symra* som kjelde for ein diktversjon som Ivar Aasen då enno ikkje hadde skrive. Det kan dei berre gjere fordi dei aldri har sjekka originalkjeldene, men henta førelegg frå ei seinare utgåve, og mest sannsynleg frå ein annan antologi. Den som er på leiting etter syndebukkar, kan ta til med Emil Boyson og Asbjørn Aarnes. I 1961 gav dei ut ein stor antologi *Norsk Poesi*. Der prenta dei ein versjon med strofene 1 2 5 6 7 10 og hevda at dette var henta frå *Symra* i 1863. Det var ikkje det. Dei hadde brukt versjonen frå Lauvduskar i 1868 – også her utan dei to siste «politiske» strofene. Då Brikt Jensen i 1980-åra laga to store antologiar, brukte han antologien til Boyson og Aarnes som førelegg og repeterte ein feil han tydeleg ikkje var klar over sjølv.

Sjølv meir nøyaktige litteraturvitarar har trødd feil. I antologien *Norske tekster* frå 1998 brukte Idar Stegane, Eiliv Vinje og Asbjørn Aarseth diktarens siste versjon. Dei tok seg ikkje bryet med å sjå etter kva som stod i 1875-utgåva av *Symra*. Difor står det i boka at diktet var henta frå 1863-utgåva.

Det diktantologiredaktørane likevel er nøye med, er å bruke den opphavlege rettskrivinga. Dei fleste songbøkene inneheld derimot versjonar med modifisert rettskriving. Det fører til ei forunderleg blanding av gamle og nyare former som i beste fall er uelegant. I si udaterte songbok kombinerte Arbeidernes Opplysniingsforbund (AOF) den gamle skrivemåten *millom* med den nye *oppå*. Jamvel den sær kompetente redaksjonen bak storverket *Norsk visebok* i 1993 snubla litt i orda; dei brukte Aasens opphavlege og no gamle former *uppå* og *deim*, men også den svært moderniserte forma *trelldommen*.¹³¹ Nei, den som vil ha gode modifiserte versjonar, bør hente tekstførelegg frå Bjarte Birkelands antologi over nynorsk lyrikk

¹³¹ Det hadde dei ikkje funne på sjølv. Dei brukte rett og slett den versjonen som stod på prent i mållagssongbøkene *Syng!* frå 1977 og *Syng meir!* frå 1982.

frå 1965, eller frå Ivar Grimstads *Songbok for pensjonistlag*, som første gongen kom ut i 1982.

No kan ikkje songbøker reknast med blant dei mest pålitelege skrifterne. Feilskrifta er ein del av deira vesen. Den eine songbokredaktøren skriv av etter den andre, lik munkane i mellomalderklostera. Sjølv det å kopiere kan vere krevjande, viser det seg. I ei songbok kan difor dei mest underlege feil dukke opp. Dei songane som er mest brukte, blir dermed også mest utsette for desse feilskriftene, og når ein feil først har festna seg, er den knapt mogleg å bli kvitt.

Slik er det også med «Nordmannen». I fjerde strofe tenkjer nordmannen som så: «Giv eg var i eit varmare land.» Ein gong var det einkvan som fekk det for seg at denne tanken skulle stå i hermeteikn. Kanskje meinte vedkomande at diktaren hadde oversett ein feil av di ei utsegn i strofe 2 faktisk var sett i hermeteikn frå diktarens side. Men Ivar Aasen skilde mellom det han tenkte og det han sa. Tanken i fjerde strofa er med i alle dei tre utgåvene av *Symra*, og i *Lauvduskar*. Ville diktaren setje inn hermeteikn, hadde han altså mange høve til å gjere det. Men han gjorde det aldri.¹³²

No kan ikkje denne feilen reknast til dei større i norsk litteratur- eller kulturhistorie. Det same gjeld for dei mange utgåvene der det *lavar* av blommar sjølv om diktaren skreiv *laver* og dette verbet hadde fram til nynirsknormalen av 2012 berre bøyinga *å lave, laver, lavde, har lavt*. Når det då er mogleg å tilrå Grimstads songbok som påliteleg førelegg for ei godt modifisert utgåve, er nok Ivar Grimstad sjølv ein del av forklaringa. Løyndomen heiter likevel Olav Hr. Rue. Det var han som var forlagsredaktør for denne boka, og det han gjorde, var av det slaget som alltid var påliteleg.

¹³² Det kan gleppe for den glupe også. Den alltid finlesande og nøyaktige skrivaren Terje Aarset brukte sjølv desse hermeteikna i si oppstilling av dei 11 trykte strofene av «Nordmannen» i *Møre-Nytt* 21.9.1996. Dei 11 strofene Aasen publiserte på ulike måtar, er i seinare tid blitt publiserte samla i fleire samanhengar. Felles for alle dei utgivingane eg har sett, er at dei inneheld fleire feil. Den som oppdagar slikt, blir skjelden for kva feil som kan dukke opp i ein artikkel eller ein fotnote om feil.

Etter at Ivar Aasen døydde, har det kome om lag ti utgåver med skrifter i samling eller utvalde skrifter.¹³³ Dei som har stått for desse utgåvene, har vore heilt konsekvente. Kvar gong har dei lagt til grunn diktarens siste versjon frå *Symra* i 1875, med eller utan modifisert rettskriving.

Det er visst knapt mogleg å gi ut ein større allmenn diktantologi i dette landet utan at eitt eller fleire Aasen-dikt er med. For ein antologiredaktør er det ikkje alltid stas å bruke dei same antologisviskene som alle andre har med, men det sprudlar ikkje av fantasi i utvala av Aasen-dikt i desse antologiane.

«Nordmannen» har levd sitt liv mellom songen og diktet, men blei så populær ein song at mange litteraturvitskaplege meiningsdannarar har definert det ut som dikt. Noka anna forklaring finn ikkje eg på at det ikkje er med i mange av dei mest lesne lyrikkantologiane frå dei siste tiåra. Ein kunne sjølv sagt seie med Halldis Moren Vesaas at samanlikna med Vinje sine dikt er det få understrenger i Aasens dikt.¹³⁴ Eller som Otto Hageberg skriv om «Nordmannen»: «Det er jo ikkje i og for seg genial poesi, men det er noko som ikkje fanst før, og som framleis har evna til å samla.»¹³⁵ Den evna har Rolf Vige sett presise ord på: I dei tre første strofene konsentrerer dikteren nær sagt heile noregshistoria og -geografien «i et minimum av ord med et maksimum av uttrykkskraft» der dikteren kombinerer historisk avstand med subjektiv nærleik.¹³⁶ Så er der då altså noko utover den formelle og rytmiske meisterskapen.

Åleine den kulturhistoriske rolla til dette diktet skulle elles vere meir enn nok til å kvalifisere for antologiar. Men Claes Gill utelet «Nordmannen» i storverket *Norges nasjonallitteratur* i 1967, Ivar Havnevik tok det aldri med i *Lyrikkboken* i 1971 med mange seinare opplag, eller i *Den store lyrikkboken* i 1998, og Knut Imerslund heldt «Nordmannen» utanfor i *Norsk lyrikk i 1000 år* i 1997. Det er i det minste interessant at Guri Vesaas ikkje

¹³³ Uendra opptrykk av tidlegare utgåver er ikkje rekna med. Den mest interessante av desse er den eittbandsutgåva av *Skrifter i samling* 1911–13 som Kjell Venås stod for i 1996.

¹³⁴ Dette sa ho til Olav Hr. Rue då han i 1980-åra bad henne om å skrive forord til *Ivar Aasens beste*. Fortalt av Rue til forfattaren.

¹³⁵ Otto Hageberg: «Ivar Aasen i norsk litteratur», i John Ole Askedal og Ann-Berit Aarnes Breder (red): *Ivar Aasen – vandreren og veiviseren*, Oslo 2002, s. 142.

¹³⁶ Rolf Vige: «Poesien hos Ivar Aasen», i John Ole Askedal og Ann-Berit Aarnes Breder (red): *Ivar Aasen – vandreren og veiviseren*, Oslo 2002, s. 164.

tok diktet med i trebandsverket *Barnebokskatten* i 2003, medan Astrid Holen same året fann det rett å ta med «Mellom bakkar og berg» i *Den store barnesangboka* – med dei to «politiske» strofene.

Her må eg vakte meg vel for å traske i eigne fotefar. Då eg i 1983 avslutta hovudfagsavhandlinga av høvesdikting i EF-striden 1970-72, skreiv eg at det eg ville var å rehabilitere høvesdiktinga i litteraturforskinga.¹³⁷ Alt er likevel ikkje som det var den gongen. Fleire studiar frå seinare tid kan tyde på at iallfall songlyrikken held på å bli eit akseptert forskingsobjekt.¹³⁸ Likevel kan det ta lang tid før antologiredaktørane tek slike perspektiv på alvor.

Diktaren og songarens val

Her kjem då eg til at det er fleire parallelle traderingsprosessar som har gitt «Nordmannen» den posisjonen dette songdiktet har i dag. Utgåvene med utvalde skrifter av diktaren har vore konsekvente i alle år og aldri prenta anna enn versjonen frå tredje utgåva av Symra. Utanom Olaus Alvestad har dei som kunne kallast etablerte fleirgenerasjons-songbøkene – som Mads Berg, Olaus Alvestad, Sven Moren og Lars Søråas – følgd diktarens vilje. Uventa mange antologiredaktørar har derimot gått eigne vegar, dels fordi dei neppe visste betre, dels fordi dei ville det. Lenge trudde eg at diktet hadde hatt ei fastare form enn songen, og eg skreiv: Diktet «Nordmannen» er ein meir eintydig tekst enn songen «Mellom bakkar og berg».

Slik er det altså ikkje. Den fleirstemmige tradinga har ført til at Ivar Aasens dikt frå 1875 finst i minst tre versjonar i diktantologiane og minst 15 i songbøkene. Særleg dei kulturelle prosessane som EF-striden 1970-72 utløyste, har fått følgjer for dette verket. I den grad der var ein relativt klar kjerneversjon av songen, gjekk denne meir eller mindre i oppløysing då dei gløymde strofene frå 1867–68 dukka opp att. Dei som skulle ordne tekstførelegg, blei usikre.

Strofene blei stokka om lag som var dei kort i ein kortstokk. Ingen stokka seg lenger bort frå diktarens eigen versjon enn Senterpartiet og

¹³⁷ Ottar Grepstad: *Balladen om Europa*, Oslo 1985, s. 10.

¹³⁸ To døme på dette er Erling Aadlands to studier i songlyrikk: *And the Moon is High. Noen forsøk på å lese Bob Dylan* (Oslo 1998) og om Leonard Cohen-tekstar i *Love itself* (Oslo 2003). Dessutan: Arild Linnebergs essay «En kirkegård av drømmer» om Joachim «Jokke» Nielsens poplyrikk i *Morgenbladet* 4.3.2004.

Halvdan Sivertsen. I si songbok frå 1977 brukte Senterpartiet denne rekjekfølgja: 1 2 6 11 12 7 15. Og i viseboka si frå 1998 presterte Halvdan Sivertsen ei like original samanstillinga: 1 2 6 11 7 12 10.

Versjonskaoset toppa seg då Noregs Mållag feira hundre år i 2006. Med kongen og kronprinsen til stades song festlyden på Det Norske Teatret ein versjon av «Nordmannen» som ikkje er funnen i nokon av dei mange songbøkene: 1 2 7 10 12. Til landsmøta i 2009 og 2010 presenterte Noregs Mållag ein heilt annan versjon, kombinert frå *Symra* 1863 og *Lauvduskar* 1868: 1 2 6 7 10 11 12 13 15.

«Nordmannen» hadde ikkje berre kome på folkemunne. Han var blitt så tradert at opphavlege tekstførelegg knapt var gyldige og iallfall ikkje kjende. Dei som i iveren etter å rette opp noko dei meinte var ei ugjerding mot Ivar Aasen, sette i staden traderingsprosessane i fare. Det ser ut til at sjølv ein så munnleg traderingsprosess som den songlyriske i siste instans er avhengig av skriftkulturens dynamikk og system for at grunnteksten ikkje skal gå i oppløysing.

Dette er ikkje noko nytt under sola. Mange diktarar er blitt overprøvde av ettertida. Mest kjende er salmebokutgivarane si framferd. Der Anders Vassbotn i «Å leva det er å elska» hadde skrive «spegla ein himmel av», endra dei til «spegla Guds himmel av». Diktarens lakoniske kommentar var at han kjende no berre til ein himmel. Og Jakob Sande skreiv «Og myrkret for evig batt» i si siste linje i «Det lyser i stille grender» frå 1931. Då songen kom med i *Norsk salmebok* i 1985, var linja endra til «Og døden for evig batt». Sjølv strauk Sande den femte strofa, som etter kvart også gjekk ut av kyrkjebruken.

Det tekstkritiske prinsippet er altså at det er diktarens siste versjon som gjeld. Det vil seie versjonen frå 1875. Berre nokre få rettskrivingsendringar skil denne versjonen frå den han hadde publisert i andre utgåva av *Symra* åtte år tidlegare. Sjølv om Aasen prøvde seg fram, blei han ståande ved den versjonen som han publiserte i 1867.

Eg ser ikkje anna enn gode grunnar for at ettertida bør respektere diktarens vilje og endelege skjøn. Det er dei fem strofene som har gitt «Nordmannen» den posisjonen som «Mellom bakkar og berg» har. All utvatning kan over tid vere utilsikta, men effektive bidrag til å svekkje denne posisjonen.

Det har ikkje «Nordmannen» fortent. Ikkje nordmennene heller.

Vedlegg 1

Ivar Aasens strofer til «Nordmannen»

Strofene er skrivne nøyaktig slik diktaren sjølv publiserte dei. Teiknsettjunga følgjer trykte versjonar der slike ligg føre.

NBO 915:14.8B, vinteren 1862–63 (fem strofer)

Aasen A, våren 1863, Djupedal A8: 1, arkiv Ivar Aasen-tunet (fem strofer)

NBO 915:14.6, april 1863 (fem strofer)

Aasen B, våren 1867, Djupedal A6: 1–2, arkiv Ivar Aasen-tunet (seks strofer)

NBO 915:14.8A, mai 1867 (seks strofer)

Aasen C, hausten 1867, Djupedal A1: 1, arkiv Ivar Aasen-tunet (seks strofer),

Aasen D, hausten 1867, Djupedal A1: 3, arkiv Ivar Aasen-tunet (strofe 5)

Aasen E, hausten 1867, Djupedal A1: 4, arkiv Ivar Aasen-tunet (seks strofer)

Aasen F, hausten 1867, Djupedal A4: 1–4, arkiv Ivar Aasen-tunet (variantar strofe 10)

Aasen G, hausten 1867, Djupedal A10: 1, arkiv Ivar Aasen-tunet (fire strofer og to variantar)

Aasen H, hausten 1867, Djupedal A10: 2, arkiv Ivar Aasen-tunet (to variantar strofe 10)

1

Millom Bakkar og Berg ut med Havet
hever Nordmannen fenget sin Heim, [3. utg: *heve*]
der han sjølv hever Tufterna gravet [3. utg.: *heve*]
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

NBO 915:14.8B, vinteren 1862–63

Aasen A, våren 1863

NBO 915:14.6, april 1863

NBO 915:14.8A, mai 1867

Aasen B, våren 1867

Aasen C, våren 1867

Aasen E, våren 1867

Symra, 1. utg. 1863, 2. utg. 1867, 3. utg. 1875

Studentersamfundet 17de Mai 1867

17 Mai [1867]

Lauvduskar II, 1868

2A

Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

Aasen B, våren 1867

NBO 915:14.8A, mai 1867
Aasen E, hausten 1867

Studentersamfundet 17de Mai 1867
17 Mai [1867]
Symra, 2. utg. 1867, 3. utg. 1875
Lauvduskar II, 1868

2B

Det var audt paa den steinutte Strandi
det var ingen som der hadde bygt
han laut sjølv reisa Huset med Handi
men so aatte han Bygnaden trygt.

Aasen C, hausten 1867

2C

Det var audt på dei steinutte Strender
det var ingen som der hadde bygt
der var Rom fyre grønkande Grender
der som Frendar fekk semja seg trygt

Aasen G, hausten 1867

2D [ufullstendig]

det var audt paa det st...
han laut byggja med sjølv sine Hender
men so aatte han Bygnaden trygt

Aasen G, hausten 1867

3A

Det var bratt i dei skrukkutte Rindom
men paa Heidi stod Smaaskogen tett
og der grønkade Gras millom Tindom
og i Høgdi var Livet so lett.

Aasen C, hausten 1867

3B

Det var bratt i dei stupande Rindom
men i Dokkom stod Lauvskogen tett
og der grønkade Gras millom Tindom
og i Høgdi var Livet so lett

Aasen G, hausten 1867

4

Og han vandest til Vaagnad og Møda,

der han laut vera herdig og sterk;
og han høyrer med Hugnad ei Røda
um stor Manndom og dugande Verk.

NBO 915:14.8B, 1862–63
Aasen A, våren 1863
NBO 915:14.6, april 1863

Symra, 1. utg. 1863

5A

Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.

Aasen B, våren 1867
NBO 915:14.8A, mai 1867

Studentersamfundet 17de Mai 1867
17 Mai [1867]
Lauvduskar II, 1868

5B

Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar
Men paa Heidom stod Grasvollen stridt
og han steig paa dei blaalega Tindar
og der saag han utyver so vidt

Aasen C, hausten 1867

5C

Under Fjellet var brekkutte Brauter
millom Hamrar og Skridor og Sand
men paa Heid var grasgøne Lauter
og der saag han so vidt yver Land

Aasen E, hausten 1867

6A

Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt at [1875: aa] leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

NBO 915:14.8A, mai 1867

Studentersamfundet 17de Mai 1867
17 Mai [1867]
Symra 2. utg. 1867, 3. utg. 1875
Lauvduskar II, 1868

6B

Han saag ut paa det baarutte Havet
der var vaagsamt at leggja utpaa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

Aasen B, våren 1867
Aasen E, hausten 1867

6C

Der var rømeleg Veg yver Havet
naar ein inkje paa Baara var rædd
den som lægjande saag ned i Kavet
Strandarguten i Skinnstakken klædd

Aasen G, hausten 1867

6D

Det var midt paa det baarutte Havet
der han ruggad, i Skinnstakken klædd
der han læjande saag ned i Kavet
og leet illa um den som var rædd

Aasen C, hausten 1867
Aasen G, hausten 1867

7

Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

NBO 915:14.8B, vinteren 1862–63
Aasen A, våren 1863
NBO 915:14.6, april 1863

Symra, 1. utg. 1863, 2. utg. 1867, 3. utg. 1875
Lauvduskar II, 1868

8

Og han lyddest til framande Strender,
der var alltid for trongt og for tett,
og han lengtade til sine Grender,
og paa Heimvegen gjekk det so lett.

NBO 915:14.8B, vinteren 1862–63

9

Han var før til at vaaga og strida,
og han likade dan, som var sterk,
og som inkje mot Faaren mun kvida,
der det spurdest um dugande Verk.

NBO 915:14.8B, vinteren 1862–63

10

Og naar Liderna grønkar som Hagar, [3. utg.: *grønka*]
naar det laver av Blomar på Straa,
og naar Næter er ljosa som Dagar,
kann han ingenstad vænare sjaa.

Sjå vedlegg 3 for mange manusvariantar av strofa og linjer i strofa

Symra, 2. utg. 1867, 3. utg. 1875
Lauvduskar II, 1868

11A

Sud um Havet han stundom laut skrida.
Der var Rikdom paa Benkjer og Bord;
men kring um saag han Trældomen kvida
og so vende han atter mot nord.

NBO 915:14.8A, mai 1867
Aasen C, hausten 1867

Studentersamfundet 17de Mai 1867
17 Mai [1867]
Lauvduskar II, 1868

11B

Sud um Havet han stundom laut sviva <kreka> (reka
der var Rikdom paa Benkjer og Bord
men kring um saag han Trældomen driva (kreka
og so vende han atter mot Nord

Aasen B, våren 1867
Aasen E, hausten 1867

11C

Sud um Havet han stundom laut skrida
Der var Rikdom og Stas nog at sjaa
men med Stasen var Trældom og Kvida
og so vende han seg derifraa

Aasen G, hausten 1867

12A

Lat no andre om Storleiken kivast,
lat deim bragla med Rikdom og Høgd!
Millom Kaksar eg litet kann trivast,
millom Jamningar helst er eg nøgd.

Aasen B, våren 1867
NBO 915:14.8A, mai 1867

Studentersamfundet 17de Mai 1867
17 Mai [1867]
Lauvduskar II, 1868

12B

Lat <daa> /no/ andre um Storleiken kivast
lat deim rivast um Rikdom og Høgd
Millom Trældom eg aldri kann trivast
Han er rik, som med litet er nøgd>

Aasen C, hausten 1867

12C

Lat no andre um Storleiken kivast
lat dem braga med Rikdom og Høgd
Millom Trælar eg aldri kann trivast
han er klok, som med litet er nøgd
eller
Millom Kaksar eg litet kann trivast
millom Jamningar best er eg nøgd.

Aasen E, hausten 1867

13

Naar han kom paa dei rikaste Leider,
saag han tidt at han litet var kjend;
men han visste ein Vyrndad og Heider,
som kann bu i den armaste Grend.

Aasen A, våren 1863
NBO 915:14.6, april 1863

Symra, 1. utg. 1863

14

Lat os vona, han endaa med Æra
um sin Rett maatte verja so vel,
at kvar lurande Tvingar maa læra,
at han fær inkje honom til Træl.

NBO 915:14.8B, vinteren 1862–63

15

«Lat deim hava den Æra, dei kunna,
og sin Rikdom og Styrke dertil,
naar som berre dei meg vilja unna
at faa raada min Arv [A: byggja mitt Land], som eg vil.»

Aasen A, våren 1863
NBO 915:14.6, april 1863

Symra, 1. utg. 1863

Vedlegg 2

Versjonar i åtte manuskript

Nunmmmer i parentes viser til strofenummer i vedlegg 1.

NBO 915:14.8A, 1862–63

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
hever Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv hever Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

{7} Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

[8] Og han lyddeest til framande Strender,
der var alltid for trongt og for tett,
og han lengtade til sine Grender,
og paa Heimvegen gjekk det so lett.

[9] Han var før til at vaaga og strida,
og han likade dan, som var sterk,
og som inkje mot Faaren mun kvida,
der det spurdest um dugande Verk.

[14] Lat os vona, han endaa med Æra
um sin Rett maatte verja so vel,
at kvar lurande Tvingar maa læra,
at han fær inkje honom til Træl.

Aasen A

Nummerert av Ivar Aasen

1. [1] Millom Bakkar og Ber utmed Havet &c
2. [4] Og han vandest til Vaagnad og Møda
Der han laut vera herdig og sterk
So han høyrer med Hugnad ei Røda
um stor Mandom og dugande Verk

3. [7] Fram paa Vetteren stundom han tenkte &c
4. [13] Naar han kom paa dei rikaste Leider
saag han tidt at han litet var kjend
men han visste ein Vyrtnad og Heider
som kann bu i den armaste Grend
5. [15] Lat deim hava den Æra dei kunna
og sin Rikdom og Styrke dertil
naar som berre dei meg vilja unna
at faa byggja mitt Land, som eg vil

NBO 915:14.6

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
hever Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv hever Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[4] Og han vandest til Vaagnad og Møda,
der han laut vera herdig og sterk;
og han høyrer med Hugnad ei Røda
um stor Manndom og dugande Verk.

[7] Fram paa Vetteren stundom han tenkte:
Giv eg var i eit varmare Land!
Men naar Vaarsol i Bakkarne blenkte,
fekk han Hug til si heimlege Strand.

[13] Naar han kom paa dei rikaste Leider,
saag han tidt at han litet var kjend;
men han visste ein Vyrtnad og Heider,
som kann bu i den armaste Grend.

[15] Lat deim hava den Æra, dei kunna,
og sin Rikdom og Styrke dertil,
naar som berre dei meg vilja unna
at faa raada min Arv, som eg vil.

Aasen B

Aasens nummerering

1. [1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
2. [2A] Han saag ut på dei steinutte Strender;

det var ingen, som der hadde bygt.
Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.

3. [5A] Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.

4. [6B] Han saag ut paa det baarutte Havet
der var vaagsamt at leggja utpaa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

5. [11B] Sud um Havet han stundom laut sviva / skrida
der var Rikdom paa Benkjer og Bord
men kring um saag han Trældomen driva / kvida
og so vende han atter mot Nord.

6. [12A] Lat no andre om Storleiken kivast,
lat deim bragla med Rikdom og Høgd!
Millom Kaksar eg litet kann trivast,
millom Jamningar helst er eg nøgd.

NBO 915:14.8B

[1] Millom Bakkar og Berg ut med Havet
Heve Nordmannen fenget sin Heim,
der han sjølv hever Tufterna gravet
og sett sjølv sine Hus uppaa deim.

[2] Han saag ut på dei steinutte Strender;
det var ingen, som der hadde bygt.
«Lat oss rydja og byggja oss Grender,
og so eiga me Rudningen trygt.»

[5] Kring um Dalen stod Fjelli som Grindar,
men um Bergi var grasgrøne Band;
der han gjekk millom Heidar og Tindar,
og der saag han so vidt yver Land.

[6] Han saag ut paa det baarutte Havet;
der var ruskutt aa leggja ut paa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

[11] Sud um Havet han stundom laut skrida.
Der var Rikdom paa Benkjer og Bord;
men kring um saag han Trældomen kvida,
og so vende han atter mot nord.

[12] Lat no andre om Storleiken kivast,
lat deim bragla med Rikdom og Høgd!
Millom Kaksar eg litet kann trivast,
millom Jamningar helst er eg nøgd.

Aasen C

[1] Millom Bakkar og Ber ut med Havet
o. s. v.

< [2B] Det var audt paa den steinutte Strandi
det var ingen som der hadde bygt
Han laut sjølv reisa Huset med Handi
men so aatte han Bygnaden trygt

[3A] Det var bratt i dei skrukkute Rindom
men paa Heidi stod Smaaskogen tett
og der grønkade Gras millom Tindom
og i Høgdi var Livet so lett.

[6C] Det var vidt paa det baarutte Havet
der han ruggad, i Skinnstakken klædd,
der han læjande saag ned i Kavet
og leet illa um den som var rædd

[11A] Sud um Havet han stundom laut skrida
der var Rikdom og Høgferd at sjaa
men med rikdom gjekk Trældom ved Sida
og so vende han seg derifraa.

[12B] Lat <daa> /no/ andre um Storleiken kivast
lat deim rivast um Rikdom og Høgd
Millom Trældom eg aldri kann trivast
Han er rik, som med litet er nøgd>

Aasen E

[1] Millom Bakkar

[2A] Han saag ut paa steinutte Strender
det var ingen som der hadde bygt
Lat oss rydja og byggja oss Grender
og so eiga med Rudningen trygt.

[5C] Under Fjellet var brekkutte Brauter
millom Hamrar og Skridor og Sand
men paa Heid var grasgøne Lauter
og der saag han so vidt yver Land

[6B] Han saag ut paa det baarutte Havet
der var vaagsamt at leggja utpaa;
men der leikade Fisk ned i Kavet,
og den Leiken den vilde han sjaa.

[11B] Sud um Havet han stundom laut sviva <kreka> (reka
der var Rikdom paa Benkjer og Bord
men kring um saag han Trældomen driva (kreka
og so vende han atter mot Nord

[12C] Lat no andre um Storleiken kivast
lat dem braga med Rikdom og Høgd
Millom Trælar eg aldri kann trivast
han er klok, som med litet er nøgd
eller
Millom Kaksar eg litet kann trivast
millom Jamningar best er eg nøgd.

Aasen G

Aasens nummerering og rekkjefølgje

<[2C] Det var audt på dei steinutte Strender
det var ingen som der hadde bygt
der var Rom fyre grønkande Grender
der som Frendar fekk semja seg trygt

[6C] Der var rømeleg Veg yver Havet
naar ein inkje paa Baara var rædd
den som lægjande saag ned i Kavet
Strandarguten i Skinnstakken klædd

3. [6D] Det var midt paa det baarutte Havet
der han ruggad, i Skinnstakken klædd
der han læjande saag ned i Kavet
og leet illa um den som var rædd

1. [2D] det var audt paa dei st...
han laut byggja med sjølv sine Hender
men so aatte han Bygnaden trygt

2. [3B] Det var bratt i dei stupande Rindom
men i Dokkom stod Lauvskogen tett
og der grønkade Gras millom Tindom
og i Høgdi var Livet so lett

[11C] Sud um Havet han stundom laut skrida
Der var Rikdom og Stas nog at sjaa
men med Stasen var Trældom og Kvida
og so vende han seg derifraa>

Vedlegg 3

Variantar av strofe 10

Rekkjefølgja er som i manuskripta, men nummereringa er sett til her.

Aasen F

10.1

Og naar Liderna grønka som Hagar
og naar Bakken fær Blomarne paa
og naar Næter er ljosa som Dagar
d. kann eg ingenstad venare sjaa.

10.1.a

og naar Landet fær Blomduken paa
kann eg aldri eit venare sjaa.

10.1.b

og naar Engi fær Blomarne paa
kann eg aldri det venare faa

10.1.c

og naar Bakken fær Blomarne paa
kann eg ingenstad fagrare faa.

10.1.d

naar det laver av Blomar paa Straa
kann han ingenstad venare sjaa

10.2

Og naar Liderna grønka som Hagar
naar det lyser /blenkjer/ av Blom <paa> /i/ kvar Strand
og naar Næter er ljosa som Dagar,
veit eg aldri eit venare Land.

10.3

Og naar Liderna grønka som Hagar,
naar det laver av Blomar og Blad,
og naar Næter er ljosa som Dagar
veit eg aldri ein venare Stad.

10.4

Og naar Liderna grønka som Hagar
naar det blomast i Berg /Dal/ og i Strand
og naar Næter er ljosa som Dagar
veit eg aldri eit venare Land

10.5

Og naar Liderna grønka som Hagar
naar det glansar av Blomar og Sol
og naar Næter er ljosa som Dagar
veit eg aldri eit venare Bol.

10.5.a

- av Sol og av Blom
- eit venare Rom.

10.6

Naar det grønkast til høgaste Heidom
og naar Næterna lysa som Dag
veit eg aldri paa vidaste Leidom
nokot Land med eit venare Lag

10.7

Her er Stunder, daa ingen skal frjosa
som er annat en Isar og Snjo
naar at Næter som Dagen er ljosa
og det blomast fraa Fjell og til Sjo.

10.8

Naar det grønkast i Holt og i Hagar
naar det laver af [sic] Blomar paa Straa
og naar Næterna lysa som Dagar
kann eg venare Land ikkje sjaa

10.9

Naar som Liderna grønka som Hagar,
og naar Blomarne standa paa Straa
og naar Næter er ljosa som Dagar
aldri venare Land kann eg sjaa.

10.10

Naar paa framande Strender han flakkar
ser han ofta ein yndeleg Stad,
men so lengtar han til sine Bakkar,
og paa Heimvegen fyrst er han glad.

10.11

Og naar Lider vardt grøna som Hagar
naar i Blomen det glittrad og <skei> gleim
og naar Næter vardt ljosa som Dagar
saag han aldri ein venare Heim.

10.12

Og naar Liderna grønka som Hagar
naar i Blomen det ljoskar /blenkjer/ og skin
og naar Næter er ljosa som Dagar
veit eg aldri ein Heimstad som min.

10.12.a

naar i Blomen det glimar og glaar
veit eg aldri ein Heimstad som vaar

10.12.b

og naar Blomarne blenkja som mest
veit eg Landet, som eg likar best

10.12.c

og naar Engi sitt Blomskifte fær
er det ingenstad venar' en her

10.12.d

og naar Blomen um Bakkarne stend
veit eg aldri ei venare Grend

10.12.e

og naar Landet med Blomar er prydt
veit eg ingen, eg med vilde bytt.

Aasen H

10.13

Naar som Liderna grønkast i Felden
naar det blømer i Dal og paa Strand
Naar som Morgonen møtest med Kvelden
kvar er daa vel eit ljosare Land?

10.14

Naar som Grasvollen grønkast paa Heidom
og naar Næterne lysa som Dag
veit eg aldri paa vidaste Leidom
nokot Land med eit vênare Lag.

Vedlegg 4

Strofer i manuskript og trykk

14 manuskript og korrekturtrykk

Manuskript F inneheld berre ei strofe, medan manuskript G inneheld 21 variantar av heile eller delar av strofe 10, og manuskript H to variantar av strofe 10.

NBO 915:14.8A, 1862–63	1					7	8	9					14	
Aasen A, våren 1863	1			4		7							13	15
NBO 915:14.6, april 1863	1			4		7							13	15
NBO 915:14.7A, 1863	1					7	8	9					14	
Aasen B, våren 1867	1	2A			5A	6B					11B	12A		
NBO 915:14.8B, mai 1867	1	2			5	6					11	12		
Aasen C, hausten 1867	1	2B	3A			6C					11A	12B		
Aasen D, hausten 1867					5A									
Aasen E, hausten 1867	1	2A			5C	6B					11B	12C		
Aasen F, hausten 1867										10.1-12				
Aasen G, hausten 1867		2C 2D	3B			6C 6D					11C			
Aasen H, hausten 1867										10.13-14				
NBO 915:14.7B, 19.11.1874	1	2				6	7			10				
NTNU, vår 1875	1	2				6	7			10				

Seks trykk

Symra, juni 1863	1			4			7						13		15
17de Mai 1867	1	2			5	6					11	12			
17 Mai [1867]	1	2			5	6					11	12			
Symra, desember 1867	1	2				6	7			10					
Lauvduskar, juni 1868	1	2			5	6	7			10	11	12			
Symra, mai 1875	1	2				6	7			10					

Ivar Aasens språkreiser

1842–1883

År	Dato		Reiserute		Reise- måte	Da- gar	Km	
	Frå	Til	Frå	Til			Veg	Båt
1842	29.9.	29.9.	Ekset i Volda	Kile i Volda	Båt	1		3
	29.9.	29.9.	Kile i Volda	Naustdal ved Nordfjordeid	Veg	1	40	
	30.9.		Naustdal ved Nordfjordeid			4		
	4.10.	4.10.	Naustdal ved Nordfjordeid	Sandane	Båt	1		45
			Sandane	Førde i Breim	Båt,veg		6	17
	5.10.	5.10.	Førde i Breim	Skei i Jølster	Veg	1	11	
			Skei i Jølster	Vassenden	Båt			17
			Vassenden	Hafstad i Førde	Veg		19	
	6.10.	6.10.	Hafstad i Førde	Vadheim i Sogn	Veg	1	40	
	7.10.	7.10.	Vadheim i Sogn			1		
	8.10.	8.10.	Vadheim i Sogn	Frønningen i Sogn	Båt	1		102
	9.10.	9.10.	Frønningen i Sogn	Lærdalsøyri i Sogn	Båt	1		25
	10.10.	18.10.	Lærdalsøyri			9		
	19.10.	19.10.	Lærdalsøyri i Sogn	Kroken i Sogn	Båt	1		30
	20.10.		Kroken			1		
	21.10.	21.10.	Kroken i Sogn	Solvorn i Sogn	Båt, veg	1		9
	22.10.	22.10.	Solvorn i Sogn	Sogndal i Sogn	Veg	1	15	
	23.10.	31.12.	Sogndal i Sogn			70		
1843	1.1.	27.2.	Sogndal i Sogn			58		
	28.2.	28.2.	Sogndal i Sogn	Vik i Sogn	Båt	1		45
	1.3.	7.3.	Vik i Sogn			7		
	8.3.	8.3.	Vik i Sogn	Råsholmen i Sogn	Båt	1		45
	9.3.	9.3.	Råsholmen i Sogn	Hellebøen i Sogn	Båt	1		23
	10.3.	17.3.	Hellebøen i Sogn			8		
	18.3.	18.3.	Hellebøen i Sogn	Sygnefest i Sogn	Båt	1		23
	19.3.		Sygnefest i Sogn			1		
	20.3.	20.3.	Sygnefest i Sogn	Eivindvik i Sogn	Bår	1		11
	21.3.	12.5.	Eivindvik i Sogn			52		
	13.5.	13.5.	Eivindvik i Sogn	Fonnebost	Båt	1		28
	14.5.	15.5.	Fonnebost	Hamre	Veg	2	45	
	16.5.	17.5.	Hamre			2		
	18.5.	18.5.	Hamre	Steinestø	Veg	1	6	
	18.5.	19.5.	Steinestø	Haus	Veg	2	17	
	20.5.	1.6.	Haus			12		
	2.6.	2.6.	Haus	Bergen	Veg	1	34	
	3.6.	21.6.	Bergen			19		
	21.6.	21.6.	Bergen	Litlebergen i Meland	Veg	1	17	
	22.6.	31.12.	Litlebergen i Meland			193		
1844	1.1.	18.3.	Litlebergen i Meland			78		
	19.3.	19.3.	Litlebergen i Meland	Faugstad i Vaksdal	Båt,veg	1	6	45

	20.3.	20.3.	Faugstad i Vaksdal	Evanger i Voss	Veg	1	6	
	21.3.	21.3.	Evanger	Vossevangen	Veg,båt	1	28	6
	22.3.	25.4.	Vossevangen			35		
	26.4.	26.4.	Vossevangen	Granvin	Veg,båt	1	34	6
	27.4.		Granvin			1		
	28.4.	28.4.	Granvin	Ullensvang	Båt	1		23
	29.4.	18.6.	Ullensvang			51		
	19.6.	19.6.	Ullensvang	Strandebarm	Båt	1		45
	20.6.	25.6.	Strandebarm			6		
	26.6.	26.6.	Strandebarm	Hellvik i Kvinnherad	Båt	1		34
	27.6.	27.6.	Hellvik i Kvinnherad	Skånevik	Båt	1		34
	28.6.	3.9.	Skånevik			68		
	4.9.	4.9.	Skånevik	Sandeid	Veg	1	32	
	5.9.	5.9.	Sandeid	Hinnarå	Båt	1		25
	6.9.	8.9.	Hinnarå			3		
	9.9.	9.9.	Hinnarå	Judaberg	Båt	1		23
	10.9.	13.9.	Judaberg			4		
	14.9.	14.9.	Judaberg	Stavanger	Båt	1		23
	15.9.	17.9.	Stavanger			3		
	18.9.	18.9.	Stavanger	Mossige i Time	Veg	1	34	
	19.9.	29.10.	Mossige i Time			41		
	30.10.	30.10.	Mossige i Time	Hårr	Veg	1	19	
	31.10.	31.10.	Hårr	Egersund	Veg	1	32	
	1.11.	1.11.	Egersund	Svalestad	Veg	1	14	
	2.11.	3.11.	Svalestad			2		
	4.11.	4.11.	Svalestad	Lund	Veg	1	45	
	5.11.	5.11.	Lund	Feda	Veg	1	51	
	6.11.	11.11.	Feda			6		
	12.11.	12.11.	Feda	Bergsåker	Veg	1	28	
	13.11.	13.11.	Bergsåker	Vigeland	Veg	1	23	
	14.11.		Vigeland			1		
	15.11.	15.11.	Vigeland	Holmen	Veg	1	37	
	16.11.	18.11.	Holmen			3		
	19.11.	19.11.	Holmen	Kristiansand	Veg	1	34	
	20.11.	21.11.	Kristiansand			2		
	22.11.	22.11.	Kristiansand	Kile	Veg	1	51	
	23.11.	23.11.	Kile	Faret	Veg	1	28	
	24.11.	24.11.	Faret	Longerak	Veg	1	34	
	25.11.	25.11.	Longerak	Langeid	Veg	1	45	
	26.11.	26.11.	Langeid	Homme	Veg	1	34	
	27.11.	5.12.	Homme			9		
	6.12.	6.12.	Homme	Langeid	Veg	1	34	
	7.12.	7.12.	Langeid	Nese	Veg	1		
	8.12.	8.12.	Nese	Longerak	Veg	1	34	
	9.12.	9.12.	Longerak	Faret	Veg	1	34	
	10.12.	10.12.	Faret	Reiarsdal	Veg	1		
	11.12.	11.12.	Reiarsdal	Kristiansand	Veg	1	90	
	12.12.	31.12.	Kristiansand			20		
1845	1.1.	7.1.	Kristiansand			8		
	8.1.	8.1.	Kristiansand	Tveite	Veg	1	36	
	9.1.	9.1.	Tveite	Lærestveit	Veg	1	45	
	10.1.	10.1.	Lærestveit	Fiane	Veg	1	32	
	11.1.	15.1.	Fiane			5		

16.1.	16.1.	Fiane	Mosberget	Veg	1	23	
17.1.	17.1.	Mosberget	Åmli	Veg	1	28	
18.1.	18.1.	Åmli	Øy	Veg	1	23	
19.1.	19.1.	Øy	Haugsjåasund	Veg	1	11	
20.1.	20.1.	Haugsjåasund	Bakke i Nissedal	Veg	1	45	
21.1.	21.1.	Bakke i Nissedal	Spjotsodd	Veg	1	34	
22.1.	22.1.	Spjotsodd	Seljord	Veg	1	34	
23.1.	14.5.	Seljord			111		
15.5.	15.5.	Seljord	Sundbø	Veg	1	11	
16.5.	16.5.	Sundbø	Kåsa i Heddal	Veg	1	36	
17.5.	17.5.	Kåsa i Heddal	Heibø	Veg	1	17	
18.5.	18.5.	Heibø	Kongsberg	Veg	1	28	
19.5.	21.5.	Kongsberg			3		
22.5.	22.5.	Kongsberg	Langebru	Veg	1	23	
23.5.	23.5.	Langebru	Bjørndalen	Veg	1	23	
24.5.	24.5.	Bjørndalen	Vikersund	Veg	1	45	
		Vikersund	Norderhov	Båt,veg		11	6
25.5.		Norderhov			1		
26.5.	26.5.	Norderhov via Bråten	Gren i Krødsherad	Veg	1	40	
27.5.	27.5.	Gren i Krødsherad	Gulsvik	Veg	1	28	
28.5.	28.5.	Gulsvik	Nes i Hallingsdal	Veg	1	45	
29.5.	13.7.	Nes i Hallingdal			46		
14.7.	14.7.	Nes i Hallingdal	Gulsvik	Veg	1	45	
15.7.	15.7.	Gulsvik	Gren i Krødsherad	Veg	1	28	
16.7.	16.7.	Gren i Krødsherad	Bråten	Veg	1	40	
17.7.		Bråten			1		
18.7.	18.7.	Bråten	Jonsrud	Veg	1	32	
19.7.	19.7.	Jonsrud	Christiania	Veg	1	23	
20.7.	27.7.	Christiania			8		
28.7.	28.7.	Christiania	Jonsrud	Veg	1	23	
29.7.	29.7.	Jonsrud	Bråten	Veg	1	32	
30.7.	31.7.	Bråten			2		
1.8.	1.8.	Bråten	Engnes	Veg	1	34	
2.8.	2.8.	Engnes	Tingvoll	Båt	1		62
3.8.		Tingvoll			1		
4.8.	4.8.	Tingvoll	Bruflat	Veg	1	34	
5.8.	5.8.	Bruflat	Strand (Fagernes)	Veg	1	34	
6.8.	6.8.	Strand (Fagernes)	Løken	Veg	1	20	
7.8.	16.8.	Løken			10		
17.8.	17.8.	Løken	Strand (Fagernes)	Veg	1	20	
18.8.	18.8.	Strand (Fagernes)	Bruflat	Veg	1	34	
19.8.	19.8.	Bruflat	Tingvoll	Veg	1	34	
20.8.	20.8.	Tingvoll	Mustad	Veg	1	25	
21.8.		Mustad			1		
22.8.	22.8.	Mustad	Ringsaker	Veg	1	17	
23.8.	27.8.	Ringsaker			5		
28.8.	28.8.	Ringsaker	Lillehammer	Veg	1	45	
29.8.	29.8.	Lillehammer	Holmen	Veg	1	32	
30.8.	30.8.	Holmen	Oden	Veg	1	41	
31.8.	31.8.	Oden	Solheim	Veg	1	41	
1.9.	1.9.	Solheim	Formo i Sel	Veg	1	11	
2.9.	2.11.	Formo i Sel			63		
3.11.	3.11.	Formo i Sel	Tofte	Veg	1	28	
4.11.	4.11.	Tofte	Fokstua	Veg	1	45	

1846	5.11.	5.11.	Fokstua	Kongsvollen	Veg	1	32	
	6.11.	6.11.	Kongsvollen	Aune i Oppdal	Veg	1	42	
	7.11.	7.11.	Aune i Oppdal	Berkåk	Veg	1	37	
	8.11.	8.11.	Berkåk	Vollum	Veg	1	43	
	9.11.		Vollum			1		
	10.11.	10.11.	Vollum	Ust	Veg	1	30	
	11.11.	11.11.	Ust	Trondheim	Veg	1	14	
	12.11.	31.12.	Trondheim			49		
	1.1.	20.5.	Trondheim			141		
	21.5.	21.5.	Trondheim	Kristiansund	Båt	1		171
	22.5.	22.5.	Kristiansund	Dønnem	Båt,veg	1	3	23
	23.5.	22.6.	Dønnem			30		
	23.6.	23.6.	Dønnem	Stangvik	Båt,veg	1	40	
	24.6.	24.6.	Stangvik	Sæter	Veg	1	34	
	25.6.	25.6.	Sæter	Garberg	Veg	1	30	
	26.6.	26.6.	Garberg	Bergem	Veg	1	17	
	27.6.	7.8.	Bergem			42		
	8.8.	8.8.	Bergem	Orkdalsøra	Veg	1	23	
	9.8.	11.8.	Orkdalsøra			3		
	12.8.	12.8.	Orkdalsøra	Agdenes	Båt	1		23
	13.8.	13.8.	Agdenes	Beian	Båt	1		34
	14.8.	2.9.	Beian			19		
	3.9.	3.9.	Beian	Bjørøya	Båt	1		
	4.9.		Bjørøya			1		
	5.9.	5.9.	Bjørøya	Hellesvika Alstahaug	Båt	1		220
	6.9.		Hellesvika Alstahaug			1		
	7.9.	7.9.	Hellesvika Alstahaug	Kulstad	Veg	1	45	
	8.9.	18.9.	Kulstad			11		
	19.9.	19.9.	Kulstad	Luktassli	Veg	1	23	
	20.9.	20.9.	Luktassli	Bænneshvik	Veg,båt	1		23
	21.9.	22.9.	Bænneshvik			2		
	23.9.	23.9.	Bænneshvik	Luktassli	Veg	1	23	
	24.9.	24.9.	Luktassli	Kulstad	Veg	1	23	
	25.9.	4.10.	Kulstad			11		
	5.10.	5.10.	Kulstad	Søvik	Båt,veg	1	45	
	6.10.	12.10.	Søvik			7		
	13.10.	13.10.	Søvik	Alstahaug	Båt	1		
	14.10.	14.10.	Alstahaug	Kråkøya	Båt	1		135
	15.10.		Kråkøya			1		
	16.10.	16.10.	Kråkøya	Strand	Båt,veg	1	26	
	17.10.	17.10.	Strand	Fosnes	Veg	1	28	
	18.10.	18.10.	Fosnes	Hals	Veg	1	14	
	19.10.	19.10.	Hals	Havik	Veg	1	3	
	20.10.	1.11.	Havik			13		
	2.11.	2.11.	Havik	Årgård	Veg,båt	1		34
	3.11.	3.11.	Årgård	Steinkjer	Veg	1	43	
	4.11.		Steinkjer			1		
	5.11.	5.11.	Steinkjer	Svepstad	Veg	1	9	
	6.11.	1.12.	Svepstad			25		
	2.12.	2.12.	Svepstad	Holmen	Veg	1	20	
	3.12.	3.12.	Holmen	Frosta	Veg	1	37	
	4.12.	4.12.	Frosta	Strinda	Båt	1		40
	5.12.	5.12.	Strinda	Trondheim	Veg	1	15	

1847	5.12.	31.12.	Trondheim			27		
	1.1.	7.9.	Trondheim			251		
	8.9.	8.9.	Trondheim	Ler	Veg	1	32	
	9.9.	9.9.	Ler	Kirkevoll	Veg	1	47	
	10.9.	10.9.	Kirkevoll	Hov	Veg	1	37	
	11.9.	11.9.	Hov	Os	Veg	1	49	
	12.9.	12.9.	Os	Engen i Tyllidalen	Veg	1	53	
	13.9.	13.9.	Engen i Tyllidalen	Åkre	Veg	1	54	
	14.9.	14.9.	Åkre	Vestgård	Veg	1	27	
	15.9.	15.9.	Vestgård	Opphus	Veg	1	30	
	16.9.	19.9.	Opphus			4		
	20.9.	20.9.	Opphus	Åset	Veg	1	29	
	21.9.	21.9.	Åset	Gaustad	Veg	1	47	
	22.9.	22.9.	Gaustad	Minne	Veg	1	45	
	23.9.	23.9.	Minne	Kløfta	Veg	1	41	
	24.9.	24.9.	Kløfta	Christiania	Veg	1	36	
